

Endringar i talemålet i Åram på Søre Sunnmøre

Ei sosiolingvistisk gransking i tilsynelatande tid

Anna Lianes
Studentnummer: 182916



Masteroppgåve i nordisk litteratur og språk
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

Universitetet i Bergen

Haust 2013

Takk til:

Helge Sandøy for fantastisk oppfølging og rettleiing.
Edit Bugge for all hjelp. Det hadde aldri gått utan deg.
Bente Selback for di vanvittige nøyaktigheit, effektivitet og fantastisk rolege vesen.
Randi Neteland for god hjelp og gode samtalar.
Trond Minde fordi du er verdens snillaste og mest hjelpsame mann.
Elinn Devold Myklebust for støttande ord og for at du alltid har tid til terapeutiske samtalar.
Hild Meland Rød for utallige tekoppar og gode stunder.
Randi Ødegård og Per Sigmund Sævik Bøe.
Resten av tirsdagsmøtegjengen. De har vore ei stor inspirasjonskjelde.
Lydia Eidsnes. Innspurten hadde ikkje vorte det same utan deg.
Janne Sønnesyn.

Takk til:

Mamma for at du alltid høyrer på meg og gir gode råd. Din kunnskap overgår alt. Denne oppgåva er til deg.
Pappa for hjelp til feltarbeid og god støtte.
Odd Morten for all troyst og tolmod.
Aina Yvonne for at du må lytte til mitt konstante gnål heile tida.
Alle vener som har høyrte meg prate om prosjektet mitt og tilhøyrande utfordringar alt for lenge.

Takk til:

Alle informantar. De veit ikkje kor mykje velviljen og innsatsen dykkar har betydd for meg.
Åram sogelag for gamle opptak og uvurderleg hjelp. Ein spesiell takk til Olav Høgset, Oddrun Kobbervik Oldeide og Agnes Kobbervik for ekstraopplysningar.
Rektor på Myklebust skule, Eldar Knardal. Lærarar som lot meg bruke undervisningstid.

Takk til:

Dialektendringsprosessar som har gitt meg økonomisk støtte til feltarbeid og ikkje minst til utallige seminar og konferansar. Det har vore svært berikande.
Uni Digital for hjelp med det tekniske.
Alle andre som har vore involvert på ein eller annan måte.

Gratulerer til:

Meg sjølv.

Innholdsliste

1. Bakgrunn for oppgåva	8
1.1 Strukturen i oppgåva	8
1.2 Dialektendringsprosessar	8
1.3 Problemstillingar	9
1.4 Tidlegare sosiolingvistisk forskning	9
2. Åram og Vanylven kommune	11
2.1 Geografi	11
2.2 Tidleg tid	13
2.3 Befolkningsutvikling	13
2.4 Yrkesval	14
2.5 Kultur	15
2.6 Skulestruktur	17
2.7 Vanylven kommune	17
2.8 Vanylven og Sande i regionen	19
2.9 Pendlestatistikk	20
2.10 Dialekten på Sunnmøre	21
2.10.1 Tidlegare arbeid	21
2.10.2 Sunnmørsk – ei grein av nordvestlandsk	21
2.11 Grammatikkskisse for det tradisjonelle talemålet	25
2.11.1 Foneminventar hos dei eldre informantane	25
2.11.2 Morfologi	28
2.11.3 Syntaks	30
2.12 Grammatikkskisse for dei yngste informantane	30
2.12.1: Foneminventar	30
2.12.2 Morfologi	31
2.13. Variabelliste	33
3. Teori	38
3.1 Kvifor skjer språkendingane?	38
3.2 Korleis skjer språkendingane?	42
3.2. Regionalisering eller standardisering?	43
3.3 Meir om språkending	46
3.4 Fleire sosiale variablar	47
3.4.1 Kjønn	47
3.4.2 Alder	49
3.4.3 Yrkeskontaktflate	49
3.4.4 Sosial klasse	50
3.5 Språksamfunnet	51
3.5.1 Språkending i ulike språksamfunn	52
3.6 Språk og identitet	53
3.6.1 Språklege normer	54
3.6.2 Akkommodasjon	54
3.7 Hypotesar	55
3.7.1 H1: Alder	55
3.7.2 H2: Kjønn og alder	55
3.7.3 H3: Yrkeskontaktflate	55
3.7.4 H4: Sosial klasse	55
4. Metode	56
4.1 Kvalitativ eller kvantitativ metode?	56
4.1.2 Korleis samle inn?	57
4.1.3 Korleis velje variablar?	58
4.1.3.1 Utval av variablar i denne undersøkinga	58

4.2 Verkeleg tid / Tilsynelatande tid – Problematikk i materialet.....	58
4.3 Dei gamle opptaka.....	60
4.3.1 Informantutval – gammalt materiale.....	60
4.3.2 Matrise: Gammalt materiale.....	61
4.4 Informantutval 2012.....	62
4.4.1 Matrise: Nytt materiale.....	64
4.5 Gjennomføring av nye intervju.....	65
4.5.1 Opptakssituasjon.....	65
4.5.1.1 Dei yngre.....	65
4.5.1.2 Midtgruppa/eldre.....	65
4.5.1.3 Samtalen.....	65
4.5.1.4 Behandling av materialet.....	66
5. Resultat.....	69
5.1 Statistikk.....	69
5.1.1 Oversikt over årsklassene.....	69
5.1.2 Signifikansgrensene.....	70
5.2 Aldersklasse.....	70
5.2.1 Oppsummering: Aldersklasse.....	83
5.3 Kjønn og aldersklasse.....	84
5.3.1 Oppsummering – kjønnsforskjellar.....	89
5.4 Yrkeskontaktflate – utan ungdomane.....	89
5.4.1 Oppsummering – yrkeskontaktflate utan ungdomane.....	93
5.5 Sosial klasse.....	94
6 Drøfting.....	95
6.1 Aldersklasse.....	95
6.1.1 V01-V04: Frå ”kortformer” til ”fullformer” i trykklett posisjon.....	95
6.1.2 V05-V06: Frå diftong til monoftong.....	97
6.1.3 V07: Endring i norrøn é.....	98
6.1.4. V08: Endring i uttale av <i>d</i> i innlyd og utlyd.....	99
6.1.5 V09 Utvikling av palatalisering.....	100
6.1.6 V10 Utvikling av rt-samband.....	101
6.1.7 V11 – Endring i svarabhaktivokal i adjektiv.....	102
6.2 Kva kan endringane i aldersklasse fortelje?.....	102
6.3 Alder og kjønn.....	104
6.4 Yrkeskontaktflate utan ungdomar.....	105
6.5 Sosial klasse.....	106
6.6 Svar på hypotesane.....	107
6.7 Regionalisering?.....	108
6.8 Vidare arbeid.....	109
6.9 Konklusjon og avslutning.....	109
Litteraturliste.....	111
Vedlegg.....	116
Vedlegg 1: Liste over informantar.....	116
Vedlegg 2: Treff på individnivå.....	117
Vedlegg 3: Sosial klasse.....	139
Vedlegg 4: Yrkeskontaktflate med og utan ungdomane.....	142
Vedlegg 5 – ord merka i V08: <i>d</i> i innlyd og utlyd.....	144
Vedlegg 6: Samtykkjeskjema for ungdomar.....	147
Vedlegg 7 – Samtykkjeskjema for vaksne.....	149
Vedlegg 8: Samtalegaid.....	150
Vedlegg 9: Oppsummering.....	156
Vedlegg 10: Abstract.....	157

Tabellar

Tabell 1: Konsonantoversikt – dei eldste informantane.....	25
Tabell 2: Monoftongoversikt – dei eldste informantane.....	25
Tabell 3: Diftongoversikt – dei eldste informantane.....	26
Tabell 4: Bøyingsmønster for substantiv – dei eldste informantane.....	28
Tabell 5: Bøyingsmønster for verb – dei eldste informantane.....	29
Tabell 6: Personlege pronomener – dei eldste informantane.....	29
Tabell 7: Konsonantoversikt – dei yngste informantane.....	30
Tabell 8: Monoftongoversikt – dei yngste informantane.....	30
Tabell 9: Bøyingsoversikt for substantiv – dei yngste informantane.....	31
Tabell 10: Bøyingsoversikt for verb – dei yngste informantane.....	32
Tabell 11: Personlege pronomener – dei yngste informantane.....	32
Tabell 12: Oversikt over aldersklasser og opptaksår.....	59
Tabell 13: Matrise – gammalt materiale.....	61
Tabell 14: Matrise – nytt materiale.....	64
Tabell 15: Matrise – heile materialet.....	64
Tabell 16: Oversikt over årsklassar.....	69
Tabell 17: Oversikt over signifikansgrensene.....	70
Tabell 18: Trykklett <i>eg</i> - aldersklasse.....	70
Tabell 19: Trykklett <i>meg</i> - aldersklasse.....	71
Tabell 20: Trykklett <i>deg</i> - aldersklasse.....	72
Tabell 21: Trykklett <i>seg</i> - aldersklasse.....	73
Tabell 22: <i>Eg</i> i trykksterk form.....	75
Tabell 23: <i>Meg</i> i trykksterk form.....	75
Tabell 24: <i>Deg</i> i trykksterk form.....	75
Tabell 25: <i>Seg</i> i trykksterk form.....	75
Tabell 26: Diftongering av <i>i</i> – aldersklasse.....	76
Tabell 27: Diftongering av <i>y</i> - aldersklasse.....	77
Tabell 28: Utvikling av norrøn <i>é</i> – aldersklasse.....	78
Tabell 29: Utvikling av <i>d</i> i innlyd og utlyd – aldersklasse.....	79
Tabell 30: Utvikling av <i>d</i> i innlyd og utlyd – ord med variasjon.....	80
Tabell 31: Palatalisering av velarar – aldersklasse.....	80
Tabell 32: <i>rt</i> -samband – aldersklasse.....	81
Tabell 33: Svarabhaktivokal i adjektiv – aldersklasse.....	82
Tabell 34: <i>Eg</i> i trykklett posisjon – kjønn og aldersklasse.....	84
Tabell 35: <i>Meg</i> i trykklett posisjon – kjønn og aldersklasse.....	84
Tabell 36: <i>Deg</i> i trykklett posisjon - kjønn og aldersklasse.....	85
Tabell 37: <i>Seg</i> i trykklett posisjon – kjønn og aldersklasse.....	85
Tabell 38: Diftongering av <i>i</i> – kjønn og aldersklasse.....	86
Tabell 39: Diftongering av <i>y</i> – kjønn og aldersklasse.....	86
Tabell 40: Utvikling av norrøn <i>é</i> – kjønn og aldersklasse.....	87
Tabell 41: Utvikling av <i>d</i> i innlyd og utlyd - kjønn og aldersklasse.....	87
Tabell 42: Palatalisering av velarar – kjønn og aldersklasse.....	88
Tabell 43: Utvikling av <i>rt</i> -samband – kjønn og aldersklasse.....	88
Tabell 44: Svarabhaktivokal i adjektiv – kjønn og aldersklasse.....	88
Tabell 45: <i>Eg</i> i trykklett posisjon – yrkeskontaktflate utan ungdomane.....	90
Tabell 46: <i>Meg</i> i trykklett posisjon – yrkeskontaktflate utan ungdomane.....	90

Tabell 47: Deg i trykklett posisjon – yrkeskontaktflate utan ungdomane.....	91
Tabell 48: Seg i trykklett posisjon – yrkeskontaktflate utan ungdomane.....	91
Tabell 49: Diftongering av <i>i</i> – yrkeskontaktflate utan ungdomane.....	91
Tabell 50: Diftongering av <i>y</i> – yrkeskontaktflate utan ungdomane.....	91
Tabell 51: Utvikling av norrøn <i>é</i> – yrkeskontaktflate utan ungdomane.....	92
Tabell 52: <i>d</i> i innlyd og utlyd – yrkeskontaktflate utan ungdomane.....	92
Tabell 53: Palatalisering av velarar – yrkeskontaktflate utan ungdomane.....	92
Tabell 54: Utvikling av <i>rt</i> -samband – yrkeskontaktflate utan ungdomane.....	93
Tabell 55: Svarabhaktivokal i adjektiv – yrkeskontaktflate utan ungdomane.....	93

Figurar

Figur 1 Kart over Vanylven og Sunnmøre.....	11
Figur 2 Kart over Åram.....	12
Figur 3 Endring i innbyggjartal.....	14
Figur 4 Pendling.....	21
Figur 5 Modell for standardiseringsprosessar.....	44
Figur 6 Akselberg sin modell for talmålsregionalisering.....	45
Figur 7 S-Kurve.....	46
Figur 8 V01 Personleg pronomen <i>eg</i> i trykklett posisjon.....	71
Figur 9 V02 Personleg pronomen <i>meg</i> i trykklett posisjon.....	72
Figur 10 V03 Personleg pronomen <i>deg</i> i trykklett posisjon.....	73
Figur 11 V04 Pronomen <i>seg</i> i trykklett posisjon.....	74
Figur 12 V05 Diftongering av <i>i</i> framom velar nasal.....	76
Figur 13 V06 Diftongering av <i>y</i> framom velar nasal.....	77
Figur 14 V07 Utvikling av norrøn <i>é</i>	78
Figur 15 V08 Utvikling av <i>d</i> i innlyd og utlyd.....	79
Figur 16 V09 Palatalisering av velarar.....	81
Figur 17 V10 Utvikling av <i>rt</i> -samband.....	82
Figur 18 V11 Svarabhaktivokal i adjektiv.....	83
Figur 19 Spreiingsdiagram for V01: <i>i</i> -sv.....	96
Figur 20 Spreiingsdiagram for V05: <i>ei</i>	97
Figur 21 Spreiingsdiagram for V06: <i>øy</i>	98
Figur 22 Spreiingsdiagram for V08: <i>d</i>	99
Figur 23 Spreiingsdiagram for V10: <i>rt</i>	101
Figur 23 Spreiingsdiagram for V11: <i>e</i>	102

1. Bakgrunn for oppgåva

Eg har lenge hatt eit ønskje om å kunne skrive ei større sociolingvistisk oppgåve om heimkommunen min, Vanylven. Dette kom etter at eg tok eit svært inspirerende sociolingvistikkemne ved UiB. Etter at eg hadde sondert det empiriske terrenget, viste det seg at ikkje mange hadde gjennomført liknande prosjekt akkurat der. Difor stod eg på upløgdmærket. Det einaste eg tenkte, var at eg ville leite etter gamle opptak, som ein start. Etter å ha leita ei stund, snubla eg over ei samling hjå sogelaget til bygda Åram som etter kvart skulle resultere i dette arbeidet om akkurat denne bygda. Spesielt interessant tykte eg dette området var, fordi det ligg midt feltet mellom retrofleksane i Ålesunds-området og skarre-r som spreier seg ifrå sør. Arbeidet skulle vere eit delprosjekt av det store prosjektet

Dialektendringsprosessar på Vestlandet, som har sett på dialektutvikling på ulike plassar på Vestlandet etter mønsteropplegget der. Mitt prosjekt er ikkje ein del av dei opprinnelege fem prosjekta som var Bergen, Stavanger, Hå, Arna og Midøya. Mitt prosjekt har kome til i ettertid. Difor viste det seg også at målet med undersøkingar i *verkeleg tid* ikkje vart uproblematisk. Kvifor, og korleis eg har løyst dette, kan ein lese om i metodekapittelet.

1.1 Struktura i oppgåva

I kapittelet nedanfor kan ein lese om samfunnsstrukturen, yrkeslivet og det kulturelle tilbodet på Åram og i Vanylven kommune generelt. Det står også ei utgreiing om talemålet på Søre Sunnmøre i tillegg til ei grammatikkskisse med foneminventar og oversikt over dei ulike bøyingsparadigma i dialekten, basert på både eit gammalt dialektopptak, på lydmateriala mitt og på underteikna sitt yngre mål. Vidare følgjer ein teoridel, der eg set prosjektet mitt inn i ein større samanheng med generelle spørsmål om dialektendring, og så eit metodekapittel der eg sjølv viser korleis eg gjorde innsamlingane mine. Til slutt viser eg resultatane og drøftinga av resultatane mine.

1.2 Dialektendringsprosessar

”Hovudmålet for dette prosjektet er å utvikle innsikt i moderne dialektendringsprosessar og forholdet mellom samfunnsendring og språkendring.” (Sandøy et al. 2007: 1.) Det er første setninga i projektskissa til *Dialektendringsprosessar på Vestlandet*, og det har vore bakkeppet for alle arbeida som har vorte utførte i prosjektet. Dei tre delmåla ved prosjektet var

opprinneleg at det skulle digitaliserast og transkriberast fire eldre dialektstudiar som høyrde til Målføresamlinga ved Universitetet i Bergen. Deretter skulle det samlast inn nye opptak på desse plassane, og så skulle endringane analyserast på bakgrunn av *endringsgrad*, *endringstypar*, *endringsretningar* og sosiale og samfunnsmessige vilkår for endringane (Sandøy et al. 2007: 4). Det skal leggest vekt på makrofaktorar som stabilitet i befolkninga, storleik, næringsliv, struktur i samfunnsorganiseringa, kommunikasjonar (pendling og reise statistikk) og ikkje-språklege kulturuttrykk. Alt dette kan ein lese meir om i kapittel 2, når det gjeld Åram. Som eg tidlegare skreiv, fekk eg lov til å vere med i prosjektet sjølv om mitt arbeid ikkje var frå dei opprinnelege plassane. Dette gjer at prosjekta om dialekten både på Midøya og Vanylven representerer Møre og Romsdal i Dialektendringsprosessar.

1.3 Problemstillingar

På bakgrunn av den empirien eg har, vil eg freiste å (1) vise til *endringar og variasjonar* i talemålet i Åram på bakgrunn av dei *makrososiale faktorane: alder, kjønn, yrkeskontaktflate og sosial klasse, med størst fokus på alder*, og (2) *diskutere kva retning desse endringane tek*.

1.4 Tidlegare sociolingvistisk forskning

Av dei mange sociolingvistiske prosjekta som er utførte vil eg her nemne nokre, både internasjonale og nasjonale. To svært viktige og tidlege undersøkingar av variasjon er gjort av William Labov, i Marthas Vineyard og New York på 1960-talet. Den første vert rekna som eit svært godt eksempel på korleis identitet påverkar språkendringar (Trugdill 2010: 187). I New York undersøkte han sosial lagdeling i bruk av *engelsk* (Labov 2006). Frå Storbritannia finn ein *The Belfast Study*, som vart utført av Lesley Milroy og vart grobotnen for det som vert kalla *nettverksteori*. Ho undersøkte korleis komplekse eller ikkje komplekse nettverk påverka språkending (Skjekkeland 2009: 40).

I Noreg har det vore gjennomført fleire store prosjekt ved mange ulike instutisjonar. Ved Universitetet i Oslo har dei forska på språkbruken i urbane språkmiljø, i prosjektet UPUS.¹ Her kan ein òg nemne TAUS, som kom var ei talemålsundersøking i Oslo som er basert på uformelle intervju med personar frå Oslo frå 1971-1973². Universitetet i Bergen har

¹ <http://www.hf.uio.no/iln/forskning/prosjekter/upus/> (Besøkt 23.04.2013)

² <http://www.tekstlab.uio.no/nota/taus/> (Besøkt 29.08.13)

ein hatt TUB (Talemålsutvikling i Bergen) (Sandøy 1995)³ og Dialektendringsprosessar på Vestlandet,⁴ som denne oppgåva er ein del av.

³<http://www.folk.uib.no/hnohs/Publikasjonar/Sandoy,%200335,%20Sociolinguistic%20patterns%20in%20Bergen,%201995.pdf> (Besøkt 09.06.13)

⁴ <http://www.folk.uib.no/hnohs/DEP/index.html> (Besøkt 09.06.13)

2. Åram og Vanylven kommune

Dette kapittelet vil gi ei innføring i lokalhistorie og lokalgeografi på Søre Sunnmøre, spesielt om Sande og Vanylven kommune. For å lette lesinga vel eg i stor grad å ikkje sitere, men informasjonen er henta frå *Soga um Sande og Rovde* (Bjørlykke og Liset 1935), *Sandesoga* (Myklebust 1996: 369-704) og *Møre og Romsdal* (Larsen et al. 1977) og informasjon frå informantar der ikkje anna er nemnt. Når eg brukar stadnamnet *Åram*, reknar eg dette for å vere grendene Hakallestranda, Åram og Sørbrandal i eitt

2.1 Geografi

Åram ligg i Vanylven kommune som ligg heilt sørvest på Sunnmøre i Møre og Romsdal fylke. Dette kan ein sjå på kartet nedanfor. Den vesle raude diamanten viser kommunesenteret i Vanylven kommune, Fiskå.

Figur 1. Kart over Vanylven og Sunnmøre⁵



⁵ <http://www.norgeskart.no/adaptive2/default.aspx?gui=100002&lang=2> (Sist besøkt 25.08.2013)

Nedanfor kan ein sjå eit kart over Åram. Undersøkningsområdet mitt er delt inn i tre: Åram, Hakallestranda og Sørbrandal. Bygda Sørbrandal vert ofte berre kalla Brandal, men må ikkje forvekslast med bygda Brandal, som ligg i nærleiken av Hareid og Ålesund. 1.januar 2002 blei Åram flytta over frå Sande kommune til Vanylven kommune⁶. Oppe til høgre på kartet kan ein sjå Larsnes, som tidlegare var kommunesenter for mine informantar. Bak den vesle raude diamanten skjuler Åram seg, og undersøkningsområdet mitt ”sluttar” ved Krokevika til venstre og Koparnes til høgre på kartet.

Figur 2. Kart over Åram⁷



⁶ http://www.regjeringen.no/en/dokumentarkiv/Regjeringen-Stoltenberg-I/krd/Nyheter-og-pressemedlinger/2001/aram_bli_overført_til_vanylven.html?id=245229 (29.08.13)

⁷ <http://www.norgeskart.no/adaptive2/default.aspx?gui=100002&lang=2> (Sist besøkt 25.08.1013)

2.2 Tidleg tid

Soga um Sande og Rovde viser til at busetnaden på strendene er svært gammal, men denne historia skal eg ikkje gå inn på no. Det kan likevel opplysast om at han sannsynlegvis strekkjer seg tilbake til langt før år null. Etter kvart som folketalet auka, vart husa oppdelt i tun og gardar. Dersom ein tek eit langt sprang forbi den ringe tida rundt Svartedauden og ser framover mot år 1600, var det ikkje særleg stor rikdom i samfunnet, men i denne tida auka talet på folk som åtte land. Den største rikdomen fann ein langs kysten, grunna det rike fisket. Handel og frakting må ha vore ein viktig næringsveg. Dei dreiv også havfiske på bankane langt ute på havet så tidleg som i 1500. I denne tida var den einaste større handelsstaden i regionen Borgund, noverande Ålesund.


2.3 Befolkningsutvikling

Brandalsstranda hadde få innbyggjarar i tidlegare tider, og i manntalet frå 1520 er det berre nemnt *ein* mann. Men i 1603 var der komme seks gardar til: Bjørlykke, Brandal, Lida, Dalen, Krabbesti og Arset. På Hakallestranda var det to gardar i 1520, Sandvik og Røynestad. I 1603 var det heile ti gardar til, Sætrevik, Nystøyl, Klovning, Kragset, Kobbevik, Bergsnev, Hola, Håberg, Hamar og Molvik. I 1606 kom òg Halsen, og dei fleste gardsnamna som framleis er i bruk, var på plass. Dette ser ein også igjen i bygdebøker i dag som ei oppdeling av bruksnummer. Talet på innbyggjarar i bygda i dag reknar ein for å vere om lag 300 personar⁸.

I figur 3 på neste side ser ein folketalsutviklinga i Vanylven og Sande frå 1951 til 2012. Vanylven er den raude streken, medan Sande er den blå. Her ser ein at Vanylven kommune hadde ein auke i innbyggjartalet etter kommunegrenseflyttingane i 1964, då Rovde vart ført over frå Sande til Vanylven. I 2002 fekk Vanylven overført Åram frå Sande kommune, som nemnt ovanfor, med om lag 380 nye innbyggjarar. Talet har gått litt ned for begge kommunane dei siste ti åra.

⁸ Informasjon frå representant for det lokale sogelaget

Figur 3: Endring i innbyggjartal⁹



2.4 Yrkesval

Den viktigaste næringa var fiskeri kombinert med jordbruk. 13. april 1848 fekk Ålesund fulle kjøpstadsrettigheter og vart etter det ein av dei viktigaste fiskeribyane i Noreg, og vaks fort. På bakgrunn av informasjon frå informantar og litteratur elles er det ingen tvil om at det er fiskeri og sjøfart som har dominert yrkesvalet til mennene på Sunnmøre og også på Åram. I starten var det stort sett lokale båtar med lokalt mannskap, men etter kvart blei det vanlegare at dei tok seg jobb på større båtar med mannskap frå andre plassar langs kysten, og reisene vart lengre. Dei kunne også få seg jobb på skyssbåtar og liknande. I moderne tid er ikkje reiser til andre kantar av verda uvanlege for dei som jobbar i fiskeri eller andre næringar innanfor sjøfart, derunder også oljenæringa, der somme gjerne jobbar på forsyningsbåt eller liknande. Mennene har såleis hatt stor kontaktflate utover.

Det er ikkje lenger berre Ålesund som er fiskerihovudstaden på Sunnmøre, også Fosnavåg markerer seg. Eit viktig poeng er at medan dei eldste informantane mine oftast segla ut i havet saman med slektningar og vener frå heimstaden, reiser fiskarane no verda rundt med mannskap frå heile verda. Likevel vil eg kunne påstå at dei av dei eldste informantane mine som reiste ut på fiske, må ha hatt større kontakt med området rundt enn mange andre, meir landfaste yrkeshavarar. Det er også grunn til å tru at kontakten med Borgund, eller no Ålesund, sannsynlegvis var mindre for dei som ikkje dreiv med arbeid på sjøen.

⁹ Innbyggjartal i Sande: 1951: 2859. 1964: 2868. 2001: 3083 2002: 2633 2012: 2588.

Vanylven: 1951: 2022 1964: 2868 2001: 3582 2002: 3899 2012: 3388 (Kjelde:SSB.

Internettadressene i fotnote 9 og 10.)

¹⁰ <http://www.ssb.no/emner/02/02/folkendrhist/tabeller/tab/1511.html> (Sist besøkt 09.06.13)

¹¹ <http://www.ssb.no/emner/02/02/folkendrhist/tabeller/tab/1514.html> (Sist besøkt 09.06.13)

Kvinnene er derimot i dei tidlegare tidene dei heimeverande, som ein reknar med har vore både småbrukarar og har teke seg av dei til tider store barneflokkane. Likevel var det svært mange av dei som reiste ut på teneste i ungdomen, men heldt seg mykje heime i vaksen alder. Difor kan ein nok, utan at ein skal seie det heilt sikkert, sjå føre seg at kvinnene var dei som heldt seg mest innanfor kommunegrensene og sannsynlegvis i størst grad hadde samhald med andre kvinner i same situasjon. Det er kanskje her situasjonen har endra seg mest, slik som i resten av samfunnet. Som i resten av Noreg har også talet på barn gått ned her, og kvinnene har tatt seg jobbar og mange har gjennomført høgare utdanning.

Det er ikkje noko yrke som i stor grad dominerer hjå kvinnene, slik som det er hjå mennene, sjølv om ein sjølv sagt kan sjå at fleire har valt typiske ”kvinneyrke”, til dømes i helsesektoren. Det er også blant kvinnene ein ser dei fleste med høgare utdanning. Sidan mennene framleis driv på sjøen i stor grad, er det nok blant kvinnene ein har sett den største endringa i kontaktflate og utdanningsnivå. Åram er ein relativt liten plass, og det er ikkje mange som jobbar i sjølve bygda, spesielt etter at skulen vart lagt ned, noko eg vil kome attende til nedanfor. Det er berre nokre få plassar med faste jobbar i Åram: Det er på den lokale butikken, eit rekneskapskontor og eit par andre små verksemdar.

Det er ein plass mange av informantane mine dreg fram som eit positivt tilskot i bygda, nemleg besøkgarden ”Hakallegarden”¹². Her kan ein møte alt frå alpakka til gris, i tillegg til mange aktivitetar, noko som har slått an i regionen. Nokre av informantane mine seier at før var det ingen som visste kvar Hakallestranda er, men no veit ”alle” det. Garden sysselset fleire av ungdomane i bygda, særleg i høgsesongen, men der er også ein del arbeidsplassar året rundt.

2.5 Kultur

For å vere ei relativt lita bygd har Åram hatt, og har framleis, eit svært rikt kulturliv. Som nemnt ovanfor har ein Hakallegarden, som har hevda seg godt dei siste åra. I tillegg har bygda eit imponerande sogelag, som har mykje aktivitet. Då skulen på Hakallestranda vart lagt ned, kjøpte husmorlaget skulehuset, og dette vart kalla «Husmortun». Her var det til 2009 barnehage, men etter dette har sogelaget nytta seg av huset, og i dag er det museum der. I boka *Streif på Synste* (Parr og Eide 2011) skriv forfattarane at Åram i større grad enn andre bygder var prega av krigshandlingane i andre verdskrig, sidan området låg svært strategisk til langs leia. I tillegg var det to fangeleirar på stranda, noko som har skapt mange

¹² <http://www.hakalle.no/hakallegarden/10/80> Sist besøkt 09.06.13¹².

krigsminnesmerke både innandørs og utandørs. Det ligg fleire skipsvrak i Åramsundet, blant anna "Felix Schreder", som vart bomba av allierte styrkar, ei hending som svært mange av informantane mine fortel om. 30 personar omkom i dette åttaket, og vraket har vorte ein populær dykkarplass etter at det vart oppdaga i 1985. På grunn av den flotte naturen er Åram attraktiv i reiselivssamanheng, og det er mange overnattingsplassar der, spesielt i hytteform. Mange, spesielt tyskarar, kjem dit for å fiske år etter år.

Åram har også si eiga kyrkje, som vart vigsla i 1927. Eiga kyrkje fekk dei fordi det vart lagt kyrkje til bygda Gurskebotn i Sande, og det vart rekna for langt for folket å reise dit. Soknet fekk namnet Åram sokn.

Foreiningslivet har stått svært sterkt både på Brandalsstranda og Hakallestranda. Brandalsstrandens Kvindeforening blei oppretta i 1885. Seinare, i 1890, fekk ein Hakallestrandens Totalafholdsforening. Denne foreininga hadde ei tid 150 medlemmar. Det vart oppretta Losje i 1897, og der var òg ein barnelosje. Barneforeining vart oppretta i 1901, og i 1904 ei ungdomsforeining. I 1907 starta dei kvinneforeining for indre sjømannsmisjon, og i 1927 vart det òg starta foreining for ytre sjømannsmisjon. Vidare har det vore både helselag og samemisjonsforeining i Brandalsstranda i tillegg til søndagsskule. Hakallestranda var ikkje mindre aktiv, og i 1881 oppretta kvinnene der foreining. Her var det òg losje, barneforeining og forskjellige misjonsforeiningar. Dei to bygdene hadde også mange felles lag, og dette er noko mange av informantane mine tenkjer tilbake på med stor glede.

I nyare tid har bygdelaget nytta fleire rom i skulen, blant anna til Vestlandets (kanskje Noregs) største samling av modellbåtar, som vart bygd av Harald Sætrevik. I skulebygget har dei også eit trimrom, som alle kan nytte seg av, i tillegg til at det vert arrangert ulike gruppetreningar som til dømes Zumba. Her er det også eit lite bibliotek. Tidlegare har Åram hatt eit godt fotballag som har hevda seg. Dei har ikkje lenger sitt eige, men er slått saman med andre bygder i kommunen.

Åram har sitt eige korps, som er registrert hjå Norges Musikkorps Forbund¹³. Dette gjer at bygda har nokre som kan spele på syttandemaifeiringa, noko som skapar eit godt samhald i bygda. Der finst òg kor. Det verkar som det er lett å få folk til å stille opp på slike arrangement, som gjer at dei kan vedlikehalde denne tradisjonen. Her får også ungdomane i bygda ansvar som å sitje i kiosken og liknande. Mange av ungdomane har også fortalt meg om det dei kallar for «Klubb Vest», eit tilbod for ungdomane, med kiosk, tv-spel og liknande, der ungdomane kan møtast. Bygda har altså eit rikt kulturliv som truleg byggjer opp om den

¹³ <http://www.spilleglede.no/M%C3%B8re+og+Romsdal.9UFRrYWi.ips> (Sist besøkt 09.06.13)

lokale identiteten. Det verkar å vere stor positivitet rundt arrangementa, og at folk er opptekne av at dei skal verte oppretthaldne.

2.6 Skulestruktur

Ved hjelp av ein representant frå det lokale sogelaget, i tillegg til eit dokument frå Fortidsminneforeningen¹⁴, fekk eg informasjon om korleis skulen i bygda har utvikla seg. Heilt i starten var skulekrinsen delt inn i tre, Hakallestranda, Sørbrandal og Åram. Etterkvart vart desse tre delt inn i to, og ein fekk skulehus i Hakallestranda og Sørbrandal. Dette skjedde i 1971.

Under krigen var forholda for elevane noko annleis, då tyskarane oppretta det som vert kalla for Leiren midt på Hakallestranda. Då blei skulen liggande midt i Leiren og han vart brukt av tyskarane. Då flytta dei skulen til privathuset som no vert nytta til Hakallegarden. Leiren var open på dagen, og ungane kunne gå igjennom. Om natta var han stengt, så ein måtte kome seg igjennom før han stengte for natta. Det var sånn ei stund, heilt til ein tysk soldat skaut og drap ei gammal dame som var på veg igjennom leiren. Dette skapte frykt blant foreldra, og etter det fekk dei oppretta ei anna skulestove på nordsida av leiren òg, slik at ungane slapp å gå igjennom.

Etter 1971, då dei to kretsane vart slegne saman, gjekk dei yngre borna i dei to bygdene på felles skule. På denne tida gjekk åttande og niande klasse på Myklebust skule i Syvde. I 1983 fekk Åram eit eige, nytt skulebygg der alle klassene gjekk saman heilt til ungdomsskulen vart lagt ned i 2009, og elevane vart flytta til Myklebust skule i Syvde. I 2011 vart også barneskulen lagt ned, og foreldra kunne få velje sjølve om dei ville sende elevane sine til Fiskå eller Eidså. Hausten 2013 er det vedtatt at skulen på Eidså vert lagt ned, men det er noko uvisst kor elevane frå Åram skal flyttast etter det. Åram har sin eigen barnehage, som no er i «nyeskulen».

2.7 Vanylven kommune

Som tidlegare nemnt vart Åram flytta over til Vanylven kommune i 2002 etter ei folkerøysting. Dei måtte gå over til å bruke eit nytt kommunesentrum, nemleg Fiskå. Før reiste dei til Larsnes for å nytte seg av dei kommunale tilboda, dit dei måtte ta ferje, medan no

¹⁴ http://www.fortidsminneforeningen.no/files/Skulehus_i_Åram.pdf (Sist besøkt 09.06.13)

er køyreturen om lag tjue minutt innover. Spesielt har dette gjort det enklare å kome til doktor, og til dømes å besøke familie på sjukeheimen på sidan ein før måtte rette seg etter ferjetidene til Larsnes. For mange vart kanskje ikkje forandringa ved overflyttinga så stor likevel, då mange også før reiste ”innover” både for å gå på skule, handle og jobbe. Det var sjølvsagt folk som jobba i Sande òg, men det var ikkje slik at all pendling gjekk den vegen.

Vanylven kommune ligg heilt sør på Sunnmøre og har, som figur 3 viser, eit innbyggjartal går litt ned kvart år. Fleire store arbeidsplassar har blitt drastisk mindre dei siste åra. Spesielt to hjørnesteinsbedrifter i kommunen, Ulstein verft på Fiskå og tidlegare Olivin, no Sibelco, på Åheim, har opplevd kutt og nedbemanningar. Dei har gått frå å vere hovudarbeidsplassane til å ha relativt få arbeidsplassar. No er den største arbeidsgivaren Vanylven kommune. Dei største bygdene i Vanylven er Fiskå, Syvde, Åheim og Rovde.

Elles ligg kommunen om lag ein times køyring frå fleire sentrale plassar, Volda, Ulsteinvik, Nordfjordeid, Måløy og Ørsta¹⁵. To timar og to ferjer er det til Ålesund, og det kan verke som om svært mange frå kommunen flyttar nettopp dit. Vanylven kommune har sjølv ein eittårig vidaregåande skule, som er eit godt tilbod til dei elevane som vil unngå å flytte på hybel rett etter ungdomsskulen. Dei har tre utdanningsprogram, studiespesialiserande, helse- og sosialfag og teknikk og industriell produksjon. Dei har også opplæring for vaksne¹⁶. Elles finn ein ungdomsskular i Syvde og på Åheim. I Syvde går ungdomane frå Fiskå, Syvde, Åram og Rovde, medan Åheim skule dekkjer Åheim og Syltefjorden. Her er det også planar om endring i skulestrukturen, men formalitane er ikkje på plass. Ei endring i skulestruktur kan ha konsekvensar på fleire plan, også språkleg.

Kommunesenteret er Fiskå, med om lag 600 innbyggjarar. Her ligg alt av administrasjon, frå rådhus og legesenter til politistasjon. I sentrum ligg ei samling butikkar i «Combisenteret». Her er det eit lite Vinmonopol, frisørsalong, bakeri, leikebutikk og ein matvarebutikk i tillegg til apotek. Utanom senteret ligg det ein annan matvarebutikk og bank, i tillegg til ein stor fleirbruksbutikk som sel alt frå sportsutstyr, elektriske artiklar og klede til biltilhengarar. Bygda har også barneskule og ein nesten ny, privat barnehage, Solsikka¹⁷. I tillegg til dette har Fiskå eit stort, moderne ungdomshus, der det blant anna er kino nesten kvar veke. På Fiskå har også lokalavisa «Synste Møre» sitt kontor, og i bygda finn ein også den lokale puben og ein bensinstasjon.

¹⁵<http://www.vanylven.kommune.no/Modules/article.aspx?ObjectType=Article&Article.ID=699> (Sist besøkt 26.02.2013)

¹⁶ http://www.vanylven.heroy.vgs.no/vanylven_vgs/om_skulen (Sist besøkt 26.02.2013)

¹⁷ <http://www.solsikka.no/#cid=3> (Sist besøkt 26.02.2013)

I 2004 dyrka ordføraren i Vanylven Noregs høgste solsikke i ein konkurranse¹⁸. Då vann kommunen ein million kroner, og hadde i tida etter dette eit stort fokus på solsikkemillionen. Blant anna bygde dei «verdas største solsikke», som er ei solsikkestatue som står utanfor Combisenteret. Dette genererte også «Solsikkedagane» som var ei årleg messe som blei halden i Fiskå sentrum frå 2004 til 2010, der heimesida deira fortel at publikumsrekorden var 3500 i 2008¹⁹. I samband med dette har det vore ein stor dugnadsinnsats for å ruste opp det estetiske i Fiskå sentrum, og Vanylven kommune fekk eit nytt slagord: Ein grunn til å smile.

I teorien er ein altså ”sjølvforsynt” med det meste i kommunen, med mindre det er heilt spesielle ting ein treng. Innbyggjarane på Åram har difor det meste dei treng innanfor kort avstand. Det er likevel ikkje uvanleg at folk reiser ut av kommunen for å handle. Det verkar då som at Ålesund, Volda, Nordfjordeid eller Ulsteinvik er dei mest vanlege plassane, men dette kan sjølvst sagt variere.

2.8 Vanylven og Sande i regionen

Vanylven ligg på fylkesgrensa til Sogn og Fjordane, heilt sørvest på Sunnmøre, og vert rekna med i den økonomiske regionen Ulstein. Statistisk Sentralbyrå forklarar ein økonomisk region slik:

Økonomisk region er en regional inndeling på nivået mellom fylke og kommune. Inndelingen bygger på kriterier som handel og arbeidsmarked og skal representere et hensiktsmessig publiseringsnivå for statistikk samtidig som den skal tilsvare det regionale nivået som EU har definert som sin NUTS4-inndeling. En konsekvens av dette, er at de økonomiske regionene ikke kan krysse fylkesgrensene.²⁰

Vanylven vert definert i same region som kommunane Sande, Herøy, Ulstein og Hareid, men ikkje Ålesund.²¹ Her ser ein òg at dei økonomiske regionane ikkje kan krysse fylkesgrensene. Eg er likevel ikkje sikker på om denne inndelinga er heilt optimal for den regionen som Vanylven ligg i, dersom ein skal vurdere språkleg påverknad. Eg trur at Ålesund må vere med i denne inndelinga, då dette er den store, dominerande byen i området. Ålesund trekkjer også til seg mange studentar frå området, sidan dei har ein ny og moderne høgskule, i tillegg til at dette er valet for mange som skal gå på vidaregåande. Det same gjeld også Volda, men Volda manglar den dominerande «bystatusen» som Ålesund har, og Ålesund har alltid vore det

¹⁸ <http://www.solsikkedagane.no/?cid=5#cid=5> (Sist besøkt 28.08.13)

¹⁹ <http://www.solsikkedagane.no/#cid=2> (Sist besøkt 26.02.2013)

²⁰ <http://www4.ssb.no/stabas/ItemsFrames.asp?ID=1367334&Language=nb&VersionLev> (Sist besøkt 28.02.2013)

²¹ www.ssb.no/emner/00/00/nos_c616/nos_c616.pdf (Sist besøk 28.02.2013)


lokalbefolkninga har referert til som «byen». Difor meiner eg at Ålesund må vere med i Vanylven sin talespråklege region, og at talemålet i Ålesund kan vere viktig i ei eventuell talespråkleg regionalisering, sjølv om det geografisk ligg litt lengre unna. Ein kan heller ikkje sjå vekk ifrå Nordfjord som ei mogleg påverknadskraft på Vanylven kommune. Likevel har pendlinga, spesielt for ungdomar, sannsynlegvis vore mindre den vegen sidan elevar primært må nytte skular som ligg i heimfylket. Det er mest dialektane på Sunnmøre ungdomane frå Vanylven møter når dei reiser ut og skal gå på skule.

2.9 Pendlestatistikk

Vanylven er prega av yrkespendling, og heile 30,9 prosent av arbeidarane gjer nemleg det. Tala frå SSB viser ikkje korleis pendlinga fordeler seg, utanom at dei viser til at 10,6 % pendlar innanfor same økonomisk region, 8,3 % til annan økonomisk region innanfor fylket og 12 %²² til eit anna fylke. Noko nærare om kor dei pendlar vert ikkje oppgitt. Det er kanskje ikkje overraskande at talet på pendlarar til anna fylke er relativt stort, med tanke på at kommunen ligg heilt på fylkesgrensa til Sogn og Fjordane. Sande kommune derimot, sjølv om dei har omtrent same tal på pendling, 31,5%, har mykje høgare pendling innanfor same økonomisk region. Dei har ferjefri tilkomst til både Fosnavåg og Ulsteinvik, og det er lett å sjå føre seg at mykje av pendlinga går den vegen. Sande har òg mindre pendling utanfor fylket. Dersom ein samanliknar Vanylven og Sande med til dømes Ålesund kommune, slik ein kan sjå i figur 4 nedanfor, ser tala annleis ut. I Ålesund pendlar berre 17% av arbeidstakarane, der 7,3 % pendlar innanfor same økonomisk region, 2,2 utanfor same økonomisk region og 7,7% utanfor fylket.

²² <http://www.ssb.no/a/kortnavn/fobpend/tab-2002-12-06-01.html> Oversikt over pendling. Vanylven har kommunenummer 1511, Sande 1514, Ålesund 1504. (Sist besøkt 28.02.13)

Figur 4: Pendling²³



2.10 Dialekten på Sunnmøre

2.10.1 Tidlegare arbeid

Det har vorte skriva fleire hovudfagsoppgåver om dialekten på Søre Sunnmøre. Blant anna skreiv Jardar Abrahamsen si hovudoppgåve om utviklinga av palatalar hjå ungdomar i Herøy kommune (Abrahamsen 1995). Ragnhild Sævik leverte i 2000 hovudoppgåve om variasjon i dialektane på Sørøyane, der ein finn dei fire kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein. I denne oppgåva var det òg berre ungdomsinformantar. Det har ikkje vore liknande prosjekt gjennomførte i Vanylven kommune før, men tidlegare professor i tysk ved Universitetet i Bergen, Bjarne Ulvestad, har skriva mange artiklar om dialekten på heimplatsen sin, Syvde, som ligg i Vanylven kommune. Desse artiklane ligg føre i boka *Rette det som rangt er* (2009), som vart gitt ut etter han gjekk bort. I framstillinga av Sunnmørsmålet er det meste av innhaldet henta frå Sandøy (1990: 63-74).

2.10.2 Sunnmørsk – ei grein av nordvestlandsk

Ein plar rekne nordvestlandsk inn i tre underområde, romsdalsk, sunnmørsk og fjordamål. Under fjordamål reknar ein dialektane i Nordfjord, Sunnfjord og Ytre Sogn. Det som skil romsdalsk frå dei andre dialektane, er at dei har tjukk-l, som vert rekna som eit karakteristisk målmerke. Det som skil sunnmørsk og fjordamålet frå romsdalsk, er den

²³ Tala i figuren frå venstre mot høgre. Vanylven: 10,6 %, 8,3%, 12 %. Sande: 15,6%, 8,9%, 6,9%. Ålesund: 7,3%, 2,2%, 7,7 %.

utbreidde tendensen til diftongering, der ein i gammalnorsk hadde vokal + *ð*, slik at ein får former som *veir* av gammalnorsk *veðr*.

Sunnmørsk har òg tradisjonelt hatt palatalisering av *k*, *g* og *ng* framom vokal i bøyinga av substantiv, slik at ein får formene /ta:k – tac̥e/ og /seŋg – seŋja/. Slik palatalisering ser ein fleire plassar i Noreg, men kjerneområdet er Vestlandet. Dette er eit trekk som viser seg alle stadar å vere på retur hjå yngre språkbrukarane, og det vil truleg vise seg i resultatkapittelet i denne oppgåva også.

Eit anna tradisjonelt trekk ved sunnmørsmålet er innskotsvokal, eller svarabhaktivokal, mellom konsonant og norrøn *r*. Etter at *r*-en fall bort, kan ein tradisjonelt stort sett sjå innskotsvokalen i adjektiv ubunden form: /ei:n fi:ne gʊ:t/. Men òg i sterke verb frå teljeklassen i notid, slik at ein kan få uttalte former som: /nu: lige ei hæ:r/. Dei eldste somme plassar på Sunnmøre vil få denne innskotsvokalen også i substantiv maskulinum, slik at ein enkelte plassar finn former som: /ei:n fi:ne gʊ:te/. Noko anna som særpregar sunnmørsdialekten er at ein ofte har *der* som formelt subjekt i presenteringskonstruksjonar og meteorologiske tilhøve, i staden for *det*, som er meir vanleg andre plassar i Noreg (Sandøy 1992: 203). Difor kan ein høyre folk seie: *Der he regna i dag*, eller uttrykk som: *Der står to menn nede på plena*.

Sandøy skriv òg at det er skilnad mellom konstruksjonen: *Er han kommen og har han komme*. Den første setninga viser at den konkrete handlinga, nemleg det å *kome*, er avslutta, medan den andre setninga viser noko som skjer fleire gongar. Sandøy dreg òg fram bøying av fortidspartisipp i samsvar med subjekt som eit drag der Vestlandet er kjerneområdet, slik at ein får bøying av partisipp etter tal og kjønn i eksempel som: *Skutå e selde medan huset er selt, ho er komen medan dei er komme*.

Eit anna språktrekk som er karakteristisk for tradisjonell språkbruk på Sunnmøre, er bruken av dativ. Dativ er på retur, og ein kan no avgrense bruken til nordvestlandsk. Dei skil mellom ”gjekk opp på fjelle” og ”dei gjekk oppå fjella” (Sandøy 1990: 69). Det første eksempelet tyder at dei på veg ”til staden”, medan den andre er rørsle ”på staden”. Når det gjeld påstadsdativ, brukar ein dativform av substantiv, og ”eigne dativformer finst berre i bestemt form eintal og fleirtal” (Sandøy 1990: 69). Dativbruken er på retur spesielt blant yngre språkbrukarar. Sandøy skriv at det har vore vanleg å bruke dativ fast i indirekte objekt, og også etter enkelte preposisjonar, verb eller adjektiv. Dei som har dativ, vil alltid bruke den etter blant anna preposisjonane /frɔ:/ eller /ta:/. Finn også dativ etter visse preposisjonar når ein skal uttrykkje påstadsstyding, i staden for tilstadsstyding som etter /i:/ og /pɔ:/ (Sandøy 1992: 203).

Når det gjeld dei personlege pronomenerne på Sunnmøre, trur ein at det historisk har vore slik at alle, både i Romsdal og på Sunnmøre før brukte den trykksterke forma *ej* og den trykksvake forma *i*. Deretter vart utviklinga slik at romsdalingane generaliserte den trykklette forma *i* i alle posisjonar i første person eintal. På Nordre Sunnmøre brukar dei berre den tidlegare trykkstunge *ej* i begge posisjonar, medan ein på Søre Sunnmøre tradisjonelt har halde på todeling av formene, slik at ein bruker *ej* i trykksterk og *i* i trykklett posisjon. På Nordre Sunnmøre brukar dei pronomenerne *øss*, medan ein på resten av Sunnmøre brukar både *me* og *vi*, og i Vanylven kommune kan ein etter Ulvestad (2009) finne begge desse pronomenerne.

Eldre sunnmørsk er òg kjent for å ha ei utbreidd diftongering, og eit vokalsystem som er sett saman av heile 15 vokalar, men dette systemet er i forenkling. Også uttalen av den *d* eller stungen *d* etter vokal er karakteristisk for målet på Søre Sunnmøre. Han er i mindre bruk på Nordre Sunnmøre, der han mest følgjer diftongen *au*, som i *saud*. På Søre Sunnmøre har dei denne *d*-en i dei fleste ord med *d* i moderne rettskriving som i *blod*, og den tilsvarar gammalnorsk *ð*. Men han blir òg brukt i former som ikkje lenger har *d* i rettskriving, som i *seid* av norrøn /seiðr/ (fisken *sei*).

Talemålet i den største byen i regionen, Ålesund, skil seg på fleire måtar frå bygdene rundt. Blant anna finn ein retrofleksar her. Retroflektering av /r/ + alveolar vert uttalt med postalveolar eller retrofleks, dvs /sʉ:rt/ vert til [sʉt] eller [sʉ:t] medan /gʉ:lt/ framleis er [gʉ:lt] i ålesundsdialekta. Sandøy karakteriserar dette som eit ganske ungt drag, som skil Ålesund frå området rundt, sjølv om dette òg spreier seg til Nordre Sunnmøre. Dei har òg mista kasusforskjellen mellom *de* og *dåkke*. Dei brukar *dåkke* i alle posisjonar. Eit trekk som har spreidd seg utover til bygdene rundt.

Eit gammalt og kuriøst drag ved kystmåla på Sunnmøre og sørover mot Sognefjorden er det ein kallar for (*h*)*alvemål*. Dette vert rekna for å vere heilt vekke no, men det finst framleis eldre folk som kan hugse personar som brukte halvemål. I halvemålet forsvann ofte *h* i starten av ord, men kunne dukke opp i ord der det eigentleg ikkje skulle vere *h*. Slik kunne ein høyre *esten ass Hole* for *hesten hans Ole*. Folk brukte oftast halvemålet i engasjerte situasjonar. Halvemål er ikkje eit særnorsk fenomen, og finst blant anna i cockneydialekten i London. Halvemålet vart sett på som svært stygt, og det vart kalla *kråkemålet*. Difor vart folk som nytta det, ofte plaga, sjølv om det er usikkert kor oppmerksame dei eigentleg var på fenomenet i dagleg bruk, eller om det meir var gjenstand for hermer og regler. Ungane lærte òg på skulen at halvemål var gale, og difor forsvann halvemålet relativt fort ut av bruk utover på nittenhundretalet (Lianes og Bugge 2012: 59-61).

Den tradisjonelle dialekten i Vanylven kommune har dei fleste av trekkka ovanfor, palatalisering av velarar i substantiv, dativ, diftongeringar og d-uttalen i slutten av ord, og det same gjeld for målet i Sande kommune. Åram vart, som tidlegare skrive, flytta frå Sande til Vanylven kommune for om lag 10 år sidan. Underteikna lurte ei periode på om denne endringa av kommunegrensene kunne ha noko å seie for målet i kommunen, men Bjarne Ulvestad skriv slik:

Det er viktig å slå fast at mest hundre prosent av det som før vart sagt i Vanylven, også kunne høyrast på Ytre Sande. Bortsett frå nokre einstaka ord som *hu* «ho» og *hair* «her», har ingen språkforskarar frå Ivar Aasen til i dag peikt på systematiske skilnader som skulle tyde på at vi har å gjere med to dialekter. (Ulvestad 2009: 182)

Slik verkar det òg på utsegner frå informantar; Det verkar ikkje som overflyttinga har hatt noko å seie for talemålet, sidan dialektane har vore så like i utgangspunktet. Ulvestad meinte heller at det historisk er snakk om to dialektar innanfor Vanylven kommune. I områda rundt Rovdestranda som grensar til Volda kommune har dei den eine varianten, der dei mellom anna brukar pronomenforma *me* i staden for *vi*. Eg kan ikkje konstatere noko for dei andre bygdene i kommunen, men det er i alle fall ingen variasjon i dette pronomenet i Åram. Den sørlege delen av kommunen, som no også omfattar Åram, har ei felles dialekt. Ulvestad meinte at dette, i tillegg til ulik utvikling av norrøn *é*, var grunnlag nok til å dele inn i to dialektar (Ulvestad 2009: 89-132). Eg vel å ikkje gå nærare inn på denne diskusjonen no, fordi den går utanfor problemstillingane til denne oppgåva, men nemner han for å vise at det har vore observert variasjon i Vanylven kommune.

2.11 Grammatikkskisse for det tradisjonelle talemålet

Grammatikkskissa er basert på den for Sande kommune som står i *Norsk dialektkunnskap* (Sandøy 1992: 201 ff.), men er tilpassa det eg kjenner til er annleis i det eldre åransmålet.

Informanten i Sandøy si bok er ein mann, fødd i 1898, frå Gurskøya i Sande kommune. Som tilleggsreferanse har eg nytta Odd Nordmann Hoff (1978). Målprøva til Odd Nordmann Hoff er frå Ørsta. Det tradisjonelle talemålet i dette punktet svarar til talemålet åt dei eldste informantane mine²⁴. Når eg vidare i oppgåva brukar nemninga tradisjonelle former, meiner eg dei mest arkaiske formene hjå dei eldste informantane mine.

2.11.1 Foneminventar hos dei eldre informantane

Basert på Sandøy (1992) og mine egne funn.

Konsonantar

Tabell 1: Konsonantoversikt – dei eldste informantane

	Labial	Alveolar	Postalveolar	Retrofleks	Palatal	Velar	Glottal
Plosiv	p/b	t/d				k/g	
Affrikat					ç/ʃ		
Frikativ	f/v	/s			j/		/h
Nasal	/m	/n			/ɲ		
Lat. appr.		/l			/ʎ		
Tapp/trill/flapp		/r					

Vokalar

Monoftongar etter Sandøy (1992).

Tabell 2: Monoftongoversikt – dei eldste informantane

i	y	u	ø
ɪ	ʏ		
e	ø	a	ɔ
æ			

²⁴ Sidan eg ikkje undersøkjer tonem i oppgåva mi utelet eg dette i dei fleste transkripsjonane.

²⁵ Ein av informantane mine brukar den dentale frikativen /ð/. Denne lyden førekjem berre ein gong, så ein må rekne at den snart er heilt ute av språket.

Diftongar etter Sandøy (1992) : /ei, ou, æi, æu, øy/

Diftongskisse for det eldre Åram-målet etter mitt materiale:

Tabell 3: Diftongoversikt – dei eldste informantane

IPA	Kvalitet	Kommentarar
/ɛi/	/ɛi:/ (eg) /vɛi:r/ (vêr) /bɛi:re/ (betre) /hɛi:lt/ (heilt)	I Sandøy si skisse var dette to fonem: /æi:/ og /ɛi:/. I mitt materiale verkar det som desse fonema er samanfallande. Eg vil derfor bruke diftongen /ɛi:/ i mi framstilling.
/ei/	/ei/	Dei eldste informantane mine skiljer i enkelte tilfelle mellom diftongen i <i>eg</i> (pron) og diftongen i <i>ei</i> , talordet. Dei bruker ein trongare variant i talordet. ²⁶
/ou/	/gou:/ (god) /jou:rt/ (gjort)	I Sandøy si skisse var dette ein mykje brukt lyd, men i mitt materiale verkar det som /u:/ vert brukt i i dei fleste tilfella der Sandøy har brukt /ou/ i si skisse.
/ɛu/	/sɛu:d/ (sau), /hɛu:d/ (hovud)	I Sandøy si skisse er denne diftongen skriven som /æu/. Eg meiner at mine informantar har ein noko trongare diftong, /ɛu/.
/øy/	/høy:/ (høy), /øy:/ (øy)	
/ai/	/hai:/ (hai)	

Det finst diftongformer som er korte. Desse kan ein finne i ord som *seng* /sɛiŋ/, *greit* /grɛit/, *raudt* /rɛut/, *brøytt* /brøyt/. I Sandøy si skissa stod det at informanten frå Sande hadde /æi:/ som uttale av pronomenforma *eg*. Ved gjennomlytting på mine eldre informantar, og deretter ved å samanlikne uttaleforma til den eldre mannen frå Sande, har eg konkludert med at mine informantar har ein trongare e-lyd i denne uttalen, og eg høyrer uttalen av *eg* som /ɛi:/, ikkje /æi:/.

²⁶Sjå Ulvestad (2009) s. 123-133. Artikkelen om Sørsunnmørsk: Ein eller to dialektar?

2.

Fonologiske reglar etter Sandøy (1992) og etter samtale med rettleiar. Eg har funne eksempel frå mitt eige materiale.

F1: /n/ blir uttalt [ŋ] framom /g/ og /k/. Eks: /sɛŋg/, /drɛŋg/.

F2: /n/ blir /ɲ/ framom /ç/ og /ʃ/. Eks: /gɔɲʃjen/ (gongen)

F3: /v, l, r/ blir ustemde, dvs /f/ og [l̥, r̥] framfor dei ustemde konsonantane /t, k/. Eks: /levd/ > [l̥ɪft], (levd) /talt/ > [t̥alt] (tald)

F4: /e/ blir til /ɛ/ når det står som kort vokal.

F5: /rt/ blir ofte uttalt [t̪], oftast etter trykklett vokal.

Mf1: /k/ går til /ç/, /g/ til /j/ eller /ʃ/ framfor endinga i substantiv *maskulinum*, sterke, eintal, bestemt form. Eks: /gɔŋg - /gɔɲʃjen/, (gong) /sɛk - sɛççen/, (sekk). Også i svake hankjønnsord i heile eintal som i: /baççe – baççen/, (bakke). Nokre av informantane mine har palatalisering framom ending i er-klassen i fleirtal i ord som: /gɔŋg - ¹gɔɲʃjene/ (ein gong – gongene.)

Ein finn også palatalisering i *femininum* av sterke substantiv i eintal bestemt form, og i er-klassen fleirtal i nemneform. Eksempel på eit sterkt substantiv i eintal bestemt form er: /sɛŋg - sɛɲʃja/. Eg har ikkje sjølv funne eksempel på fleirtal.

Nøytrum får palatalisering i eintal, bestemt form, og fleirtal bestemt nemneform. /fɔlk - fɔlcçe - fɔlcça/ (folk – folket – folka)

Sandøy har òg ein morfofonologisk regel der adjektiv og sterke verb i perfektum partisipp får palatalisering av /k, g/ før /-ij/ i eintal. Eg fann /te:ççij/ (*teken*) og /rusççij/ (*rusken*), /ne:suççij/ (*nedsokken*) hjå mine informantar.

2.11.2 Morfologi

1. Substantiv

Tabell 4: Bøyingsmønster for substantiv - dei eldste informantane

Maskulinum	Klasse	Singular		Plural		
<i>Sterke</i>	<i>-ar klassen</i>	-	-* ²⁷ ij̥ / -en ²⁸	-a	- aje / -ane	båt, sekk
			-*a		- ɔ	
	<i>-er klassen</i>	-	-*ij̥ / -en	-e*	- *ij̥e / - ene	gong, sau
			-a		- ɔ	
<i>Svake</i>		-e *	-*ij̥ / -en	-a	- aje	bakke, unge,time
			-*a		- ɔ	
Hokjønn						
<i>Sterke</i>	<i>-er klassen</i>	-	-*a	-e *	-*ij̥e	tid, dør, myr, seng
			-*ij̥e		- ɔ	
	<i>-ar klassen</i>	-	-*a	-a	-aje	vik, øy
			-*ij̥e		- ɔ	
	<i>omlyd</i>	-	-*a	-e	-ij̥e	bok, hand
			-*ij̥e / -a		-ɔ / ij̥e	
<i>Svake</i>		-e	-ɔ	-e	- ij̥e	skute, veke
			-ij̥e		- ɔ	
Nøytrum						
<i>Sterke</i>		-	-*e	-	-*a	folk
			-*a		-ɔ	
<i>Svake</i>		-*e	-*e	-*e	-*a	gjerde, stykke
			-*a		-*ɔ	

Eg fann eksempel på alle nemneformene i materialet, men ikkje riktig alle dativformene. I dei tilfella har eg følgd mønsteret etter Sandøy (1992).

²⁷ Stjerne tyder moglegheit for palatalisering.

²⁸ Formene bak / indikerer eit bøyingsmønster eg ser hjå enkelte av informantane, som minner om mønsteret hjå dei unge.

2. Verb

Tabell 5: Bøyingsmønster for verb – dei eldste informantane

	Infinitiv	Presens	Preteritum	Perfektum partisipp	
Svake					
<i>1.ar-lassen</i>	-e	-a	-a	-a	kaste, bake, vente
<i>2. er-lassen</i>	-e	-e	-de -te	-t	begynne, kjenne
<i>3. Blanda bøying</i>	-e	-a	-te	-t	bruke, skjønne
<i>4. Kortverb</i>	-	-r	-de	-t	tru, bu
<i>5. Telje-lassen</i>	-e	- ¹ e	(v.s) ²⁹ – de (v.s) – e (/spu:re/)	-t	telje, spørje, gjere,
Sterke					
	-e	¹ (v.s)-e	(v.s)-	(v.s.)-e ³⁰	komme, lese, finne, fare

3. Pronomen

Tabell 6: Personlege pronomen – dei eldste informantane

Eintal	1.person	2.person	3.person mask.	3.person.fem.	3.person nøyt.
	ɛi: / i	də:	hɑŋ / aŋ	hou: / hu:	dæ: / de:
	mɛi: / mi	dɛi: / di	hɔ:nɔ / nɔ	hiɲe / ne	dæ: / de:
Fleirtal					
	vi: ³¹	de:	dɛi:		
	ɔs	dɔke	dɛi:		

²⁹ (v.s) tyder vokalskifte.

³⁰ Svært uregelrett stamme: /he ççe:me/, /he lɔse/, /he fɔɲe/, /he fe:re/

³¹ I Sandøy (1992) ser ein her òg forma /mi:/. Denne er ikkje i bruk i Åram.

2.11.3. Syntaks

1. I følge Sandøy vert /dæ:r/ brukt som formelt subjekt i presenteringskonstruksjonar og «meterologiske utsegner». I mitt materiale finn eg eksempel på det første: Der var ein ovanfrå Kristiansund.

2. Dativ er brukt a) Alltid etter visse preposisjonar f.eks /frø:/, /ta/. b) Etter visse preposisjonar når ein skal uttrykke påstadstyding i motsetning til tilstadstyding, f.eks etter /i:/, /pø:/. Dette systemet er ganske gjennomført hjå dei eldste informantane mine.

2.12 Grammatikkskisse for dei yngste informantane

A: Fonologi

2.12.1: Foneminventar

Tabell 7: Konsonantoversikt – dei yngste informantane

	Labial	Alveolar	Postalveolar	Retrofleks	Palatal	Velar	Glottal
Plosiv	p/b	t/d				k/g	
Affrikat					tʃ /dʒ		
Frikativ	f/v	/s	/ʃ		j/		/h
Nasal	/m	/n			/ɲ		
Lat.appr.		/l			/ʎ		
Tapp/trill/flapp		/r		/ɽ ³²			

Vokalar

Monoftongar

Monoftongoversikta under er basert på lytting på dei yngste informantane mine og på meg sjølv. Eg er oppvaksen på Fiskå, som er ei av nabobygdene til Åram.

Tabell 8: Monoftongoversikt – dei yngste informantane

i	y		ɥ	ʊ
e	ø			
æ				ɔ
		a		

³² ɽ er berre i bruk eit par gongar i materialet.

Diftongar

/ei/ og /ɛi/, /ɛʌ/, /øɣ/, /ai/

Eg trudde lenge det var eit skilje mellom /ei/ og /ɛi/, slik at ein fekk eit skilje mellom /ei/ (eg) og /ɛi/ (ei). Når eg har lytta på dei yngste informantane mine, verkar det som om det ikkje er skilje i vanleg tale, slik at det har vorte samanfall mellom desse to. Det må understrekast at det kan vere variasjon i bruken, slik at samanfallet ikkje er heilt konsekvent.

Fonologiske reglar for ungdomane

F1: /e/ blir til /ɛ/ når det står som kort vokal.

F2: /rt/ blir ofte uttalt [t], oftast etter trykklett vokal.

F3: Konsonanten /e/ vert i enkelte tilfelle syllabisert mellom konsonantane /d, t, l, r/ og /n/, som i /bɔ:tn/.

2.12.2 Morfologi

1. Substantiv

Tabell 9: Bøyingsoversikt for substantiv – dei yngste informantane

Maskulinum	Klasse	Singular		Plural		
<i>Sterke</i>	<i>-ar klassen</i>	-	-en	- a	-ane	båt, dag
	<i>-er klassen</i> ³³	-	-en	-a	-ane	gong, vegg
<i>Svake</i>		-e	-en	-a	-ane	skule, unge
Hokjønn						
<i>Sterke</i>	<i>-er klassen</i>	-	-a	-e	-ene	tid, dør, myr
	<i>-ar klassen</i>	-	-a	-a / e	-ane / ene	vik, øy, helg
	<i>omlyd</i>	-	-a	-e	- ene, (a) ³⁴	bok, hand
<i>Svake</i>		-e	-a	-e	-ene	veke
Nøytrum						
<i>Sterke</i>		-	-e	-	-a	hus
<i>Svake</i>		-e	-e	-e	-e	eple

³³ Ein ser her at bøyingane i dei to klassene er like, og at ein eigentleg no kan snakke om eit samanfall mellom dei to klassene.

³⁴ Nokre av informantane mine har fleirtalsforma /henda/ i staden for /hendene/

Eg fann eksempel hos dei yngste informantane på dei fleste nemneformene. Eg fann ikkje noko skilje i uttalen mellom nemneform og dativ hos dei yngste informantane.

2. Verb

Tabell 10: Bøyingsoversikt for verb – dei yngste informantane

	Infinitiv	Presens	Preteritum	Perfektum partisipp	
Svake					
<i>1.ar-klassen</i>	-e	-a	-a	-a	kaste, vente
<i>2. er-klassen</i>	-e	-e	-te -te	-t	begynne, kjenne
<i>3. Blanda bøying</i>	-e	-a	-te	-t	bruke, skjønne
<i>4. Kortverb</i>	-	-r	-de	-t/-d	tru, bu
<i>5. Telje-klassen</i>	-e	- ¹ e/-0	(v.s) – te (v.s) – e	-t	telje, spørje, gjere,
Sterke					
	-e	¹ (v.s)-e	(v.s)-	(v.s.)-e eller svak bøying ³⁵	komme, lese, funne, fare

Formene som står i utheva skrift, er dei som skil seg frå dei gamle informantane.

3. Pronomen

Tabell 11: Personlege pronomen – dei yngste informantane

Eintal	1.person	2.person	3.person mask.	3.person.fem.	3.person nøyt.
	ɛi: / i	də:	han /an	hu:	de:
	mɛi: /mi	dɛi:/di	han /an /nɔ	hine /ne	de:
Fleirtal					
	vi: ³⁶	dɔke	dɛi:		
	ɔs	dɔke	dɛi:		

³⁵ Vert bøyde slik: /he kɔmt/, /he læst/, /he fɔne/, /he fɔ:re/

³⁶ I Sandøy (1992) ser ein her òg forma *mi:*. Denne er ikkje i bruk i Åram.

2.13. Variabelliste

Eg valde ut variablane på bakgrunn av variasjonen eg trudde eg kom til å finne i materialet. Ikkje alle variablane var avgjorde i utgangspunktet, så enkelte kom til etter kvart som eg vart meir kjent med materialet mitt. Ein kan lese meir om omsyn ein må ta i variabelutvalet i kapittel 4, Metode.

Pronomenformer i trykklett stilling

1. Eg (V01)
2. Meg (V02)
3. Deg (V03)
4. Seg (V04)

For pronomenet *eg* vil eg undersøke trykksterk /*ɛi*/, og /*i*/ og trykksvak /*ɛi*/ og /*i*/. Begge desse formene må registrerast både i trykklett og trykktung stilling for å sjekke alle eventuelle mønster, og difor blir det i alt fire variantar. Dei andre pronomenformene som er nemnt over, har form /*mɛi*/ og /*mi*/, /*dɛi*/ og /*di*/ og /*sɛi*/ og /*si*/ i trykklett og trykktung posisjon. Som eg skreiv tidlegare, har nordre Sunnmøre gått over til å bruke berre /*ɛi*/ i både trykklett og trykktung posisjon, slik at den gamle forma /*i*/ er vekke. Det same gjeld for dei andre trykksvake formene: /*mi*, *di*, *si*/. Det er difor eg vil undersøkje denne variabelen hjå mine informantar. Kva skjer med dei trykklette formene [*i*, *mi*, *di*, *si*]? Er desse formene i ferd med å endre seg på Søre Sunnmøre òg?

V05 og V06 Diftongering av *i/y* foran *ng* og *nk*: Dette fenomenet finst både på Søre og Nordre Sunnmøre, og ein finn liknande utvikling av visse vokalar framom velar nasal på Island og Færøyane³⁷. Eg har bestemt meg for å bruke berre desse to konsonantsambanda for å avgrense materialet, men eg vart under kodinga, gjort merksam på at denne diftongeringa gjer seg gjeldande ved fleire konsonantsamband. Spesielt hjå dei eldre språkbrukarane, men også i mitt nye materiale, kan ein høyre at *i* vert til /*ɛi*/ og *y* vert til /*øy*/ før *ng* og *nk*, og ein kan difor høyre uttaler som /*tɛiŋg*/ og /*løyŋg*/ for *ting* og *lyng*. Det finst ikkje mange

³⁷ Informasjon frå rettleiar.

plassane dette fenomenet vert omtalt i litteraturen, men i ein artikkel av Olai Skulerud om diftongering i bygdemåla på Søre Sunnmøre, kan ein lese om dette. Det er han som nemner at denne diftongeringa skjer før *mb*, *mp*, *nd*, *nt*, *ns*, *ng* og *nk*, noko som gjer at ein kunne høyre til dømes *taimbr* av *timber* (*tømmer*) (Skulerud 1934). Som eg skreiv, har eg valt å berre fokusere på dei to konsonantsmanbanda *ng* og *nk*.

Eg reknar med at denne diftongeringa, likeins som diftongeringa av norrøn *é*, er på retur hjå yngre språkbrukarar. I resultatkapittelet har eg delt denne variabelen inn i to variablar.

V07 Utvikling av norrøn *é*: Sunnmøre er kjent for å ha eit svært rikt vokalsystem frå gammalt av med nokre hårfine nyansar mellom forskjellige fonem (Sandøy 1990: 72). Den gamle norrøne *é* har vorte diftongert slik at ein kan høyre /treid/ for *tre* frå norrønt *tré*. For å finne fram til kva ord dette kunne dreie seg om, gjekk eg igjennom *Norrøn ordbok* (Heggstad et.al 2008) og noterte ned alle orda eg kunne finne med lang *é*. Det var fleire av orda i *Norrøn ordbok* som passa godt til det inntrykket eg hadde av korleis diftongeringa gjekk føre seg. Denne diftongeringa verkar også i ord med *e+ðr*, og slik kjem også ord som *veðr* (*vêr*) inn her. Eg merka meg at ord som *á dele* ofte fekk forma *á deile*, men dette er eit tysk ord og har behalde diftongen frå *zu teilen*. Det same gjeld til dømes ord som *foreining*, som gjerne vert uttalt med *e* no, men som opphavleg hadde diftong. I byrjinga av arbeidet var dette ein stor variabel med mange treff og mange variantar, som omfatta både lange og korte diftongar og monoftongar. Etter samtale med rettleiar vart denne variabelen innsnevra til å gjelde berre dei lange diftongane og monoftongane, slik at den endelege lista over ord som eg tok med i merkinga, var *tre*, *ser*, *vêr*, *meter*, *brev* og *fele*. Det var andre ord med lang lyd, men desse hadde ikkje variasjon. Eit av dei mest frekvente orda i variabelen som eg utelet, var ordet *her*. Det blei òg teke ut, sidan eg ikkje kunne finne diftongering eller annan variasjon i dette ordet i materialet mitt, eller hos Øyehaug (1972), Ulvestad (2009) eller Skulerud (1934). Diftongering av norrøn *é* er mest sannsynleg på retur hjå dei yngre språkbrukarane.

V08 Uttale av ð – d – 0: Denne variabelen skal vise korleis den norrøne uttalen av stemt frikativ *ð* er avspegla i moderne tid. Blir denne uttalt som ein frikativ, vil Vanylven i så tilfelle vere ein av dei siste plassane i Noreg at det er slik. Dei fleste plassar frikativten fanst i norrønt, har den vorte erstatta av ein *d*. Eg vil undersøkje korleis denne *d*-uttalen varierer i materialet mitt, og om han er i ferd med å gå i retning av ei nullform. Talebanken gjorde at ein kunne søke opp alle ord med vokal + *d*. Då fekk ein også ord som ikkje kan ha variasjon. Desse er utelukka i merkinga. Dette gjeld til dømes ord som *bad* (substantiv), som naturleg nok ikkje kan verte uttalt utan *d*. Elles har eg merka alle ord som kan ha variasjon i denne variabelen. Som ein kan sjå i resultatkapittelet har eg i aldersklasse gjort ei ekstra analyse av denne variabelen for dei orda som viste variasjon i merkinga i materialet mitt.

V09 +/- Palatalisering av velarar: Vestlandet i dag vert rekna som kjerneområdet for dette draget (Sandøy 1990: 66). Når dei velare konsonantane /k, g/ går over til det tilsvarande palatalane /ç/ og /j/ er det snakk om palatalisering. Ein finn palatalisering i verb, substantiv og adjektiv og pronomen. Det er ikkje alltid gitt kva verb i infinitiv som får palatalisering. I eit verb som ”steike” vil infinitiven ofte vere palatalisert til /stei:çe/, men ikkje i infinitiven av å /lei:ke/. Ein må difor lære seg for kvart verb kvar det skal vere palatalisering av velarane eller ikkje (Sandøy 1996: 130). Palataliseringa i substantiv og adjektiv er derimot meir regelbunden.

Dei eldre språkbrukarane har gjerne palatalisering i ord som /fólçe/ (folket) og /stycçe/ (eit stykke). Den historiske utviklinga av velare konsonantar skildrar Sandøy slik:

... i eldre mål (norrønt) kom ein fremre ikkje-låg vokal bak den velare konsonanten (jf. *bakki*, *veggir* osv.) Ved ein assimilasjon ”drog” den fremre vokalen konsonanten framover i palatal retning ... (Sandøy 1996: 58)

Etter dette oppstod det ein allofon av den velare konsonanten, og dette kunne skildrast i ein generell fonologisk regel om at til dømes /k/ vart /ç/ framom ikkje-låg vokal. Sandøy forklarar vidare at det berre var *i* av endingsvokalane som var aktuell som ”utløysar” av palataliseringa, men i trykktunge stavingar, kunne det

verte palatalisering òg framom: *y, e, ø og æ* (Sandøy 1996: 59). Det er viktig å understreke at i Noreg har alle heimlege ord palatalisering i innlyd som i /çene/ (kjenne), men at det framfor *endestaving* kan vere stor variasjon.

Ettersom vokalane i endestavingane har fått forandra kvalitet utan det har endra kategoriane palataliseringa skjer i, er det for moderne dialektar snakk om ein morfofonologisk regel. Eit eksempel vert illustrert med det moderne ordet *truck*, som i dativ vil heite [trøça] når det har gått igjennom den morfofonologiske regelen, slik heimlege ord oppfører seg også (Sandøy 1996: 59).

Palataliseringa er på vikande front, spesielt reknar ein det for å vere nesten vekke hjå unge språkbrukarar. Det vert rekna for ei sterk grammatisk forenkling, og Sandøy meiner det ikkje er vanskeleg å forstå at språkutviklinga går denne vegen i møte med dialektar som ikkje har denne realiseringa (Sandøy 1990: 67). Eg har berre sjekka palatalisering av substantiv i mitt materiale, for å avgrense mengda. Det vart likevel godt med treff per informant.

V10 Utvikling av rt-samband: Tradisjonelt manglar dialekten på Søre Sunnmøre retroflektering. Han har uttale som *tynn-l* og *r-en* er alveolar tapp eller trill, slik at orda *gult* og *surt* vert uttalt: /gʊ:lt/ og /sʊ:rt/. I dialektar med tjukk-l ville desse to orda ha rima på kvarandre. Likevel er det slik at på Sunnmøre har retroflektering av konsonantsambandet *-rt* spreidd seg. Dette mønsteret ser ein først har spreidd seg til Ålesund, og deretter vidare til Nordre Sunnmøre. Kring andre verdskrigen var retroflektering eit relativt nytt drag i Ålesund. Eg vil undersøke om det også spreier seg til Søre Sunnmøre (Sandøy 1996: 161ff, Sandøy 1990:74). Fenomenet ser ut til å oppføre seg uavhengig av tjukk-l, sidan det utviklar seg slik det gjer.

/r/ + alveolar /t/ går over til med postalveolar eller retrofleks *t*, dvs at. /sʊ:rt/ vert til [sʊt] eller [sʊ:t], medan /gʊ:lt/ framleis er [gʊ:lt]. Eg var heilt sikker på at *rt-sambandet* eg høyrde ungdomane i Åram nytta, var retroflektering. Men det skulle vise seg at berre tre av treffa var nettopp det, medan storparten av dei andre var ein postalveolar /t/. Meir om dette i drøftingskapittelet.

V11 +/- Svarabhaktivokal i adjektiv

Adjektiv i ubestemt form eintal sterk form i femininum og maskulinum, har tradisjonelt sett i sunnmørsmålet hatt svarabhaktivokal som ending. Slik kan ein høyre formene *ein høge mann*, *ei høge dame* og så bortetter. Dette verkar vere

former som vert erstatta av former utan svarabhakti. Difor vil eg undersøkje korleis denne utviklinga viser seg hjå mine informantar.

3. Teori

Språket endrar seg, noko det alltid har gjort og sannsynlegvis alltid vil gjere. Enkelte meiner at språket endrar seg fortare og fortare, og at vi snart kan få eit dialektlaust samfunn i Noreg. Ein har kanskje høyrte at somme seier at engelsk kjem til å ta over for norsk, og at dialektane i så måte vil døye heilt ut. Andre igjen ser ikkje så ”dramatisk” på utviklinga, men opnar for at vi kanskje kjem til å sjå ei utjamning av dei heilt lokale dialektane, og heller kan snakke om ei regionalisering. Men kven og kva er det som styrer utviklinga? Og korleis skjer eigentleg ei språkending, og korleis kan ein kartleggje utviklinga? Kan ein for eksempel sjå at dei fleste trekk spreier seg frå regionscentrumet, frå by til land, eller finst det også andre tendensar? Og kva sosiale variablar kan vere relevante for ei gransking av Åram? Kapittelet nedanfor vil belyse dei viktigaste teoriane om språkending og i tillegg setje desse i samanheng med mitt eige prosjekt.

While linguistic *convergence* can be described as the linguistic manifestation of speakers adapting ”to the speech of others to reduce differences” (Siegel 1985: 367), *divergence* is the exploitation of differences, for example by using different features more often and thus making them more salient. In sum, ”according to this theory people may adjust their speech with others either to reduce or to accentuate linguistic (and hence social) differences between them.” (Siegel 1987: 240.)³⁸

(Frå Auer et.al 2005: 6-7)

3.1 Kvifor skjer språkendingane?

I boka *Talemål* frå 1996 presenterer Helge Sandøy sine teoriar om språkending. Han nemner fem indre og fem ytre språkendingfaktorar. I dette delkapittelet er alle opplysningar henta frå Sandøy 1996, 129- 143. For å lette lesinga brukar eg berre sidetal i parentes for å vise til Sandøy.

Den første av dei indre språkendingfaktorene er *regelinnsvring*. Her kan mange av orda som før vart påverka av ein regel, ”bli meir avgrensa ved at kategoriar fell ut or verkeområdet for regelen” (s.131). Dette viser han med eit døme frå ei av undersøkingane til Martin Skjekkeland, som er gjort i Bø i Telemark i 1980. Her viser han ein markant nedgang av palataliserte former hjå den yngre generasjonen. Ein kan sjå tabellen på side 131 i *Talemål*. Der ser ein at i dei fleste kategoriane som før hadde konsonantskifte etter regelen om velar palatalisering, får ein nedgang. Men i to klasser er ikkje nedgangen like markant som i dei

³⁸ Mi utheving.

andre. Det gjeld klassane svakt femininum, og svakt nøytrum. Her meiner Sandøy at det ikkje dreier seg om eit grammatisk konsonantskifte, men heller ”om eit fast leksikalisert drag”. (131-132). Eit eksempel han viser til, er i paradigmet til ”eit merke”, som framleis ser slikt ut hjå dei unge også: /²mærc̄æ - ²mærc̄æ - ²mærc̄æ - ²mærc̄a/. Her har gjennomsnittleg bruksprosent gått frå 87 til 57. Reduksjonen gjeld i større grad for paradigmet til for eksempel *bakken*, som også i gammalt mål berre gjaldt eintal ubestemt form, slik at det vart /²bac̄æ - ²baken - ²bakar - ²bakene/, og her har det vore ei stor endring frå den eldste gruppa i materialet til den yngste, heilt frå 67 til 7 treff. Dei maskuline orda fell altså ut av at regelen, og vi kan seie at regelen om velar palatalisering har vorte meir avgrensa.

Den andre av dei indre språkendingane er *regelutviding*. Dette tyder at i staden for at dei fonologiske reglane forsvinn ut av bruk, som ovanfor, så ”et” dei seg utover på andre ord i paradigmet, noko som resulterer i ei meir ”generell form.” Sandøy skriv at ein i dei fleste dialektar tradisjonelt ikkje fann palatatisering av dativformene i eintal bestemt form av svake maskuline substantiv fordi ”endingsvokalen var *a*” i norrønt (s.132). Dette gjeld blant anna ord som det norrøne *bakkanum*. Sandøy seier at ein likevel i Fjordane og på Sunnmøre kan sjå at desse også fekk palatal affrikat, slik at ein kan få formen /²bac̄ça/. Dermed kan ein no seie at ”regelen her gjeld såleis heile *maskulinum eintal*, mens ein på eit tidlegare stadium måtte spesifisere meir: *Eintal for maskuline ar- og er-klassar, eint. ub.f. og eint. b.f. nemneform for svake maskuline*. Den nye generaliseringa er opplagt enklare – og ho vil råke fleire substantiv.” (s.132.)

Den tredje er *analogi*. Her er det snakk om uproduktive klasser, som ikkje får tillagt fleire medlemmer (s.133). Dette er klasser som i følge Sandøy vert mindre fordi dei eksisterande orda går over til produktive klasser, og det er dette ein kallar ”analogi (= ”det å komme i samsvar med”) (s.133). Han viser blant anna til at den ikkje-produktive maskuline er-klassen med døme som *sauer* og *benker* i mange dialektar er på veg over i den produktive ar-klassen. I den feminine substantivklassen med –ar ser det ut til å vere meir stabilt, og dette meiner Sandøy kanskje er fordi endinga –ing framleis er produktiv, og nye ord med –ing får denne bøyinga. Derfor meiner han at gamle ord som til dømes *myr* også held på denne bøyinga.

Den neste siste er *funksjonell tyngd*. ”Grammatikken er oppbygd som eit system av motsetningar (opposisjonar) som må ha ei språklig markering” (s.133). Det vil seie at når det for eksempel skjer eit formsamanfall som til dømes med r-bortfallet i /²kasta/, vil presens og preteritum bli like. Formsamanfallet er strukturelt uheldig, då ein ikkje lenger kan skilje mellom presens og preteritum. Her har Vestlandet laga seg ein ny bøyingsklasse, ”blanda

bøying” og får då *baka – baka – bakte – bakt*. Eit anna døme på eit morfologisk trekk som har forsvunne, er dativ, for ”den morfologiske opposisjonen mellom nemneform og dativ er eigentleg lite utnytta i språket.” (s.134.) Dette tyder at den funksjonelle tyngda av dativ ikkje er like stor som tempusforskjellen i dei to bøyingsklassene ovanfor, og behovet for å ”reparere” på bøyingsklassane ved tap av dativ er marginalt. Mange verb og adjektiv styrte fast dativ og representerte ikkje ein semantisk distinksjon. Det er i desse posisjonane dativen har falle først, sjølv om han kan halde seg lenger ved enkelte preposisjonar.

Den siste av dei indre faktorane er *naturlegheit*. Dette kan kort forklarast som det språkstrukturen og språkorgana sjølve ”tykkjer” er mest naturleg. Her viser Sandøy til at målet på Søre Sunnmøre har /ɪ/ og /ʏ/ samtidig som /i/ og /y/ med både korte og lange allofonar. Det ser ut som at distinksjonen vik først i dei korte posisjonane, då det truleg er vanskeleg å skilje så fine nyansar. Sandøy dreg også fram at somme hevdar at grunnen til den raske utbreiinga av skarre-r er at han er enklare å uttale og derfor meir naturleg (s.135).

Dei ytre faktorane er forhold i samfunnet som kan påverke språket. Den første han nemner, er *endringar i materiell og åndelig kultur*. Med dette meiner ein at når til dømes nye domene i språket kjem til, som for eksempel i dataalderen, treng ein nye ord som passar til nyvinningane. Gamle ord går også i gløymeboka, når yrka forandrar seg. Eit godt døme på det er sjøfarten, som dei siste hundre åra har opplevd ei eksplosiv teknologisk utvikling, slik som resten av samfunnet. Han viser også til ”slang”. Slang vert ofte rekna som eit ungdomsspråk, eller eit gruppespråk, som dei brukar til å markere seg med. Desse orda kan skifte fort og kjem ofte inn i ungdomsgrupper. Ofte vert dei verande der og vert assosiert med yngre språkbrukarar. Sandøy understrekar at det ikkje kan bevisast at denne årsaksfaktoren har nokon innverknad på språkssystemet (s. 135-137).

Den andre faktoren er *identifiseringsfunksjonen til språket* (s. 137). Her går det på dei sosiale normene som saman skapar ei konservering av språket. Grunnen til at språket, trass i at det skjer enkelte endringar, er såpass stabilt, er at vi ynskjer å vere konforme med dei rundt oss. Språk skapar ei felleskjensle som er naturleg, og som kan vere vanskeleg å bryte ut av. Oppblomstringa av til dømes nytt næringsliv kan føre til auka *sosial mobilitet*. (s.137) Auka sosial mobilitet kan igjen føre til eit behov for å endre språket, og dette kan føre til endring både hos enkeltindivid og grupper. I det moderne samfunn er den *geografiske mobiliteten* (s.137) påfallande. Sett i motsetning til tidlegare tider har moglegheita for å reise og å bevege seg vorte mykje større. Folk jobbar også mykje utanfor heimeområdet. Dette er noko som kan ha innverknad på språket, og noko som vert nemnt fleire gongar i denne oppgåva. Dei fleste

mennene i mitt materiale har i større og mindre grad alltid hatt stor geografisk mobilitet, fordi dei har jobba på sjøen.

Prestisje er også viktig for språket. Enkelte språkdrag kan ha ulik prestisje, og ein ser at språkdrag med låg prestisje ofte har ein tendens til å verte fasa ut. Ein kan likevel sjå at enkelte trekk som får for ”høg” prestisje, ofte har ein tendens til å verte latterleggjorte. Dette kan ein sjå enkelte plassar utanfor bysentrum og liknande. Der kan ein høyre folk gjere narr av bydialekten fordi han er ”for fin”, og at dei mest utprega trekka er noko dei kan gjere narr av. Dette gjer, som Sandøy skriv, at det ikkje alltid er overklassedialektane i ein by som spreier seg til områda rundt. Både i København og Oslo ser ein at det er det urbane gatespråket som lettast slår rot (s.139). Likevel understreker Sandøy at ein må definere ”prestisjespråk” uavhengig av ”påverknad”. Det dei fleste tenkjer på når dei høyrer ordet prestisjespråk, kan vere det som er ”mest akseptert” eller ”mest sosialt akseptert” (s.139). Det er ikkje sikkert at dette er det språket som påverkar bygdene rundt mest. For eksempel er det ikkje sikkert at Ålesund har den klaraste påverknadskrafta på Åram. Kanskje er det heller bygdene rundt som påverkar, sjølv om ein kanskje vil rekne ålesundsdialogten som mest prestisjefull, dersom ein reknar den næraste store byen som den mest prestisjefulle av sunnmørsdialektane.

Også *skriftmålet* kan vere med å påverke korleis dialektane utviklar seg. ”Moderat bokmål” (s.140) blir ofte assosiert med høg prestisje. Her kan lærebøker, aviser og andre medium påverke, spesielt på ordforrådet. Til slutt må ein ta med *massemedia*. Slik som Sandøy skriv, og som ein ofte høyrer om, leikar born ofte på austlandsk. Likevel kunne ein sjå tendensar til liknande ting før radioen og tv kom. Det som kan gjere at det har vorte vanlegare enn før, er at tilgangen til etermedia har betra seg, og derfor treng det ”ikkje vere anna enn at det aukar kjennskapen til prestisjedialekten.” (s.141.) Det er vanskeleg, kanskje umogleg, å peike på ein av desse faktorane aleine som kan forklare ei språkending. Ofte må ein rekne at fleire av dei har vore i sving for å kunne forklare endringa.

3.2 Korleis skjer språkendingane?

Men korleis skjer ei språkending? Det er vanleg å snakke om det ein kallar ”innovasjonsaugneblinken” (Sandøy 1996: 142). Første gongen det skjer, kan det til dømes dreie seg om ein ”feil”, som berre vert sagt ein gong. Ofte kan det bli med den eine gongen eller med denne eine personen, spesielt viss dette vert lagt merke til av andre og personen vert korrigert for feilen. Men dersom denne vert sagt fleire gongar, så plukka opp av andre, då har det skjedd ei endring. Kor omfattande endringa vert, må blant anna sjåast i lys av faktorane eg har nemnt ovanfor, både indre og ytre.

To omgrep som Labov nyttar om spreining av språkending, er *transmission* og *diffusion*, eller *overføring* og *spreiing*. Dei to prosessane er ganske ulike mekanismar og har ulik effekt, og dei kjem frå ulike typar språklæring (Labov 2010: 307). Overføringa skjer mellom generasjonar, frå vaksne til born, medan spreinga skjer mellom vaksne. I fleire studiar har det vorte vist til at born etter ein viss alder ikkje lenger er i stand til å kunne lære språkssystemet fullstendig, spesielt når det gjeld fonologi. Det er hevda at denne alderen kan vere frå niårsalder og framover til syttenårsalder. Likevel har seinare studiar vist at det ikkje er heilt umogleg for vaksne å kunne endre dei lingvistiske systema sine etter denne kritiske perioden (Labov 2010: 311).

Når det gjeld den geografiske spreinga av trekka, skil ein ofte mellom to ulike modellar, nemleg *bølgjemodellen* (wave model) og *tyngdekraftmodellen* (gravity model) (Auer et al. 2005: 8). Bølgjemodellen vert skildra slik: ”the elimination of isoglosses which previously served to differentiate two dialects through the spread of features from one dialect area over the territory of the other.” (Auer et al. 2005: 8.) Tyngdekraftmodellen ser slik ut: ”Innovations are supposed to jump from large influential cities to smaller, less influential ones, in order of decreasing size (the ”urban hierarchy”).” (Auer et al. 2005: 8.) Spesielt tyngdekraftmodellen lar seg enkelt illustrere ved spreining av skarre-r, som skal ha spreidd seg så langt nord som Måløy i Sogn og Fjordane.

Når dialektar kjem i kontakt med kvarandre kan ein ofte oppleve ei nivellering.

Unn Røyneland (2005) definerer dialektnivellering slik:

Dialektnivellering er her forstått som eit dynamisk dialektkontaktfenomen som inneber at den strukturelle skilnaden mellom nærskyldte dialektar gradvis blir redusert, og at variasjonen innom ein dialekt også *gradvis* blir redusert. Røyneland (2005: 40)

Røyneland skriv også at dialektnivellering er *reduksjon av strukturell variasjon*. ”som

tyder at talet på trekk som skil ein varietet frå andre varietetar, blir redusert, og at variasjonen innom ein varietet også blir gradvis redusert.” (Røyneland 2005: 40.) Ho skriv vidare at slik det er i enkelte norske dialektar no, kan dette i ein periode føre til auka variasjon i dialekten før det fører til reduksjon av variasjon.

Unn Røyneland viser til at det har vore ein diskusjon om *forenkling* og *nivellering* kan vere to ulike prosessar, men ho brukar desse to omgrepa om det same fenomenet, og at nivellering og forenkling dekkjer både inter og intrasystemisk variasjon.

3.2. Regionalisering eller standardisering?

Det har lenge vore ein pågåande debatt om kva prosessar som styrer språkendingane i Noreg. To hovudsyn har kome ut ifrå denne debatten, det eine er ein teori om ei talespråkleg regionalisering, medan det andre dreier seg om ei standardisering. Sjå blant anna Sandøy (2009) og Mæhlum (2009).

Mæhlum er forkjempar for synet om at talemålet i Noreg vert utsett for ei standardisering. Med ein slik standarddimensjon meiner ein at ein dialekt ligg over alle dei andre dialektane i ”statushierarikiet” og styrer utviklinga av desse i større og mindre grad. Eit slikt syn på språkutvikling er på ingen måte særnorsk og ein ser att liknande mønster i mange land. Dei som er forkjemparar for dette synet meiner at standardspråket i Noreg er ei form for austlandsk, utan at ein i Noreg kan snakke om eit standardtalemål som er regulert eller bestemt av ein offentleg instans (Mæhlum 2009).

Det motsette synet dreier seg om ei *talespråkleg regionalisering*. Her er det snakk om at talemål utviklar seg uavhengig av eit eventuelt standardmål. Gunnstein Akselberg definerer ein talemålsregion slik: ”Ein region med fleire karakteristiske talemålstrekk t.d innom fonologien, morfologien, prosodien, syntaksen og leksikon, eller innom ein kombinasjon av endringar innom to eller fleire av desse språklege sektorane.” (Akselberg 2005: 110.) Ein regionaliseringsprosess er ein prosess som fremjar, etablerer, endrar eller utvidar ein talemålsregion med omsyn til omgrepa ovanfor – utan at standardspråket spelar noko rolle.


Akselberg meiner at eit regionaltalemål er eit talemål som karakteriserer ein talemålsregion, som skil seg frå dei dialektane som fanst i dette området før, og at dette regionaltalemålet har eit eller fleire trekk frå dei ulike dialektane i området. Han seier også at det er trekk frå det mest dominerande talemålet i området, til dømes eit økonomisk og administrativt, som har størst påverknad på talemålet i ein talemålsregion. Eksempel kan vere Trondheim i Sør-Trøndelag, Bergen i Hordaland og så bortetter. Likevel er det ikkje alltid det

urbane som påverkar regionaliseringa, og nabobygdene rundt kan også påverke. Ein kan også snakke om *deregionalisering*, der ein kan sjå at eit homogent regionalmål som ligg på eit høgare geografisk nivå, vert splitta opp og vert brukt i mindre geografiske regionar (Akselberg 2005: 114-115).

Er det då slik at det nye regionaltalemålet erstattar fullstendig det gamle talemålet? Somme plassar kan ein sjå at det dreier seg om spreining av *komplette varietetar* som til dømes bergensmålet eller oslomålet. Likevel kallar ein også spreining av *einskildtrekk* for regionalisering. Akselberg gjev eksempla med /f/ og /ç/, som ofte har spreidd seg frå bysentrum og utover til dei nærliggjande områda (Akselberg 2005: 113).

Eg vil nedanfor leggje fram to ulike modellar som skildrar standardiseringsprosessar og regionaliseringsprosessar. Den første er laga av Peter Auer og Frans Hinskens, og er henta frå doktoravhandlinga til Unn Røyneland (2005).

Figur 5: Modell for standardiseringsprosessar



(Røyneland 2005: 45, etter Auer & Hinskens 1996)

Ein kan tenkje seg mange ulike scenario, slik det går fram av dei tre pyramidefigurane, og Røyneland forklarar det slik: (i) diffus språksituasjon, (ii) nye fokuserte blandingsvarietetar, (iii) nye regionale dialektar overtek og dei tradisjonelle dialektane forsvinn. Røyneland skriv også at desse ulike scenarioa skildrar ”den diakrone gangen i nivelleringsprosessar”. Ein ser først (i) auka variasjon i eit diasystem, ved at språkbrukarane får fleire alternative former til disposisjon. (ii) og (iii) gjer at ein får mindre variasjon. Nokre variantar forsvinn, og ein kan i enkelte tilfelle snakke om dialektdaude (Røyneland 2005: 45). Her ser ein at den nasjonale standarden ligg på toppen av hierarkiet, og styrer den vertikale nivelleringa mot ein nasjonal

standard, medan den horisontale nivelleringa viser korleis dei tradisjonelle dialektane påverkar kvarandre.

Akselberg har laga ein alternativ modell, som ein kan sjå nedanfor.

Figur 6: Akselberg sin modell for talemålsregionalisering



(etter Akselberg 2005: 120)


Ein slik modell passar betre til det norske samfunnet, meiner Akselberg. Dette er fordi ein flyttar standarden frå toppen av hierarkiet, og det gjer at det norske samfunnet kan ha ei gjensidig påverknad frå det rurale, det urbane og ein eventuell standard. Slik kan ein også få med påverknaden frå skriftmålet inn i denne modellen.

I drøftinga mi vil eg vurdere om det er mogleg å sjå ei slik talespråkleg regionalisering på dei variablane eg har valt i mitt materiale.

3.3 Meir om språkendring

Det er vanleg at eit reknar eit visst tidsperspektiv i språkendring, men dette kan sjølvstøtt variere frå endring til endring. Likevel er det vanleg å illustrere språkendring med ei s-kurve.

Figur 7: S-kurve



39

S-kurva vert definert slik: A type of curve that shows the growth of a variable in terms of another variable, often expressed as units of time.⁴⁰ Det ein ser på figur 7 ovanfor viser at ei endring først skjer sakte, før det går raskt oppover, til det igjen flatar av på toppen, noko som ofte er tilfelle for språkendingar òg. Endringa skjer først hos ein person. Så ”smittar” ho over til fleire, før ho verkeleg får tak i språksamfunnet. På slutten manglar ho kanskje berre hjå nokre få, før den får innpass hjå heile språksamfunnet. Då er endringa fullstendig. Ein variabel eg trur ein kan følgje i ei slik utvikling i språksamfunnet Åram, er utviklinga i rt-samband blant dei unge slik at dei i større grad vel ein postalveolar lyd, som minner meir om retofleksane dei har i Ålesund.

I språkendring kan det vere relevant kor stor *saliens* kvart enkelt språktrekk har. (Sjå blant anna diskusjon hjå Røyneland 2005: 64-70.) Med *saliens* meiner ein at språkbrukaren sjølv er bevisst på kva språktrekk ein har i språksamfunnet og brukar sjøve. Nokre hevdar at høg *saliens* eller markertheit kan føre til at nokre språktrekk er meir ”utsette” enn andre. Anten slik at språkbrukaren vel å bruke dei saliente trekka ekstra mykje for å markere sin eigen identitet eller samhold i ei gruppe, eller velje å bruke dei mindre for å distansere seg frå dei rundt. Eit viktig argument i diskusjonen rundt *saliens* er at bruk av dette omgrepet fort kan ende i *sirkularitet* (Mæhlum 2007: 105), sidan omgrepet vert brukt både i situasjonar der eit språktrekk vert eliminert og der det *ikkje* vert eliminert. Det er difor vanskeleg å finne ein

³⁹ <http://insights-foresight.blogspot.no/2009/01/presence-exploration-of-profound-change.html> (Sist besøkt 4.03.13)

⁴⁰ <http://www.businessdictionary.com/definition/S-curve.html> (Sist besøkt 04.03.2013)

eintydig definisjon på dette omgrepet (Mæhlum 2007: 105). Ein må studere kvart enkelt språksamfunn for å kunne vurdere kva trekk som er saliente eller ikkje. Hjø mine informantar tykkjer ikkje eg sjølv at det kom fram spesielt klårt om det var nokon heilt spesielle språktrekk som hadde meir saliens enn andre, sjølv om uttale av "eg" som "ai" er noko mange nemner som "slik dei snakka før". Elles går det ofte på det leksikalske nivået, som "påse" for "pose" eller "kjete" for "kitle", og også spesielt lokale uttrykk brukt i fiske, som ikkje vert forstått når ein snakkar med folk frå andre plassar.

3.4 Fleire sosiale variablar

På bakgrunn av metafile nemnt i metodekapittelet har ein mange ulike sosiale variablar ein kan undersøkje, det vere seg kjønn, alder, foreldrebakgrunn, dialekt, foreldra sin dialekt/opphavsstad, eige yrke eller foreldre sine yrke fordelt i næringar, i tillegg til yrkeskontaktflate og sosial klasse. Det er dei to siste, i tillegg til kjønn og alder eg primært vil fokusere på i denne oppgåva.

3.4.1 Kjønn

Det vert hevda at kvinner oftare tek til prestisjeformer enn menn. Labov (2001) har utforma det han sjølv kallar Principle 2, the linguistic conformity of women: «For stable sociolinguistic variables, women show a lower rate of stigmatized variants and a higher rate of prestige variants than men.» (Labov 2001: 266.)

I boka *Sociolinguistics* skriv Hudson om det han sjølv kallar The Sex / Prestige Pattern:

In any society where males and females have equal access to the standard form, females use standard variants of any stable variable which is socially stratified for both sexes more often than males do (Hudson 1996: 195).

Det må vere ein interessant teori å teste sidan dei eldste informantane mine er såpass gamle at dei voks opp i eit samfunn der ein sannsynlegvis ikkje hadde noko særleg tilgang til høgare utdanning i det heile teke. Derfor er det interessant å sjå på gruppa som er fødd rundt 1950-60 då samfunnet endra seg radikalt og kvinner i større grad fekk tilgang til høgare utdanning. Er det mogleg at det skjer noko i den alderskohorten? Snur kvinnene frå å ha dei tradisjonelle formene til å vere dei som tek med seg nye variablar inn i språket? Hudson understrekar at dette berre gjeld former som er «socially stratified» (Hudson 1996: 195), altså

laust oversett: Sosialt lagdelande. Dette kan vere ein variabel som folk sjølve anten brukar bevisst eller ubevisst for å identifisere seg til gruppa, eller ta avstand frå ei gruppe.

Det er likevel viktig å tenkje på at ikkje alle sosiolingvistiske variablar viser kjønnsforskjellar (Labov 2001: 269), og at dette kan variere frå samfunn til samfunn. Ein må difor vurdere korleis samfunnsforholda låg til rette for dei ulike kjønna i dei ulike tidsepokane ein undersøker. Ein annan teori som Labov introduserer, er at kvinnene si rolle i språklæring til borna sine er så viktig, at det er større sjanse for at språket deira vert plukka opp av neste generasjon (Hudson 1996: 197). Dette er nok vanskeleg å bevide i ei slik oppgåve som eg skal skrive, for det må nok ei omfattande familiegransking til for å kunne komme med påviselege samanhengar.

Men kvifor finst det i enkelte samfunn lingvistiske kjønnsforskjellar? Historisk har det vore slik at kvinnene har hatt lågare status enn menn. Janet Holmes skriv at ei av forklaringane kan vere at kvinner sjølve meiner dei manglar status, og at dei derfor lettare markerer seg sjølve med statusformer for å auke sin eigen status. Ei anna forklaring kan vere at i mange samfunn vert det meir eller mindre forventat at kvinner har ”betre” oppførsel enn menn, og at kvinner skal vere rollemodellar for born. Kvinnene står for den ”korrekte” oppførselen i samfunnet, som då igjen skal kunne henge saman med eit meir korrekt språk, med større innslag av til dømes standardvariantar. Ei siste forklaring på kvifor kvinner vel flest statusformer, er at underordna grupper tradisjonelt må vere høflege. Slik barn skal vere høflege mot vaksne, skal kvinner vere høflege mot menn, og difor vel dei seg fleire statusformer for å verke meir høflege. Like viktig som å spørje seg kvifor kvinner vel dei formene som dei gjer, er det viktig å spørje kvifor menn oftare vel seg dei meir tradisjonelle formene. Eit av svara kan vere at dei tradisjonelle formene har fleire ”maskuline” konnotasjonar. Då vil i tillegg kvinnene ikkje velje desse formene (Holmes 2001: 153-73).

Det er nok likevel størst sjanse for å finne større variasjon i kjønnsvariabelen i samfunn med større sosial lagdeling og tydelegare kjønnsdeling enn det er i Noreg, sjølv om det kan vere interessant å sjå korleis skilnaden er, spesielt i dei gamle opptaka. Her var det kvinnene som var heime og stelte, medan mennene stort sett var ute på fiskeri. Ein må også tenkje på kva variablar som faktisk kan reflektere sosial lagdeling i eit slikt samfunn. Sidan dei ikkje snakkar om korleis dei ser dialekt i dei gamle opptaka, får eg ingen hint om korleis dei såg på det.

3.4.2 Alder

Når ein ser på dialektendring og alder, må ein ta til følge det ein kallar for «age grading» (Hudson 1996: 15), eller livsfaseendring. Med dette meiner ein at språket kan endre seg gjennom livet til kvart enkelt individ. Difor deler ein gjerne det «lingvistiske livet» opp i ulike fasar. I barndomen er dei ein tilpassar språket til eldre barn og vaksne som ein har rundt seg. Hudson hevdar også at talen til borna er ekstremt konservativ på denne tida. Det er i denne alderen ein begynner å forstå at det finst sosiale normer også innanfor språk og talespråk.

Ungdomstida kan ofte vere ei ganske «ustabil» tid lingvistisk sett. Ein ser ofte store innslag av slang og, som tidlegare nemnt, eit behov for å markere seg og opponere mot andre. Ein hamnar også lettare med i ulike gjengar som har mykje å seie for korleis ein markerer seg språkleg. Når ein vert vaksen derimot, er rollemodellane andre vaksne. Ein vel ulike vegar i livet, og dette kan påverke korleis ein brukar språket, sjå blant anna delkapittelet om klasse (Hudson 1996: 14-17). Sjølv vil eg leggje til ein fjerde kategori, nemleg pensjonisttilværet. Etter ein er ferdig i yrkesaktiv alder, går ein inn i ein ny fase i livet, som igjen skapar ei ny tid og kanskje nye lingvistiske val.

Ein kan av og til sjå at folk kan bruke færre tradisjonelle former midt i livet, spesielt i jobbsituasjonen. Dei meir tradisjonelle, og mindre prestisjefulle formene kan kome igjen når dei vert eldre og går inn i ei meir avslappa fase i livet. Mønster for korleis dette endrar seg kan variere frå samfunn til samfunn, men det er ikkje uvanleg å sjå at dei som er midt i livet brukar færre tradisjonelle former (Holmes 2001: 168-170).

3.4.3 Yrkeskontaktflate

I punktet om yrkeskontaktflate er informantane i mi oppgåve delt inn i to grupper, dei som jobbar innanfor, og dei som jobbar utanfor kommunen. Det er difor snakk om folk som har høg kontakt med folk frå andre språksamfunn medan dei er på jobb, òg folk som har mest kontakt med dei innanfor heimkommunen i jobbsamheng.

Eg vil gjerne teste denne variabelen på bakgrunn av at veldig mange av informantane mine har reist mykje i arbeid. Kanskje er dei som er tradisjonelle pendlarar, som gjerne er ute av kommunen kvar dag, eller er vekke i vekedagane dei som har endra dialekten mest. Mest påfallande er det store innslaget av fiskarar og sjømenn i materialet som gjerne har vore vekke

lange periodar om gongen, store delar av livet. Sjå 2.9 for oversikt over pendling i Vanylven kommune, og i tabellane i resultatkapittelet om yrkeskontaktflate.

Men kvifor kan denne variabelen vere viktig for dialektendring? Høg kontakt viser seg i mange situasjonar å vere avgjerande for dialektutvikling. Også for variabelen yrkeskontaktflate har endringane frå bondesamfunn til industrielt og seinare postindustrielt samfunn, med enorm forbetring i transport, ført til auka pendling og større geografisk mobilitet. Også utvikling av betre kommunikasjonar gjer at individ i kvardagen, og spesielt i yrkeskvardagen, ofte er meir i kontakt med folk. Slik kontakt kan ofte føre til korttidsakkomodasjon, men til slutt kan dette òg skape permanent konvergens (Auer et al.2005: 45). Dersom store delar av samfunnet pendlar eller er mykje vekke på arbeid, vil dette moglegvis kunne reflektere seg i språket.

Hjå mine informantar har eg delt desse inn i to grupper, dei som har yrkeskontaktflate innanfor kommunen og dei som har yrkeskontaktflate utanfor kommunen. Ein av informantane mine klarte eg ikkje bestemme i den eine eller den andre kategorien, så han fell utanfor.

3.4.4 Sosial klasse

Bakgrunnen for sosial klasse i moderne tid blei sett i gang av den dramatiske endringa av samfunnet etter den industrielle revolusjonen i England. Dette gjorde at det tidlegare jordbrukssamfunnet vart meir urbanisert, og samfunnet vart inndelt i klasser (Ash 2002: 402-403).

Det er vanleg i sosiolingvistikken å kunne sjå at folk frå forskjellige sosiale lag i samfunnet snakkar ulikt. Eit tradisjonelt eksempel på ulik språkbruk i ulike sosiale lag er Labov si undersøking av realisering av postvokalisk *r* i talemålet i New York. I ei av undersøkingane gjekk han rundt i tre ulike varemagasiner og undersøkte korleis uttalen av postvokalisk *r* endra seg blant dei tilsette på eit dyrt, eit middels og eit billigare magasin. I denne undersøkinga fann han ut at dei som jobba på det finaste magasinet, hadde høgast innslag av postvokalisk *r*. Uttale med *r* hadde på dette tidspunktet fått høg status i New York. Etterpå intervjuar han folk heime i både uformelle og formelle situasjonar og med ulike typar intervjumetodar. Her fann han ut at i dei formelle situasjonane vart det brukt meir postvokalisk *r*, og at dei i dei høgare sosiale laga på det jamne brukte fleire former med postvokalisk *r* enn dei i dei lågare klassene. Litt spesielt er det at postvokalisk *r* vert sett på

som å ha lågare sosial status i England, der forma utan postvokalisk *r* vert sett på som den mest prestisjefulle (Akselberg 2008: 129f, etter Labov 1966, 1972).

Men korleis er tilhøva for variasjon mellom sosiale klasser i Noreg? Akselberg skriv i den same teksten at den lågare mellomklassen skil seg ut i mange sosiolingvistiske granskningar i Noreg òg. Akselberg skriv at middelklassen ”på det tidspunktet denne undersøkinga vart gjennomført, ofte var den sosialt mest usikre, og at den signaliserer ønske om sosialt avansement med si sosiale åtferd, også den språklege.” (Akselberg 2008: 131.) Han viser òg til at det er høgare sosialt press på mellomlaga enn på dei øvre og lågare laga i samfunnet. Korleis vi har gjennomført inndelingane i sosial klasse i Dialektendringsprosessar, kan ein sjå i metodekapittelet.

3.5 Språksamfunnet

Omgrepet språksamfunn kan vere lett å bruke, men kva er det eigentleg? Kven skal reknast innanfor det same språksamfunnet? Wardhaugh (2006: 120ff) skriv at dei fleste menneske definerer seg som del av ei gruppe. Ei gruppe må vanlegvis ha to eller fleire medlemmar, men det finst inga øvre grense for kor mange det kan vere i ei slik gruppe. Slike grupper kan verte forma på bakgrunn av mange faktorar som sosiale, religiøse, kulturelle, familiære, yrkesretta og liknande. Sosiolingvistik er forskning på språket i ei spesiell gruppe, og denne gruppa er då sett saman av ulike individ. Alle desse individa kan ha ulike syn på korleis dei definerer seg med gruppa dei høyrer til i. Ein skal likevel vere forsiktig med å tenkje at alle individa i eit samfunn alltid gjer ”slik eller slik”. Ein kan ikkje forvente at alle individ i ei gruppe oppfører seg likt.

The speech community is not defined by any marked agreement in the use of language elements, so much as by participation in a set of shared norms; these norms may be observed in overt types of evaluative behavior, and by the uniformity of abstract patterns of variation which are invariant in respect to particular levels of usage. (Labov 1972: 121ff)

Sitatet over er henta frå Labov (1972), og han definerer det slik at det ikkje berre dreier seg om språkelement, men at dei som er i same språksamfunn, deler *normer* med kvarandre.

Reidunn Hernes skriv at i definisjonen til Labov vert språksamfunnet ”forstått som ei geografisk og sosialt avgrensa undersøkingseining som kan studerast uavhengig av storsamfunnet det er ein del av” (Hernes 2006: 53, etter Milroy og Gordon 2003:133-134).

Hernes meiner det er eit problem at ein ikkje ser det lokale språksamfunnet som ein del av ei større sosial og kulturell eining, og at dersom ein ikkje kan gjere det, vert det vanskeleg å kunne sjå dei lokale endringane i eit vidare perspektiv. Ho meiner ein må sjå språksamfunnet som ei brikke i ei større eining og legg vekt på at ein i teorien kan sjå på Noreg som eit språksamfunn, eller kanskje heile Skandinavia, sidan vi kan forstå kvarandre? Vi har jo svært mange delte normer. Det kan difor vere slik at vi alle kan definere oss i ulike språksamfunn. For mine informantar kan dette vere at dei i enkelte situasjonar ser på seg sjølve som ein del av språksamfunnet Åram, Vanylven, Noreg eller Skandinavia, alt etter kva situasjon dei er i. Det er jo heller ikkje alltid slik at det er det geografiske som avgrensar eit språksamfunn. Til dømes minoritetsgrupper kan danne eigne språksamfunn innanfor geografiske avgrensingar, der det også bur andre grupper menneske. Dei føler likevel at dei høyrer til eit samfunn innanfor samfunnet som har sine eigne normføresetnadar og tilknytingar.

3.5.1 Språkendring i ulike språksamfunn

Det eg vel å leggje i omgrepet språksamfunnet slik som eg har undersøkt det, er dei som bur innanfor eit visst geografisk område, som snakkar ei form for den lokale dialekten. Eg har valt å setje ei geografisk grense for kven som høyrer heime i språksamfunnet eg skal undersøkje, som det kjem fram i metodekapittelet. Eg har trekt ut dei som høyrer heime i 6149 Åram og har difor gått ut ifrå at dei som er fødde og oppvaksne på plassen og deler dei felles normene Labov meiner skal til for å kunne danne eit språksamfunn.

Men språkendring kan skje ulikt i ulike typar språksamfunn. Til dømes har ein i Noreg *industrisamfunn* som under industrialiseringa ofte fekk svært høg innflytting av arbeidarar på svært kort tid. Dette gjeld plassar som Høyanger, Odda og Tyssedal. Ein karakteriserer gjerne desse plassane for *språklege smeltediglar*, der det *konserverande presset* frå dei lokale språkkreftene manglar. Dei som forskar på endringar på industristadar, er svært interessert i å sjå kva slags trekk som vert verande att i den nye dialekten, og korleis dei ulike språklege trekka fordeler seg i samfunnet. Ein slik *koiné* vert utvikla når fleire dialektar møter kvarandre.

Ein kan også sjå utvikling av det ein kallar *etnolektar* i språksamfunn der ulike språk møter kvarandre, og *multietnolekt* vert brukt av fleire minoritetsgrupper for å saman kunne uttrykkje gruppetilhøyrse (Røyneland 2008:60f.). I dei etniske samfunna kan det kanskje vere stor variasjon i kor språkbrukarane kjem ifrå, slik som det også kan vere i *industrisamfunnet*, og desse samfunna kan vere svært *heterogene*. Dersom ein ser til Åram, har det ikkje vore ei

slik dramatisk endring i innbyggjartalet, som til dømes i eit industrisamfunn. Det er heller ikkje mykje innvandring, i alle fall ikkje med språkbrukarar frå andre nasjonar enn Noreg. Alt i alt kan ein rekne dette for eit relativt *homogent* samfunn, språkmessig. Eg har ikkje gjort ei systematisk undersøking av kor mange av dei som bur på Åram som er innflyttarar, men det er tydeleg dersom eg ser på foreldrebakgrunnen til informantane, at dei fleste har i alle fall minst ein forelder frå staden. Spesielt blant dei eldre språkbrukarane har dei oftast begge foreldra frå plassen, i tillegg til at folketalet held seg stabil.

3.6 Språk og identitet

Det kan vere vanskeleg og komplekst å forklare identitetsomgrepet. Britt Mæhlum peiker på to ulike identitetsoppfatningar, ei *essensialistisk* og ei *konstruktivistisk*, som igjen har opphav i to idéhistoriske retningar. Den essensialistiske identitetsoppfatninga meiner at identitet er noko permanent, som varer for alltid og er uformeleg. Ei slik identitetsoppfatning meiner òg at mennesket sin identitet ikkje kan verte påverka utanfrå, og at sosiale impulsar ikkje har noko å seie. Denne identiteten vil aldri endre seg, er medfødd, og konstant. Det motsette synet, *konstruktivismen*, meiner at identiteten til eit menneske skal kunne endre seg, er omskifteleg og dynamisk. Identitet er òg noko ein kan tileigne seg over tid, og identitet er det ein ”gjer” utav seg sjølv ved åtferd, livsstil og utsjånad (Mæhlum 2008: 109). Dermed kan ein moglegvis setje språklege val saman med korleis personen sjølv ser på sin eigen identitet.

Ei av dei større undersøkingane gjort i Noreg om identitet og språkutvikling er Martin Skjekkeland si avhandling om ungdomar i Kvinesdal (Skjekkeland 2009). Her lagar han seg to «personlegheitsklasser», som han vel å kalle *homo domesticus* og *homo dynamicus*. (Skjekkeland 2009: 65ff).

Han gjer ulike testar på elevane der han kartlegg om dei elevane som til dømes har eit stort behov for å flytte ut av bygda, har eit mindre innslag av tradisjonelle former enn dei som har tenkt å bu der resten av livet. Det kan vere at dette stemmer, men dersom ein skal følgje det konstruktivistiske identitetsbegrepet finst det ingen garanti for at ei/ein som er nært knytt til heimlassen og har lite «utbrytartrong» der og då, for alltid vil ha eit like høgt innslag av lokale former. Dette er ikkje noko eg vil undersøkje i mi oppgåve, men det kan vere ein interessant innfallsvinkel til vidare forskning på temaet rundt ungdomar, lokal tilknytning og val av tradisjonelle former. Sjølv om eg ikkje viser til slike kvalitative resultat på individnivå, må ein ta med i betraktninga at det finst intraindividuelle val av språklege strategiar, der individet sjølv, både umedvite og medvite kan vike frå den språklege *norma*.

3.6.1 Språklege normer

Det kan tidvis vere vanskeleg å definere omgrepet *norm*, men normer kan ”generelt sies å være den typen forestillinger som får oss til å handle konformt, altså oppføre oss på liknende måte som andre i våre sosiale omgivelser.” (Mæhlum 2008: 90.) Slik vert norma ein *sosial konvensjon*, og ut ifrå korleis normene er samansette, lærer ein seg korleis ein skal oppføre seg innanfor det dei sosiale omgivnadane tykkjer er innanfor det ein kan kalle normalen. Ein må likevel hugse på at norma er ei subjektiv oppfatning av dei ulike normene i samfunnet, og difor er det ikkje alltid at alle i like sosiale omgivningar har lik oppfatning av normene. Saman dannar ein seg eit felles normsystem, som gjerne vert mest synleg når nokon vel å bryte med dei. Det vere seg alt frå estetiske uttrykk, men òg språklege uttrykk som kjem fram både i delkapittelet om akkommodasjon og variasjon på individnivå, og slik kan normene ha ein dobbel funksjon, dei skapar både konformitet og kontrast (Mæhlum 2008: 92-99).

3.6.2 Akkommodasjon

Accommodation is one way of explaining how individuals and groups may seem to relate to each other. One individual can try to induce another to judge him or her more favorably by reducing differences between the two. An individual may need to sacrifice something to gain social approval of some kind, for example, shift in behavior to be more like the other. (Wardhaugh 2006: 114.)

Som sitatet ovanfor viser, må ein ofte ta omsyn til at individ sjølve kan endre språket sitt når dei snakkar med ein person, eller når grupper snakkar med grupper. Men akkommodasjonen kan slå ”begge vegar”, og ein snakkar om både *konvergens* og *divergens*. Det er slett ikkje sikkert at personen ein snakkar med, har lyst til å akkommodere med samtalepartnaren, men heller vil lage eit større ”gap” mellom dei to personane, fordi personen sjølv føler at ho eller han vil framheve sin eigen identitet eller gruppeidentitet med ei anna gruppe enn den samtalepartnaren representerer. Somme informantar kan seie at dei aldri endrar språket sitt i kommunikasjon med andre, medan andre seier at dei fort gjer det. Andre veit ikkje om dei gjer det i det heile teke, medan andre trur kanskje dei kan gjere det i enkelte tilfelle, men at dei ikkje legg merke til det sjølve. Eit resultat av akkommodasjon kan verte det ein kallar for *hyperkorreksjon*. Hyperkorreksjon oppstår når individ med vilje prøver å snakke som personar dei ser på som sosialt overlegne, men så overdriv dei slik at dei produserer språkfeil (Wardhaugh 2006: 167). Då kan dette ha ein motsett effekt, og den som snakkar kan

verte sett på som ein som prøver for hardt. Då vert kanskje samtalen kunstig, og personen som forsøkte å heve seg sosialt, klarte ikkje oppnå det han eller ho ville.

3.7 Hypotesar

Hypotesane er utarbeidd på bakgrunn av teorikapittelet og dei lingvistiske variablane som ligg føre i variabellista i kapittel 2.

3.7.1 H1: Alder

På bakgrunn om teoriane over, trur eg at: Den yngre generasjonen vil ha færre tradisjonelle trekk, som til dømes todelinga av det trykklette pronomenet ”ej/i”, dei vil ha mindre palatalisering av velarar, og dei vil ha mindre diftongering.

3.7.2. H2: Kjønn og alder

Eg trur vi vil sjå at: Kvinnene i dei eldste generasjonane vil ha fleire tradisjonelle trekk enn mennene, men at dette vil endre seg i takt med endringane i samfunnet, og at det i dei nyare generasjonane er omvendt: Kvinnene er innovatørane, medan mennene er dei tradisjonelle.

3.7.3 H3: Yrkeskontaktflate

Ettersom yrkeskontaktflata til mennene i større grad har vore prega av utreise enn hjå kvinnene, spesielt hjå dei eldste generasjonane, trur eg at: Dei som har vore mobile i arbeidssituasjonen har færre tradisjonelle trekk enn dei som har vore ikkjemobile.

3.7.4 H4: Sosial klasse

Åram er ikkje eit utprega klassesamfunn og derfor kan ein vente seg at: Det er ikkje noko mønster som følgjer dei sosiale klassene.

4. Metode

Dersom ein skal kunne finne svar på *problemstillingane* sine, må ein finne ein *metode* som passar til å kunne belyse det ein vil undersøkje. På bakgrunn av dette er enkelte metodar meir aktuelle enn andre. Innanfor sosiolingvistikken finst det mange ulike metodar for å hente inn data, men det er ikkje sikkert alle er like nyttige for akkurat den problemstillinga ein sjølv vil løyse. For eksempel må ein ut ifrå problemstillingane vurdere om ein vil bruke ei *kvalitativ* eller *kvantitativ tilnærming*, eller kanskje ei tilnærming som involverer begge? Det er viktig at dei data ein samlar inn både har *reliabilitet* og *validitet*. Reliabilitet viser til kor nøyaktig materialet er samla inn. Dersom det er mange systematiske feil i undersøkinga, kan dette gje eit feilaktig bilete på det vi vil kome fram til. Valide data er viktig for å kunne vise til at materialet ein har samla inn, faktisk kan svare på dei problemstillingane ein har laga seg (Mæhlum og Akselberg 2008: 75). Ein må tenkje ut på førehand korleis ein til dømes vil dele inn informatgruppa, slik at ein kan få svar på dei problemstillingane ein har valt.

4.1 Kvalitativ eller kvantitativ metode?

I ein kvalitativ studie går ein individet etter i saumane, og ein leiter hjå det konkrete individet for å kunne forklare språkbruken. Kvalitative undersøkingar har ofte få informantar og går grundigare inn i kvar informant si *subjektive* oppfatning av språket.

I dei kvantitative sosiolingvistiske undersøkingane vert det lagt vekt på å få *oversikt* over språksituasjonen (Mæhlum og Akselberg 2008: 77). Informasjonen/informantane ein får i ei slik undersøking, bør vere mest mogleg *statistisk* representative for språksamfunnet ein undersøker. Det vil seie at ein på grunnlag av ei slik undersøking vanlegvis kan seie noko meir om språksamfunnet, enn berre dei individa som vart valt ut som informantar. Ei slik undersøking har òg vanlegvis eit relativt stort informantutval. Formålet med ei slik kvantitativ undersøking er dermed å kunne vise ei meir objektiv framstilling av eit språksamfunn, gjerne på bakgrunn av *sosiale variablar* som alder, kjønn og liknande.

Det finst fleire måtar ein kan gjere eit informantutval på til ei slik kvantitativ undersøking, og korleis eg har løyst det i mi oppgåve, kan ein lese nedanfor. Det er ikkje nødvendigvis slik at dei to typane undersøkingar alltid er den eine eller den andre, og kvantifiseringa av ulike variablar kan òg føregå på enkeltindividnivå, og samanliknast med andre individ (Mæhlum og Akselberg 2008: 75-81).

4.1.2 Korleis samle inn?

Kva skal ein legge vekt på i samtalsituasjonen? Før ein skal gjere eit slikt intervju, må ein tenkje på at variasjon i talemålet kan ha med situasjonen ein er i, å gjere. Ein måte ein kan teste ulike sosiolingvistiske variablar på, er å ha både ein formell og ein uformell opptakssituasjon, og deretter undersøkje om det er variasjon i talemålet i dei ulike situasjonane. Ein legg vekt på at det skal vere ein uformell samtalsituasjon, og at ein vil ha mest mogleg fokus på den naturlege talen, eller det som Labov kallar for *the vernacular* (Mæhlum og Akselberg 2008: 82). I innsamlinga er det òg viktig å tenkje på det ein kallar for *the observer's paradox*: "the aim of linguistic research in the community must be to find out how people talk when they are not being systematically observed; yet we can only obtain these data by systematic observation." (Labov 1972: 209.)

Det finst fleire moglege måtar for å redusere paradokset, med intervjuformer som gruppeintervju, eigenopptak, aktivitetsoppgåver, to eller fleire opptak av same informant eller skjult mikrofon (Mæhlum og Akselberg 2008: 82). Den siste er forskingsetisk problematisk, då slikt vert rekna som overvaking, altså er det ulovleg. I mine nye intervju har eg lagt vekt på at det skal vere to informantar, slik at det skal verte litt "gruppedynamikk" i samtalsituasjonen, og at det difor skal verte ei lettare stemning der ein gløymer det språklege formålet med intervjuet.

Eit anna spørsmål er òg kven som skal vere informantar. I *Dialectology* skriv forfattarane at utvalet av informantar i tradisjonell dialektologi har vore avgrensa til det ein kallar *nonmobile, older, rural males* (Chambers og Trudgill 1998: 29) eller NORMS, som dei også har vorte kalla. Dette er fordi ein ofte tenkte seg at den mest "ekte" dialekten er den som vert snakka av dei eldste og minst mobile mennene i eit samfunn, og at desse har dei mest arkaiske språktrekka. Dette kan nok vere riktig, men desse kan ikkje aleine vere representative for eit heilt språksamfunn. Det er dessutan ikkje heilt rett å seie at dei trudde at dette var dei mest representative språkbrukarane, men at det var slike problemstillingar dei hadde. Dei var ikkje ute etter variasjon, men det mest "ekte". Det vil vise seg i utvalet av informantane mine at på Åram er det slett ikkje alltid slik at det er mennene som er ikkje-mobile. Spesielt i dei eldste generasjonane i materialet er det kvinnene som er ikkje-mobile, og mennene som er mobile. Meir om korleis eg gjorde informantutvalet mitt kan ein sjå seinare i kapitlet.

4.1.3 Korleis velje variablar?

Når ein skal gjere eit utval av variablar, er det eit sjølvstøtt premiss at dei *varierer*. Dei kan anten variere på eit *intraindivuelt nivå*, der språkbrukaren sjølv varierer, eller dei kan skilje ein språkbrukar frå ein annan på eit *interindividuelt nivå* (Mæhlum og Akselberg 2008: 85). Mæhlum og Akselberg understrekar at sjølv om interessa primært er retta mot variasjon, kan meir stabile språktrekk vere interessante. Ein kan òg oppleve at språktrekk ein ser etter, rett og slett ikkje finst i materialet ein har, og då kan ein til dømes forsøke å styre samtalen inn på emne der ein har større sjanse for å få det ein vil ha, eller ein kan ha utfyllingsoppgåver der ein har lagt til ord som er av interesse.

4.1.3.1 Utval av variablar i denne undersøkinga

På grunn av at eg fekk tilgang til gamle lydopptak, valde eg å skrive om Åram. Dette utan å vurdere kva variasjon som faktisk finst i området. Eg trudde til dømes på førehand at eg kunne høyre restar av *ð* i det gamle materialet mitt. Her kunne eg berre finne eitt treff. Elles trudde eg sjølv at det skulle vere mykje meir innverknad av Ålesundsmålet, med moglege leksikalske former som *har*, *hjem*, *skole* blant dei yngre. Det viste seg også å vere feil. Der eg fann størst variasjon, var i vokalsystemet, men også variasjon i trekk som postalveolarisering, palatalisering av velarar og bruk av *d* i innlyd og utlyd. Eg valde difor å ta med desse i oppgåva mi. Saman med rettleiar fann eg fram til fleire variablar, som til dømes svarabhaktivokal i adjektiv.

4.2 Verkeleg tid / Tilsynelatande tid – Problematikk i materialet

William Labov går grundig inn i spørsmålsstillingane rundt *tilsynelatande* og *verkeleg tid* i *Principles of Linguistic Change* frå 1994 (43-112). Han meiner at den beste måten å undersøkje eit språksamfunn på er å kunne få gjere det i *verkeleg tid*. Det finst to måtar å gjere ei slik undersøking i verkeleg tid. Anten må ein sjå til tidlegare forskning og samanlikne nye funn med gamle, eller så må ein vitje det same språksamfunnet to gongar med eit visst mellomrom i tid. Det beste er at ein, i tillegg til å vitje det same språksamfunnet igjen, får intervjuar dei same personane igjen i ein såkalla *panelstudie*. Då vil ein kunne vise til om endringane i språket er knytt til livsfaseendring, eller om det er endringar som følgjer enkeltinformantane over tid og ikkje berre er knytt til dei ulike fasane i livet. Dette krev planlegging og ikkje minst: Nokon må ha gjort innsamlingsarbeid ei viss tid før ein sjølv skal gjere undersøkingar. Dette kan gjere

forskning i verkeleg tid vanskeleg for folk som vil gjere pionerarbeid i eit geografisk område. I området rundt Åram mangla dei sosiolingvistiske studiane, sjølv om det finst eksempel frå andre kommunar i nærleiken. Dei gamle opptaka eg kom over i sogelaget, er ein kulturskatt, men nokre problemstillingar må eg diskutere nærare, sidan dei skal brukast i ei lingvistisk oppgåve. Problem nummer ein: Eg manglar ulike aldersfasar i det gamle materialet, alle er eldre. Difor må eg alltid ta med i betraktning at informantane i det gamle materialet kanskje ikkje representerer måten dei snakka på, for eksempel 1880. Han eller ho kan snakke slik som eldre gjorde i 1970, 1980 osv. Likevel klarer eg ikkje fri meg frå at ein må kunne gå ut ifrå at dei har med seg enkelte trekk frå barndomen, som den neste generasjon eldre kanskje har mindre av, og at dei mest arkaiske språktrekka likevel vert mest brukt hjå eldste i den eldste generasjonen i materialet. Problem nummer to: Eg kunne av forskjellige grunnar ikkje ha panelinformantar, fordi dei anten er for gamle eller ikkje lever lenger. Det vil då gjere at perspektivet i det gamle materialet vert ei uttrykk for korleis talemålet i samfunnet var i eldre tid, det vil seie ei tilsynelatande tid-tilnærming. Materialet eg har samla inn, gjev moglegheit til å undersøkje éin generasjon i verkeleg tid, som tabellen under viser, på grunn av at det finst opptak med aldersklassen fødd i 1920-1949 i det gamle materialet, og denne aldersklassen er det gjort nye opptak med. Dette vil ikkje bli gjort i denne oppgåva på grunn av arbeidsomfanget. Eg vil berre vise til endringar i fem generasjonar i tilsynelatande tid. Det får vere opp til ettertida å nytte opptaka mine til forskning i verkeleg tid.

Tabell 12: Oversikt over aldersklassar og opptaksår

Aldersklassar	Opptak 1971- 1997	Opptak 2012
-1889	X	
1890-1919	X	
1920-1949	X	X
1950-1979		X
1980-		X

4.3 Dei gamle opptaka

Lokalhistorikar Harald Molvik gjorde eit imponerende innsamlingsarbeid for sogelaget i Åram. Han intervjuar til saman om lag 40 personar, i tillegg til at han samla inn ulike radioopptak der folk frå lokalmiljøet vart intervjuar. Opptaka vart gjorde over ein periode på tretti år, frå starten av 1970-talet til slutten av 1990-talet. Intervjuaren sjølv gjekk bort i 2005. Dei fleste intervjuar er om lag 30 minutt, der nokre er lengre og nokre er kortare. Dei fleste har også berre ein informant. I to av intervjuar eg har brukt, er det to informantar, men desse er ikkje spesielt mykje lengre enn dei andre, noko som sannsynlegvis kjem av at opptaksbanda ikkje var så lange. Ein fordel med intervjuaren var at han var ein godt kjend person i lokalmiljøet, og difor ikkje kom inn som ein framand. Sjølv om ein ikkje kan ta vekk bandopptakareffekten, kan dette ha hatt ein effekt for å fjerne det formelle i intervjuet, ein fordel underteikna, ein ”ukjend” frå nabobygda, ikkje hadde i like stor grad.

Dette vil tilseie at taletida per informant i desse intervjuar ikkje alltid er like omfattande. Likevel må ein berre ta det ein får i slike tilfelle, og nytte det ein kan. Intervjustilen i desse intervjuar er prega av at fokuset ikkje er på at informanten sjølv skal snakke mykje, men at spesiell informasjon skal hentast ut. Difor er ofte spørsmålsstillinga lang og svara korte. Likevel er dette eit fantastisk arbeid både kulturhistorisk og lingvistisk. Temaa i desse intervjuar er fiskeri, foreiningsliv, andre verdskrig, kvardagslivet, juletradisjonar, amerikareiser og andre ting som var aktuelle for desse informantane. Banda var ført over til kassett av sogelaget sjølv, og digitalisert i mars/april 2012 ved Universitetet i Bergen. Deretter vart dei returnerte til sogelaget, som ei takk for lånet. På papiret underteikna fekk frå arkivaren, står det at total opptakstid på heile materialet er 17 timar 57 minutt og 18 sekund!

4.3.1 Informantutval – gammalt materiale

Informasjonen om informantane på dei gamle opptaka var relativt sparsam, i alle fall før eg hadde jobba meg igjennom dei. Det var stort sett berre namn og fødselsår, men med nokre merknader. Difor gjekk eg gjennom lista og undersøkte kvar enkelt person, og sjalta ut dei som ikkje var frå Åram. Eg brukte bygdeboka *Sandesoga* (Myklebust 1996) mest for å sjekke at alle dei informantane eg kunne velje mellom, hadde budd på Åram etter at dei var seks år, då dette var mitt primærkriterium for at dei kunne vere med i utvalet.

Så trekte eg ut to informantar av kvart kjønn i dei ulike aldersklassene for å få mest mogleg tilfeldig utval. Då tida kom for å lage metafilene til intervjuar, fekk eg hjelp frå lokale

personar til å finne ut endå meir om dei. Under punktet ”bydel eller bygd” i metafilene valde eg å dele opp Åram i to delar, nemleg Hakallestranda og Brandalsstranda, då dette var oppdelinga i sogeboka. Eg har då plassert informantane etter kva gard dei var vaksne opp på, i følge *Sandesoga*, og så plassert dei i ei av dei to strendene som dei høyrde heime i. Ei nærare avgrensing hadde vore vanskelegare fordi det då hadde gått på konkrete tun, og då hadde det vore vanskeleg å halde identiteten til informantane hemmeleg. Men då har ein i alle fall moglegheita til å kunne teste om det er variasjon innanfor bygda.

Nokre av informantane har til dømes vore i Amerika i periodar og kome heim. Eg har likevel valt å ta med slike informantar, sidan periodane ikkje var lengre enn kva andre personar er vekke når dei studerer til dømes. Ein av informantane har budd i Ålesund i heile sitt vaksne liv, men eg valde å ta med denne personen, fordi eg ikkje hadde anna alternativ i same aldersklasse og kjønn.

Ein fordel med dei gamle opptaka med tanke på det konkrete lingvistiske innhaldet er at desse personane ikkje er plukka ut fordi dei har meir arkaiske språktrekk enn andre. Dei er plukka ut fordi dei er eldre personar, og intervjuaren var ute etter å ta vare på lokalhistoria. Det er i alle fall det eg trur, eg har ikkje fått noko inntrykk av at det låg nokon språkpreferanse bak utvalet. Det kan godt vere dei er plukka ut fordi dei representerer ulike lag i samfunnet, det veit eg ikkje, men det gjer også at eg moglegvis kan få representantar frå ulike sosiale lag i mitt materiale. Det motsette kunne jo vere at innsamlaren hadde bestemt seg for å intervju folk frå berre ein spesiell arbeidsplass, eller interessegruppe. Fordelinga mellom kjønna er også god, slik at det ikkje var store problem i uttrekkinga der heller.

4.3.2 Matrise: Gammalt materiale

Tabell 13: Matrise – gammalt materiale

Kjønn	Før 1889	1890- 1919	1920- 1949	Sum
Kvinner	2	2	2	6
Menn	2	2	2	6
Sum	4	4	4	12

Ein ser her at eg til saman har trekt ut 12 informantar frå det gamle materialet, fire i kvar aldersklasse og to av kvart kjønn.

4.4 Informantutval 2012

Utvalet av informantar både i dei gamle opptaka og i det nye materialet er basert på kriteria som Ragnhild Anderson har grunnlagt i sitt ”Metodisk opplegg for feltarbeid på Vestlandet” (Anderson 2009). Det første kravet er at utvalet av informantar skal vere tilfeldig. Derfor laga eg ei liste som var samansett av dei som var oppført med ”Åram” i skattelistene på Internett frå 2009, fordi dette er dei siste som ligg tilgjengelege på nett utan passordtilgang. På listene frå 2009 fekk ein opp alle registrerte på stadnamnet kategorisert etter fødselsår. Deretter supplerte eg med namn frå telefonkatalogen på personar som ikkje stod på skattelistene. Eit problem med skattelistene kan vere at ikkje alle betalar skatt, sjølv om det er sjeldan. Det er ikkje sikkert alle står oppført i telefonkatalogen heller, spesielt blant dei eldre. Difor fekk eg hjelp frå innbyggjarane til å kartleggje kven som budde i omtrent kvart hus på stranda, slik at eg kunne få den beste oversikta utan å faktisk ringe på kvar einaste dør. Det einaste avviket eg har i ”standardutvalet” (etter Anderson 2009) i valet informantar, er at nokre av mine er eldre enn kravet i Dialektendringsprosessar. Eg trekte ut frå fødte etter 1920, ikkje 1928. Det kan vere fleire metodiske problem med å bruke informantar i så høg alder. Labov (1994) understrekar at det kan vere forskjellige problem med den eldste gruppa. Blant anna kan det vere slik at det fysiske er på hell. Kanskje har dei problem med tennene, håsare stemme eller såkalla ”lax articulation”, svak uttale (Labov 1994: 46). Eit anna problem kan også vere at dei kan ha vorte demente, ikkje hugsar så godt eller ikkje er så oppmerksame lenger. Labov meiner at desse, naturleg nok, ikkje kan vere representative. Likevel, han har møtt eldre som har vore heilt perfekte informantar. Spesielt er det slik fordi dei har ein tendens til å snakke uanfakta, nesten ustansleg. Dialektendringsprosessar prøvar å unngå dei metodiske vanskaner blant anna ved at ein set øvre aldersgrense for val av informantar sjølv.

Eit kriterium for at personar skulle kunne brukast som informantar, var at dei var oppvaksne på Åram frå om lag seksårsalder, og at dei snakka ein variant av den dialekten som vert rekna som lokal. Det vil seie at ein eventuell person som var oppvaksen på Åram, men som snakka austlandsk, ikkje var direkte aktuell for dette prosjektet for personen ville ikkje bli rekna som ein del av dialektsamfunnet. Også folk som hadde budd vekke heile sitt vaksne liv, til dømes heile yrkesaktive alder, var uaktuelle, utanom i det eine tilfellet frå det gamle materialet der eg ikkje hadde noko anna val. Nokon andre krav sette eg ikkje, så foreldrebakgrunn er til dømes heilt tilfeldig. Hadde eg tatt med som krav at til dømes ein av foreldra kjem frå staden, hadde eg kanskje fjerna ein god del av dei få informantane som bur på plassen. Det skulle etterkvart vise seg at dei fleste som budde der, ofte hadde ein eller

begge foreldra med tilknytning. Eg undersøkte moglegheita for panelinformantar på grunnlag av det gamle materialet, men det hadde i så tilfelle vorte få.

I mange prosjekt må ein gjerne velje seg ein intervjuar frå staden, sidan det ofte skjer at dei som skal skrive slike oppgåver, ikkje er frå lokalmiljøet. Eg bestemte meg for å gjere det sjølv, då eg kjem frå nabobygda Fiskå. Ideelt sett skulle eg kanskje hatt ein person som var eldre til å gjere intervju med dei vaksne, men eg tykte det vart litt overdrive og unødvendig.

Etter avtale med rettleiar skulle eg først intervju ungdomsskuleelevane for å fylle opp matrisa for dei yngste informantane, for å ”rekke dei” før dei flytta ut. Det kunne vere at eg kunne ha fått intervju nokre som framleis gjekk på den lokale eittårige, vidaregåande skulen, men det viste seg at eg skulle få så mange eg trong i matrisa mi frå ungdomsskulen. Rektor fekk beskjed om at dei burde vere oppvaksne på plassen, og fjerna difor nokre for meg, og då stod det att ti personar av tolv. Sjølv om alle var på skulen den dagen, så var det nokre det passa dårlegare for, sidan dei var opptekne med skulearbeid. Difor intervju eg dei åtte det passa best for, slik at eg kunne verte ferdig på ein dag. Det var faktisk nødvendig òg, sidan eg var på skulen deira nest siste skuledagen før sommaren. Tiande klasse i 2012 var eit relativt stort kull, med fem elevar. Dersom eg hadde venta til hausten, hadde fem gått ut, og berre to kome inn att. Praktisk nok var dei fire gutar og fire jenter til saman i alle dei tre ungdomsskuleklassene.

Då eg skulle kontakte midtgruppa, trekte eg først ut om lag ti personar, slik at dersom nokon sa nei, så hadde eg nokre i bakhand. Deretter reiste eg og far min heim til folk og spurde dei om dei var interessert, og om eg kunne komme attende og intervju dei. Eg følgde ikkje lista heilt systematisk, då eg plutselig snubla over ein av dei som stod litt langt nede på lista på besøk hjå ein av dei andre eg skulle spørje. Etter kvart trekte eg ut folk til eldregruppa også, etter same prinsipp, men her ringte eg i staden for å reise på besøk. Begge metodane var eigentleg like effektive, sjølv om det kanskje var kjekkare for informantane at dei hadde sett meg før eg kom på besøk for å intervju dei. Det tok lengre tid å få avtalt og organisert feltarbeidet med dei vaksne, men etter nokre månader fekk eg til saman 16 vaksne, jamt fordelt på fødselsår og kjønn.

Eg gav informantane valet mellom at dei kunne finne nokon sjølv å verte intervju saman med, eller at eg skulle velje ut ”partner” for dei. I midtgruppa valde nokre sjølv, medan andre ynskte at eg skulle ordne det. Eg prøvde å seie minst mogleg om kva dei skulle vere med på, men alt kan ein ikkje halde hemmelig, så eg svarte på dei spørsmåla eg fekk om prosjektet. Poenget med at dei skulle vere to, var at dei skulle fungere som ”språkpoliti” for

kvarandre. Då rekna eg også med at dei skulle føle seg litt mindre usikre på samtalsituasjonen, og at det skulle verte kjekkare for dei.

4.4.1 Matrise: Nytt materiale

Tabell 14: Matrise – nytt materiale

	1920- 1949	1950- 1979	1980-	Sum
Kvinner	4	4	4	12
Menn	4	4	4	12
Sum	8	8	8	24

I løpet av feltarbeidsperioden vart eg gjort merksam på at ikkje alle som tidlegare sokna til Åram, hadde det rette postnummeret. Nokre av dei var blitt flytta over til bygda Eidså i endringa av kommunegrensene. Det vil seie at i uttrekkinga av midtgruppa av informantar mangla det eit par gardar i Bjørlykka. I utvalet av dei eldre informantane passa eg på at desse tuna også vart inkludert i lista. Til saman med begge dei to materiala eg har, enda eg altså med 36 informantar til saman, som resulterte matrisa nedanfor.

4.4.2. Matrise: Heile materialet

Tabell 15: Matrise – heile materialet

Kjønn	Før 1889	1890- 1919	1920- 1949	1920- 1949	1950- 1979	1980-
Kvinner	2	2	2	4	4	4
Menn	2	2	2	4	4	4
Sum	4	4	4	8	8	8
Alle						= 36

4.5 Gjennomføring av nye intervju

Det skjer noko med ein når ein har eit framandelement i samtalesituasjonen, det vere seg innsamlar sjølv eller ein mikrofon. Difor må målet med intervjuet vere at folk skal vere mest mogleg avslappa, slik som eg tidlegare skreiv om *the observer's paradox*. Moment som verkar inn, kan vere om ein gjer intervjuet heime hjå personen, eller ein annan plass der dei sjølve føler seg komfortable, og som tidlegare nemnt, at ein kan vere to intervjuobjekt og ein intervjuar.

4.5.1 Opptakssituasjon

4.5.1.1 Dei yngre

Eg fekk låne eit grupperom på skulen til opptaka med ungdommane. Diverre vart det då litt bakgrunnsstøy til tider, då det var friminutt og liknande. Elevane verka i stor grad avslappa, sjølv om opptakssituasjon kanskje var litt spesiell og framand. Likevel fungerte det fint i dei ulike samansetningane, og dei var samarbeidsvillige og snakkesalige. Det var greitt å kunne ta alle intervju på ein dag.

4.5.1.2 Midtgruppa/eldre

I eitt av intervju skulle det eigentleg vere to informantar, men den eine avlyste i siste liten. Difor gjennomførte eg intervjuet med ein informant. I denne gruppa var eg stort sett heime hjå informantane. I eitt av intervju var vi på min arbeidsplass, og i eit anna på kontoret til ein av informantane.

4.5.1.3 Samtalen

Eg hadde ein samtalegaid ein kan sjå i vedlegget, som eg følgde, men ikkje frå punkt til punkt. Denne samtalegaiden er utarbeida for Dialektendringsprosessar. Eg let samtalen styre seg sjølv, og dersom informantane hadde historier dei ville fortelje, så let eg dei gjere det. Eg hadde fokuset på at dei skulle snakke mest mogleg, og at eg skulle snakke minst. Hjå dei vaksne var ikkje dette eit stort problem, og med dei aller fleste har eg godt med taletid på informantane. Hjå dei eldre informantane var ”gamledagar” noko som fungerte svært godt. Elles var yrkeslivet svært effektivt, sidan mange av dei har reist verda rundt på fiskeri. Også lokalpolitiske tilhøve og liknande spørsmål skapte god diskusjon. På slutten av kvart intervju hadde vi ein samtale om språket og forhold til andre dialektar, og korleis dialekten på heimstaden hadde forandra seg. Her fekk dei i stor grad også snakke fritt, men med enkelte

direktiv. Alt i alt var målet å halde oppe ein god og avslappa samtale som kunne gli utan problem i om lag ein time. Som eg skreiv ovanfor, er det eit intervju som vart gjennomført berre med ein informant, og i eit av intervjua er det berre ein av to som vert brukt som informant. Slik måtte det gjerast for å få balanse i matrisa.

4.5.1.4 Behandling av materialet

Etter at materialet mitt vart digitalisert, fekk eg tilgang til å starte med transkripsjonen. Eg brukte programmet Praat til transkripsjon, som fungerte godt. Til saman hadde eg om lag 18 timar med opptak, og i snitt tok dei gamle intervjua cirka fem til ti timar og transkribere, medan dei nye tok i snitt tolv timar. Til saman vil dette tilseie om lag 230 arbeidstimar med transkripsjon. Etter transkripsjonen vart arbeidet korrekturlest og underteikna førte inn korrektoren i Praat. Materialet er teiepliktbelagt. Informasjon om dei ulike informantane skal ikkje lagrast saman med taleopptaka, og dersom det skal brukast til andre prosjekt, skal informantane kontaktast på nytt. Alle informantar over atten år skreiv under samtykkeskjema, medan foreldra skreiv under for informantar under atten år. Alle informantane er registrerte i ei metafil, som er samordna med korpuset i Talebanken. Her finn ein informantnummer og opplysningar som utdanning, kjønn, fødselsår, kva næring ein jobbar i og andre makrofaktorar som kan brukast til statistikk.

Dialektendringsprosessar har til ein viss grad brukt klasseinndelingane til Finn Gabrielsen frå hans avhandling *Eg eller je?* frå 1984, som er ei sosiolingvistisk gransking av yngre talemål i Stavanger. Finn Gabrielsen baserer inndelingane si i stor grad på marxistisk klasseinndeling. Vi i Dialektendringsprosessar er ikkje heilt fornøgde med denne modellen, men vi har ikkje funne nokon betre. Gabrielsen definerer omgrepet *klasse* slik:

Klassar er store grupper av menneske som skiller seg frå kvarandre, gjennom den plasseringa dei har i eit historisk fastlagt system for samfunnsmessig produksjon. Dei skiller seg gjennom

1. forholdet til produksjonsmidla
2. den rolla dei har i den samfunnsmessige organiseringa av arbeidet
3. kor stor del av den samfunnsmessige rikdommen dei rår over
4. ka måte dei skaffar seg denne delen på.

(Gabrielsen 1984: 54-55)

Gabrielsen opererer med ei tredeling av samfunnet, i klasse ein, to og tre (Gabrielsen 1984 55f). Klasse ein deler han inn i tre, ”klassiske” kapitalistar og funksjonærar i toppstillingar innanfor privat og statlig næringsliv, og til slutt funksjonærar i toppstillingar innanfor det statlige, fylkeskommunale og kommunale byråkratiet, medrekna høgare offiserar i forsvaret.

Dei klassiske kapitalistane er dei som står som juridiske eigarar av firma. Dei tek sjølv ikkje del i arbeidet i bedrifta, men fungerer som administrasjon av andre si arbeidskraft. Eksempel på slike stillingar er direktør, byggmeister og liknande. Funksjonærar i toppstilling står ikkje juridisk som eigarar av produksjonsmiddel, men dei har òg makt til å styre kapitalen.

Gabrielsen nemner også at dei har høgare lønn enn folk flest og kan ha skjulte gode som firmabil, rabattar og liknande. Vanlege yrkestitlar kan vere direktør, men også avdelingsleiar og liknande. På bakgrunn av kriterium to meiner Gabrielsen at også toppstillingane innanfor det statlege, fylkeskommunale og kommunale byråkratiet, og dei høgare offiserane i forsvaret må reknast under klasse ein. Dei har i følgje Gabrielsen vesentleg betre økonomi enn folk flest. Yrkestitlane i denne gruppa er i eit vidt spekter, men heiter ofte "sjef, gjerne med namnet på etaten framfor." (Gabrielsen 1984: 57.)

Samfunnsklasse tre er arbeidarklassen som utfører manuelt arbeid. Her finn ein sektorar innanfor økonomi, industri, transport, handel og sjøfart. Gabrielsen tek også med formenn som sjølve er med i produksjonen, og seier at yrkestitlane i denne klassen er mange, men relativt enkle å identifisere. Samfunnsklasse to er småborgarskapet, ei klasse som Gabrielsen meiner er vanskelegare å identifisere fordi det er eit "sosialt skikt eller mellomlag som står mellom dei to hovedklassene." (Gabrielsen 1984: 57.) Her finn ein nemleg både dei som jobbar med intellektuelt arbeid og kroppsarbeidarar. Det som er likt for alle er at dei lever av eiga arbeidskraft, gjerne med sin eigen sjark eller liknande, men òg bønder. Elles finn ein i denne gruppa legar, advokatar, forskarar og andre akademikarar. Gabrielsen seier at desse har ei spesielt verdifull arbeidskraft og kan "oppnå ei stilling som er friare og oftast meir gunstig økonomisk." (Gabrielsen 1984: 58.)

Hjå elevane i mitt materiale skulle far sitt yrke bestemme kva sosial klasse elevane var i, men dersom ikkje far stod nemnt, skulle mor telje. Blant anna var ein av dei vaksne informantane student og då altså elev, men hadde før hatt ein annan jobb. Sidan informanten var elev, var det eit spørsmål om personen sjølv skulle få sosial klasse etter sin eigen far, noko som var litt merkeleg, med tanke på at informanten sjølv hadde hatt eit langt yrkesaktivt liv, før han tok til å studere. Det var også til tider vanskeleg å bedømme der vi ikkje visste om fiskarane hadde eigd eigen båt. Og dersom dei hadde hatt ein sjark og mannskap på han, korleis var det då? Administrerte dei andre sitt arbeid til dømes? Det var vanskelege spørsmål, spesielt i det gamle materialet. I samtale med Bente Selback, diskuterte vi oss saman fram til det som passa best.

Etter at eg var ferdig med metafilene, sendte Bente Selback materialet mitt til Uni Digital ved UiB, som deretter la det inn i Talebanken. Dei kopla saman transkripsjonsfilene

og metafilene, og eg kunne setje i gong med merkinga. Med hjelp frå rettleiar fekk eg utarbeidd søkjestrengar for å finne fram til dei variablane eg skulle merke. Då eg hadde funne alle treffa i Talebanken, starta eg med annotering. Kvar variabel hadde fleire variantar, og eg lytta på kvart enkelt tilfelle og merka det med rett variant. Talebanken gjorde arbeidet svært oversiktleg, sjølv om det tok meir tid enn eg hadde trudd, fordi eg hadde svært mange treff på fleire av variablane mine. Etter all merkinga var ferdig, lasta eg ned resultata som rådata frå Talebanken som til slutt vart om til tabellar og diagram som ein kan sjå i resultatkapittelet. Eg fekk hjelp av Edit Bugge til å signifikansteste resultatet i SPSS.

5. Resultat

5.1 Statistikk

Ei statistisk framstilling på gruppenivå, slik eg har sett det opp, viser gjennomsnittet av prosenttala til informantane i gruppa. Eg har brukt tala som Talebanken har rekna ut, og sjølv kontrollrekna gjennomsnittet i dei tilfella der eg har vore usikker. Dersom det er informantar i gruppa som ikkje har treff på ein heil variabel, har gjennomsnittet vorte rekna ut av dei som har treff. Det vil seie: Er det fire informantar i til dømes ei aldersgruppe og berre to av dei har treff, har gjennomsnittet vorte rekna av to informantar. Den automatiske analysen i Talebanken reknar – per i dag – ut frå fire i slike tilfelle, så desse har eg rekna på nytt i etterkant. I tabellane mine har eg sett opp tal på belegg i materialet i parentes, og framstillinga er gruppert etter dei sosiale variablane. I parentes bak fødselsåra ser ein talet på informantar som har treff for kvar variabel. På dei største variablane har alle informantane treff, som V01, V08 og V09, medan på dei mindre, som til dømes V02 og V03, er det ikkje alle informantane som har treff. I aldersklasse er resultatane illustrert med tabellar og søylediagram. For å spare plass har eg berre brukt tabellar, ikkje søylediagram, i alder og kjønn og yrkeskontaktflate (utan ungdomane). Det same gjeld i vedlegget for sosial klasse og yrkeskontaktflate med ungdomane.

Nedanfor kan ein sjå ein tabell om korleis signifikansgrensene er delt inn. Ei slik signifikanstesting viser kor sterkt ein kan lite på forskjellane ein finn. Signifikansverdiane står i nedste cella i tabellane. Testane som er gjort er, Tukey og ANOVA, og dei er gjort i SPSS.

5.1.1 Oversikt over årsklassene

Tabell 16: Oversikt over årsklassar

0	> -1889
I	1890-1919
II	1920-1949
III	1950-1979
IV	1980-2009

Eg følgjer her standarden i Dialektendringsprosessar, men måtte føye til 0-kategorien på grunn av at eg hadde informantar som var fødte før 1890.

5.1.2 Signifikansgrensene

Tabell 17: Oversikt over signifikansgrensene

Probabilitetsnivå	Symbol	Betydning
$p \leq 0,001$	***	Svært høg signifikans
$0,001 < p \leq 0,01$	**	Høg signifikans
$0,01 < p \leq 0,05$	*	Signifikans
$0,05 < p \leq 0,10$	T	Tendens
$p > 0,10$	i.s.	Ikkje signifikant

(Fosheim 2010: 59)

5.2 Aldersklasse

Dei lingvistiske variablane mine testa opp mot aldersklassene.


V01: Personleg pronomem *eg* i trykklett posisjon

Tabell 18: V01 Trykklett *eg* - aldersklasse

Aldersklasse	Informantar	V01:i-sv	V01:e-sv	V01:ei-sv	SUM
0	(4)	92,9	0	7,1	100,0 (277)
I	(4)	95,4	0	4,6	100,0 (270)
II	(12)	81,5	0,1	18,5	100,1 (951)
III	(8)	48,3	1,4	50,2	99,9 (738)
IV	(8)	3,7	0	96,3	100,0 (747)
p.V01i:sv 0 ≠ I is. I ≠ II is. II ≠ III *** III ≠ IV *** V01e-sv: 0 ≠ I is. I ≠ II is. II ≠ III is. III ≠ IV: is. V01ei-sv: 0 ≠ I is. I ≠ II is. II ≠ III *** III ≠ IV *** ⁴¹					

⁴¹Signifikansen for aldersklasse skal lesast slik: Eg har kun markert signifikansnivået mellom gruppene som står som "naboar". Slik sett kan det til dømes vere høg signifikans mellom aldersklasse 0 og IV, sjølv om det ikkje er signifikans mellom III og IV. Ein slik signifikans mellom grupper som ligg langt unna kvarandre i fødselsår, vert ikkje markert i tabellane.

⁴² **Figur 8: V01: personleg pronomen *eg* i trykklett posisjon**




Her ser ein at bruken av varianten i-sv går kraftig ned, og ei-sv aukar til yngre informantane er. Ein ser også at e-sv har ein treffprosent i aldersklasse III, men det er stort sett ein mannleg informant åleine som har alle desse treffa. Den største endringa skjer med aldersklasse III og IV, det vil seie med etterkrigsgenerasjonane.

V02: Personleg pronomen *meg* i trykklett posisjon

Tabell 19: V02 Trykklett *meg* - aldersklasse

Aldersklasse	V02:mi-sv	V02:mei-sv	SUM
0 (3)	100	0	100,0 (13)
I (4)	100	0	100,0 (18)
II (11)	92,2	7,8	100,0 (83)
III (8)	75,5	24,5	100,0 (48)
IV (5)	2,8	97,1	99,9 (17)
p. 0 ≠ I is. I ≠ II is. II ≠ III is. III ≠ IV ***			

Figur 9: V02:Personleg pronomen *meg* i trykklett posisjon




V02-sv kan ein sjå liknar på V01-sv. Her dominerer også fullformene hjå dei yngre generasjonane. Dette er ein lågfrekvent variabel, og det er ikkje treff hjå alle informantane. Likevel kan ein sjå at denne variabelen følgjer det same mønsteret som V01-sv, der dei yngre brukar meir ”fullforma” enn dei eldre generasjonane.

V03:Personleg pronomen *deg* i trykklett posisjon

Tabell 20: Trykklett *deg* - aldersklasse

Aldersklasse	V03:di-sv	V03:dei-sv	SUM
0 (2)	100	0	100 (2)
I (2)	100	0	100 (2)
II (9)	100	0	100 (17)
III (6)	88,88	11,12	100 (22)
IV (4)	0	100	100(7)
p. 0 ≠ I is. I ≠ II is. II ≠ III i.s III ≠ IV ***			

Figur 10: V03:Personleg pronomen *deg* i trykklett posisjon




V03-sv følger også det same mønsteret som dei to føregåande. Ungdomane vel ”fullforma” av pronomenet, og det same gjeld nokre i generasjon III. Dette også ein lågfrekvent variabel.

V04: Pronomenet *seg* i trykklett posisjon

Tabell 21: Trykklett *seg* – aldersklasse

Aldersklasse	V04:si-sv	V04:sei-sv	SUM
0 (4)	100	0	100 (39)
I (4)	96,4	3,6	100 (39)
II (12)	97,1	2,9	100(110)
III (8)	79	21	100 (94)
IV (8)	14,1	85,9	100 (25)
p. 0 ≠ I is. I ≠ II is. II ≠ III is III ≠ IV ***			

Figur11: V04: Pronomenet seg i trykklett posisjon



V04-sv følger også det same mønsteret som dei tre føregåande. Det som samla kan seiast om dei fire første variablane i materialet, er at at dei følger det same mønsteret. Den reduserte forma av pronomenet er på veg ut av daglegtalet, og fullforma tek over hjå dei yngste informantane.

Trykksterke former av pronomena

Det er ingen variasjon innanfor bruken av trykksterke former, og difor vert denne ikkje illustrert med diagram. Eg viser likevel i parentes til talet på trykksterke former som vert brukt, for alle dei fire pronomena. Eg vil heller ikkje kommentere kvar enkelt tabell.

V01:ei-st**Tabell 22: Eg i trykksterk form**

Aldersklasse	V01:ei-st	SUM
0 (4)	100(103)	100 (103)
I (4)	100(58)	100 (58)
II (12)	100(325)	100 (325)
III (8)	100(207)	100 (207)
IV (8)	100(120)	100 (120)

V02:mei-st**Tabell 23: Meg i trykksterk form**

Aldersklasse	V02:mei-st	SUM
0 (0)	-	-
I (2)	100 (3)	100 (3)
II (7)	100 (19)	100 (19)
III (6)	100 (13)	100 (13)
IV (3)	100 (10)	100 (10)

V03:dei-st**Tabell 24: Deg i trykksterk form**

Aldersklasse	V03:dei-st	SUM
0 (0)	-	-
I (0)	-	-
II (6)	100 (8)	100 (8)
III (2)	100 (2)	100 (2)
IV (0)	0	100 (0)

V04:sei-st**Tabell 25: Seg i trykksterk form**

Aldersklasse	V02	SUM
0 (1)	100 (1)	100 (1)
I (1)	100 (1)	100(1)
II (1)	100 (1)	100(1)
III (1)	100 (1)	100(1)
IV (0)	-	-


V05:Diftongering av *i* framom velar nasal

Tabell 26: Diftongering av *i* – aldersklasse

Aldersklasse	V05:ei	V05:i	SUM
0 (4)	68,8	31,3	100,1 (14)
I (3)	94,4	5,6	100(11)
II (9)	44,3	55,7	100 (48)
III (8)	11,8	88,2	100 (95)
IV (8)	0	100	100 (27)

p. 0 ≠ I is. I ≠ II is. II ≠ III is. III ≠ IV is. 0 ≠ I is.

Figur 12: V05:Diftongering av *i* framom velar nasal



I denne variabelen kan ein sjå at det største innslaget av diftongering av *i* framom *ng* og *nk* er i aldersgruppe I, dei som er fødte mellom 1890 og 1919. Eksempel på denne diftongeringa kan vere i ord som /sɛiŋg/ (seng) eller /tɛiŋg/ (ting). Elles ser ein gradvis nedgang av diftongering, og hjå den yngste generasjonen er ho heilt borte. Her begynner den tydelege forandringa allereie med mellomkrigs generasjonen. Det er ingen signifikans mellom nabogruppene i denne variabelen.


V06:Diftongering av y framom velar nasal

Tabell 27: Diftongering av y – aldersklasse

Aldersklasse	V06:øy	V06:y	SUM
0 (2)	91,7	8,4	100,1 (7)
I (3)	100	0	100 (7)
II (5)	30	70	100 (13)
III (6)	16,7	83,3	100 (13)
IV (4)	0	100	100 (5)

p. 0 ≠ I is. I ≠ II T II ≠ III is. III ≠ IV is.

Figur 13: V06:Diftongering av y framom velar nasal



Ein ser same utviklinga av diftongering av y framom *ng* og *nk*. Eksempel på ord som får denne diftongeringa, kan vere /løyng/ (lyng) eller /søyng/ (syng). Bortsett frå eit høgare innslag i generasjon I, vert det mindre og mindre av diftongeringa, heilt til det er heilt borte hjå den yngste generasjonen. Dette er ein variabel med få treff i materialet og ingen signifikans mellom nabogruppene, utanom ein tendens.


V07 Utvikling av norrøn é

Tabell 28: Utvikling av norrøn é – aldersklasse

Aldersklasse	V07:ei	V07:e	V07:æ	Sum
0 (4)	47,9	52,1	0	100 (21)
I (4)	67,9	32,1	0	100 (21)
II (10)	37,3	62,7	0	100 (57)
III (8)	9,2	85,7	5,1	100 (91)
IV (8)	1,3	93,4	5,2	99,9 (70)

p. V07:ei 0≠I is. I≠II is. II≠III is. III≠IV is. V07:e 0≠I is. I≠II is. II≠III is. III≠IV V07: 0≠I is. I≠II is. II≠III is. III≠IV is.

Figur 14: V07: Utvikling av norrøn é



Her kan ein sjå at det igjen er generasjon I, mellom 1890-1919, som brukar mest diftongering, medan det vert mindre hos dei yngre, og dette gamle dialektdraget er nesten vekke hjå ungdomane, med berre eitt treff i heile totalmaterialet. V07:ei, hamnar difor på berre 1,3 % hos dei yngste, og viser ingen signifikans.


V08 Utvikling av *d* i innlyd og utlyd

Tabell 29: Utvikling av *d* i innlyd og utlyd – aldersklasse

Aldersklasse	V08:ð	V08:d	V08:0	SUM
0 (4)	0,4	50,1	49,5	100 (319)
I (4)	0	37,6	62,4	100 (309)
II (12)	0	33	67	100 (835)
III (8)	0	32,5	67,5	100 (648)
IV (8)	0	28,5	71,5	100 (371)

p. V0ð: 0≠I is. I≠II is. II≠III is. III≠IV is V08:d 0≠I is. I≠II is. II≠III is. III≠IV is. V08:0 0≠I is. I≠II is. II≠III is. III≠IV is.

Figur 15: V08: Utvikling av *d* i innlyd og utlyd



Denne variabelen er ganske stabil, sjølv om ein ser at dei yngste generasjonane brukar *d* noko mindre enn dei andre. Denne variabelen førekjem blant anna i ord som *sau*, som kan ha formene /sɛu/, /sɛud/ og /sɛuð/. Formene med *d* står framleis sterkt både i innlyd og utlyd, og det verkar vere ein variabel som har mindre variasjon mellom aldersklassane enn fleire av dei andre. Avviklinga av dette dialektdraget frå norrøn tid har starta alt hos den eldste aldersklassen. Denne variabelen viser ei oversikt over totalmaterialet med ord som hadde ð i norrønt. Det vil seie at alle orda i denne variabelen *kan* ha variasjon, men ikkje alle viser variasjon.

Vi kan avgrense analysen til berre dei orda som viser variasjon og halde utanfor orda med 100 på den eine eller den andre forma. Nedanfor kan ein sjå ei analyse av desse orda. Alle orda i denne variabelen ligg føre i vedlegg 5, gruppert etter om dei vart uttalt med eller uten *d*, eller om dei hadde variasjon. Denne avgrensa analysen vil eg kun gjere for aldersklasse. I dei orda som har variasjon, merker aldersklasse 0 seg ut med større bruk av *d*, ellers er det liten skilnad mellom gruppene, og ein kan seie at *d*-en held seg ganske stabil i dei orda som varierer hjå dei fire siste årsklassane. Her ser ein at får den same rangeringa og dei same tendensane, berre andre tal.

Tabell 30: Utvikling i *d* i innlyd og utlyd – ord med variasjon

Aldersklasse ⁴³	V08:ð	V08:d	V08:0	SUM
0 (4)	0,6	34,7	64,7	100 (216)
I (4)	0	21	79	100 (209)
II (12)	0	23,4	76,6	100 (610)
III (8)	0	18,3	81,7	100 (464)
IV (8)	0	15,8	84,2	100 (265)


V09 Palatalisering av velarar

Tabell 31: Palatalisering av velarar – aldersklasse

Aldersklasse	V09:+	V09:-	SUM
0 (4)	71,2	28,8	100 (108)
I (4)	67,8	32,2	100 (114)
II (12)	64,4	35,6	100 (257)
III (8)	26,5	73,5	100 (170)
IV (8)	0	100	100 (93)
p. 0≠I is. I≠II is. II≠III ** III≠IV is.			

⁴³ På grunn av lite tid, er denne ikkje signifikantstesta.

Figur 16: V09: Palatalisering av velarar



Palatalisering av velarar i substantiv har ein gradvis nedgang etter 1920, og ein ser at i den yngste generasjonen er palatalisering av velarar heilt vekke, slik V09:- viser. Eksempel på substantiv som får palatalisering kan vere *bok* /bu:k - bu:ç̣a/ eller *bakke* /bake - baç̣en

V10: rt-samband


Tabell 32: rt-samband – aldersklasse

Aldersklasse	V10:rt ⁴⁴	V10:t	V10:ç̣	SUM
0 (4)	91,5	8,5	0	100,0 (161)
I (4)	97,3	2,7	0	100,0 (192)
II (12)	93,5	6,5	0	100,0 (589)
III (8)	95,9	3,5	0,6	100,0 (394)
IV (8)	62,6	36,3	1,1	100,0 (201)

p. 0≠I is. I≠II is. II≠III is. III ≠IV *** V10t: 0≠I is. I≠II is. II≠III is. III ≠IV ***
V10: ç̣ alt.is.

⁴⁴-rt står her for konsonantsamband av alveolar tapp og t.

Figur 17: V10: Utvikling av rt-samband




Den yngste generasjonen viser eit større innslag av postalveolarisering enn dei eldre generasjonane. Alle generasjonane har eit visst innslag av dette, sidan det ofte er noko som kjem i rask daglegtale og i trykklett stilling. Eksempel på denne variabelen kan vere adjektivet *surt* som kan få tre ulike uttaleformer: /sʉ:rt/, /sʉ:t/ eller /sʉ:t/. Det er påfallande fleire innslag hjå ungdomane på postalveolarisering enn i dei andre generasjonane. Dei tre treffa på retrofleksar i heile materialet verkar nesten å vere ”feilsnakk”.

V11: Svarabhaktivokal i adjektiv

Tabell 33: Svarabhaktivokal i adjektiv – aldersklasse

Aldersklasse	V11:e	V11:0	SUM
0 (4)	77,5	22,5	100 (62)
I (4)	63,7	36,3	100 (94)
II (12)	64,6	35,4	100 (202)
III (8)	41,1	58,9	100 (163)
IV (8)	10,8	89,2	100 (123)
p. 0 ≠ I is. I ≠ II: is. II ≠ III * III ≠ IV: **			

Figur 18: V11: Svarabhaktivokal i adjektiv



Det er ein nedgang i bruken av svarabhaktivokal. Det viser at bruken av svarabhaktivokal i ubunden form av adjektivet i femininum og maskulinum er på vikande front, spesielt hjå dei yngre språkbrukarane. Avviklinga av dette trekket starta allereie i den eldste aldersklassen.

5.2.1 Oppsummering: Aldersklasse

Dei fleste variablane viser, som venta, endring etter aldersklassevariabelen. Det var nok implisitt i variabelutvalet. Dei fleste variablane går gradvis nedover til dei yngste informantane som stort sett har minst av dei mest tradisjonelle variantane. Likevel kan ein merke seg at V08, bruken av *d*, verkar vere meir stabil gjennom alle aldersklassene. Den har litt variasjon, men ikkje så mykje som dei fleste andre. Dei fire første variablane V01, V02, V03 og V04 kan sjåast under eitt som ei mogleg endring til at ”fullformene” av desse pronomena er dei som dominerer hjå dei yngre generasjonane. Palatalisering av velarar verkar å vere på veg ut hjå dei yngste brukarane, og dette stemmer overeins med liknande utviklingstrekk i fleire andre norske dialektar.

5.3 Kjønn og aldersklasse

V01: Personleg pronomen *eg* i trykklett posisjon

Tabell 34: *Eg* i trykklett posisjon – kjønn og aldersklasse

Aldersklasse	V01sv.i		V01sv.e		V01sv.ei		SUM	
	M	K	M	K	M	K	M	K
0 (2) (2)	94,3	91,5	0,0	0	5,7	8,5	100,0 (82)	100,0 (195)
I (2) (2)	92,3	98,6	0,0	0	7,7	1,4	100,0 (129)	100,0 (141)
II (6) (6)	83,8	79,0	0,0	0,2	16,2	20,8	100,0 (509)	100,1 (442)
III (4) (4)	59,0	37,6	2,8	0,0	38,1	62,4	99,9 (375)	100,0 (363)
IV (4) (4)	5,9	1,5	0,0	0,0	94,1	98,5	100, (496)	100,0 (341)
p. Alt is.								

Her ser ein at det i generasjonen III er størst variasjon mellom kjønna. Her har kvinnene større innslag av *ei-sv* enn mennene, som brukar meir *i-sv*. I denne generasjonen finn vi også den eine mannlege informanten som har treff på *e-sv*. Det er og ein liten forskjell mellom dei to yngste generasjonane, der gutane har litt fleire *i-sv* enn jentene.

V02: Personleg pronomen *meg* i trykklett posisjon

Tabell 35: *Meg* i trykklett posisjon – kjønn og aldersklasse

Aldersklasse	V02sv.mi		V02sv.mei		SUM	
	M	K	M	K	M	K
0 (1) (2)	100	100	0	0	100,0 (4)	100,0 (9)
I (2) (2)	100	100	0	0	100,0 (3)	100,0 (15)
II (6) (5)	96,8	86,7	3,2	13,3	100,0 (52)	100,0 (31)
III (4) (4)	85	66,1	15	33,9	100,0 (27)	100,0 (21)
IV (2) (3)	0	4,8	100	95,2	100,0 (5)	100,0 (12)
p. Alt is.						

Her ser ein at i dei to generasjonane II og III er det kvinnene som har flest treff på fullformene, medan mennene har fleire treff på kortformene. I den yngste generasjonen er det jentene som har flest treff på kortformene, men eg minner om at dette er ein lågfrekvent variabel og det sannsynlegvis ikkje er nok treff til å gje eit påliteleg bilete.

V03: Personleg pronomen *deg* i trykklett posisjon

Tabell 36: *Deg* i trykklett posisjon - kjønn og aldersklasse

Aldersklasse	V03sv.di		V03sv.dei		SUM	
	M	K	M	K	M	K
0 (1) (1)	100	100	0	0	100,0 (1)	100,0 (1)
I (1) (1)	100	100	0	0	100,0 (1)	100,0 (1)
II (5) (4)	100	100	0	0	100,0 (18)	100,0 (8)
III (4) (2)	100	66,5	0	33,5	100,0 (18)	100,0 (4)
IV (2) (2)	0	0	100	100	100,0 (3)	100,0 (4)
p. Alt is.						

Det same gjeld for denne variabelen som for V02, her kan ein òg sjå at kvinnene er dei som tek til å bruke fullformene først, men her er det også såpass få treff at det er vanskeleg å seie noko sikkert.

V04: Pronomen *seg* i trykklett posisjon

Tabell 37: *Seg* i trykklett posisjon -kjønn og aldersklasse

Aldersklasse	V04sv.si		V04sv.sei		SUM	
	M	K	M	K	M	K
0 (2) (2)	100	100	0	0	100,0 (26)	100,0 (13)
I (2) (2)	92,9	100	7,1	0	100,0 (27)	100,0 (12)
II (6) (6)	100	94,1	0	5,9	100,0 (56)	100,0 (54)
III (4) (4)	82,5	75,6	17,5	24,4	100,0 (55)	100,0 (39)
IV (4) (4)	28,1	0	71,9	100	100,3 (14)	100,0 (11)
p. Alt is.						

Her ser ein at *sei-sv* er i bruk hjå mennene i generasjon I men at det forsvinn igjen før det kjem attende gradvis hjå dei to siste generasjonane. På same måten hjå kvinnene også. I den yngste generasjonen ser ein at kvinnene brukar denne variabelen mest, medan det hjå gutane er større variasjon.

V05: Diftongering av *i* framom nasal

Tabell 38: Diftongering av *i* – kjønn og aldersklasse

Aldersklasse	V05:ei		V05:i		SUM	
	M	K	M	K	M	K
0 (2) (2)	50	87,5	50	12,5	100,0 (9)	100 (5)
I (2) (1)	91,7	100	8,3	0	100,0 (8)	100 (3)
II (4) (5)	51,7	38,5	48,3	61,7	100,0 (25)	100(23)
III (4) (4)	23,7	0	76,3	100	100,0 (62)	100(33)
IV (4) (4)	0	0	100	100	100,0 (11)	100 (16)
p. Alt is.						

I dei eldste generasjonane ser ein at kvinnene har meir diftongering enn mennene, men at dette snur i generasjon II, og i generasjon III ser ein at kvinnene har ingen former med diftongering, medan mennene framleis held på diftongeringa. I aldersklasse IV er begge gruppene utan diftongering.

V06:Diftongering av *y* framom nasal

Tabell 39: Diftongering av *y* – kjønn og aldersklasse

Aldersklasser	V06:øy		V06:y		SUM	
	M	K	M	K	M	K
0 (0) (2)	-	91,7	-	8,3	-	100,0 (7)
I (1) (2)	100	100	0	0	100,0 (2)	100,0 (5)
II (2) (3)	50	16,7	50	83,3	100,0 (7)	100,0 (6)
III (2) (4)	50	0	50	100	100,0 (5)	100,0(8)
IV (1) (3)	0	0	100	100	100,0 (1)	100,0 (4)
p. Alt is.						

I denne variabelen finst det ingen treff i det heile teke hjå den første generasjonen hjå mennene, slik at det berre vert fire generasjonar representert. Ein kan også her sjå at diftongen ikkje finst hjå dei yngre generasjonane. Kvinnene er her også først ute med å slutte og bruke diftongen. Det må også her påpeikast at det er få treff i materialet, og difor kan det vere vanskeleg å seie noko påviseleg om dette.

V07:Utvikling av norrøn é

Tabell 40: Utvikling av norrøn é – kjønn og aldersklasse

Aldersklasse	V07:ei		V07:e		V07:æ		Sum	
	M	K	M	K	M	K	M	K
0 (2) (2)	62,5	33,3	37,5	66,7	0	0	100 (14)	100 (7)
I (2) (2)	35,7	100	64,3	0	0	0	100 (10)	100 (11)
II (5) (5)	41,3	33,3	58,7	66,7	0	0	100 (28)	100 (29)
III (4) (4)	18,3	0	71,4	100	10,3	0	100 (49)	100 (42)
IV (4) (4)	0	2,8	93,7	93,1	6,2	4,2	99,9 (33)	100,1 (37)
p. Alt is.								

I aldersklasse 0 har mennene høgare innslag enn diftongering av kvinnene, før dette snur i aldersklasse I. I aldersklasse II har dette jamna seg litt meir ut. Mennene heldt lenger på diftongeringa framover mot aldersklasse III, medan kvinnene har 0 % i denne aldersklassen. Kvinnene i aldersklasse IV har eitt treff på diftong i denne variabelen i ordet *vêr*.

V08 Utvikling av *d* i innlyd og utlyd

Tabell 41: Utvikling av *d* i innlyd og utlyd – kjønn og aldersklasse

Aldersklasse	V08:ð		V08:d		V08:0		SUM	
	M	K	M	K	M	K	M	K
0 (2) (2)	0	0,8	52,1	48	47,9	51,2	100 (184)	100 (135)
I (2) (2)	0	0	42,5	32,7	57,5	67,3	100 (151)	100 (158)
II (6) (6)	0	0	32,4	33,5	67,6	66,5	100 (502)	100 (333)
III (4) (4)	0	0	32,5	32,6	67,5	67,4	100 (370)	100 (278)
IV (4) (4)	0	0	27,2	29,8	72,8	70,2	100 (205)	100 (166)
p. Alt is.								

Ein av dei mest stabile variablane i materialet, slik den òg viste på alder. Ein kan likevel sjå at i generasjon I har mennene nesten 10 % færre treff enn kvinnene, medan det elles er nesten heilt likt. Det er éi kvinne i den eldste generasjonen som har det eine treffet på *ð*.

V09:Palatalisering av velarar

Tabell 42: Palatalisering av velarar – kjønn og aldersklasse

Aldersklasse	V09:+		V09:-		SUM	
	M	K	M	K	M	K
0 (2) (2)	58,7	83,7	41,3	16,2	100,0 (59)	99,9(49)
I (2) (2)	73,7	61,8	26,3	38,2	100,0 (61)	100 (53)
II (6) (6)	67,5	61,2	32,5	38,8	100,1 (151)	100 (106)
III (4) (4)	34,5	18,5	65,4	81,5	100,0 (108)	100 (62)
IV (4) (4)	0	0	100	100	100,0 (51)	100 (42)
p. Alt is.						

Kvinnene har høgare prosenttreff på palatalisering i generasjon 0 enn mennene, men det jamnar seg ut framover mot generasjon II. I generasjon III har kvinnene mindre palatalisering enn mennene før det i generasjon IV er heilt likt.

V10:Utvikling av rt-samband

Tabell 43: Utvikling av rt-samaband – kjønn og aldersklasse

Alderklasser	V10:rt ⁴⁵		V10:t		V10:t		SUM	
	M	K	M	K	M	K	M	K
0 (2) (2)	93,5	89,5	6,5	10,5	0	0	100 (83)	100,0 (78)
I (2) (2)	97,2	97,3	2,8	2,7	0	0	100 (108)	100,0 (84)
II (6) (6)	98,8	88,1	1,2	11,9	0	0	100 (320)	100,0(269)
III (4) (4)	99,6	92,3	0,4	6,5	0	1,1	100 (252)	99,9 (142)
IV (4) (4)	64,8	60,4	34,7	37,8	0,5	1,8	100 (105)	100,0 (96)
p. M≠K II V10:rt T, M≠K V10: III postalv: * Alt anna is.								

I utviklinga av rt-sambandet er det heller ikkje noko særleg forskjell på kjønna. Her viser variabelen litt signifikans mellom kjønna i rt-samband og postalveolar i aldersklasse III, men utover det er det ikkje stor variasjon.

⁴⁵-rt står her for konsonantsambandet alveolar flapp og t.

V11:Svarabhaktivokal i adjektiv

Tabell 44: Svarabhaktivokal i adjektiv – kjønn og aldersklasse

Alderfase	V11:e		V11:0		SUM	
	M	K	M	K	M	K
0 (2) (2)	86,2	68,9	13,8	31,1	100 (28)	100 (34)
I (2) (2)	59,6	67,8	40,4	32,2	100 (51)	100 (43)
II (6) (6)	67,6	61,6	32,4	38,4	100 (120)	100 (82)
III (4) (4)	38,8	43,3	61,2	56,7	100 (105)	100 (51)
IV (4) (4)	14,0	7,7	86,0	92,3	100 (62)	100 (61)
p. Alt is.						

Ein ser her at kvinnene i generasjon 0 brukar mindre svarabhaktivokal enn mennene, men at dette snur i generasjon I. Gutane i den yngre generasjonen brukar noko meir svarabhakti enn jentene.

5.3.1 Oppsummering – kjønnsforskjellar

Det er ikkje noko eintydig mønster i kjønnsforskjellane, og dei fleste av resultata er ikkje signifikante. Det ein kan leggje merke til, er at kvinnene sluttar å bruke diftongering først, slik som i V05 og V06. Kvinnene har òg færre former med svarabhaktivokal i V11. Slik er det ein tendens i fleire variablar til at det er mennene som held lengst på dei tradisjonelle formene.

5.4 Yrkeskontaktflate – utan ungdomane

Denne sosiale variabelen har eg testa på to måtar. Ein gong med ungdomane, og ein gong der eg har teke ut ungdomsinformantane. Når ein lagar metafila i prosjektet deler ein informantgruppa inn i to, nemleg dei som har yrkeskontaktflate innanfor, og dei som har yrkeskontaktflate utanfor kommunen. Med dette meiner ein om informantane har kontaktflate utanfor kommunen. Dette gjeld både dei som jobbar utanfor kommunen, men også dei som har mest kontakt ut av kommunen på telefon og liknande. Ungdomane vert gruppert i kategorien *innanfor kommunen*. Eg viser nedanfor resultata for testen utan ungdomane. Dette er fordi eg reknar med at det er dei vaksne som faktisk har eller har hatt eit yrke, og difor har ei yrkeskontaktflate. Tabellane med resultat inkludert ungdomane ligg ved som vedlegg.

I nesten alle tabellane nedanfor kan ein sjå det same mønsteret. Dei som har yrkeskontaktflate utanfor kommunen, har jamt over noko høgare innslag av dei mindre

tradisjonelle formene. Her kan ein òg sjå at den variabelen der gruppene ligg nærast kvarandre, er V08, utviklinga av *d* i innlyd og utlyd.

Yrkeskontaktflate – utan ungdomane

Merk at i denne kategorien er det berre 27 av 36 informantar representert, då det var ein mann frå det gamle materialet eg ikkje kunne bestemme i den eine eller andre kategorien. Dei åtte ungdomane er heller ikkje med.

V01, V02, V03, V04: *Eg, meg, deg, seg* i trykklett posisjon.

Eg viser her først tabellane for alle fire variablane og så kommenterer eg dei under.

Tabell 45: *Eg* i trykklett posisjon – yrkeskontaktflate utan ungdomane

Yrkeskontaktflate	V:01-i-sv	V01:e-sv	V01:ei-sv	SUM
	UU ⁴⁶	UU	UU	UU
Innanfor kommunen (11)	78,3	0,1	21,6	100 (892)
Utanfor kommunen (16)	72,6	0,7	26,7	100 (1280)
p. Alt is.				

Tabell 46: *Meg* i trykklett posisjon – yrkeskontaktflate utan ungdomane

Yrkeskontaktflate	V02:mi-sv	V02:mei-sv	SUM
	UU	UU	UU
Innafor kommunen (10)	93,3	6,7	100 (59)
Utanfor kommunen (15)	85,7	14,3	100 (102)
p. Alt is.			

⁴⁶ UU tyder utan ungdomane

Tabell 47: *Deg* i trykklett posisjon – yrkeskontaktflate utan ungdomane

Yrkeskontaktflate	V03:di-sv	V03:dei-sv	SUM
	UU	UU	UU
Innanfor kommunen (5)	100	0	100 (9)
Utanfor kommunen (13)	94,9	5,1	100 (33)
p. Alt i.s.			

Tabell 48: *Seg* i trykklett posisjon – yrkeskontaktflate utan ungdomane

Yrkeskontaktflate	V04:si-sv	V04:sei-sv	SUM
	UU	UU	UU
Innanfor kommunen (11)	95,2	4,8	100 (92)
Utanfor kommunen (16)	90,6	9,4	100 (183)
p. Alt i.s.			

I dei fire pronomena er det er eit likt mønster blant dei vaksne informantane: Stort sett har dei som har eller har hatt yrkeskontaktflate innanfor kommunen, eit høgare innslag av meir tradisjonelle former. Ingen av resultata er signifikante, og det er difor vanskeleg å seie at dette er eit fast mønster. Men tendensane er den same i alle variablane.

V05, 06: Diftongering av *i* og *y* framom nasal.

Tabell 49: Diftongering av *i* – yrkeskontaktflate utan ungdomane

Yrkeskontaktflate	V05:ei	V05:i	SUM
	UU	UU	UU
Innanfor kommunen (9)	49,1	50,9	100 (41)
Utanfor kommunen (14)	37,6	62,4	100 (121)
p. Alt i.s.			

Tabell 50: Diftongering av *y* – yrkeskontaktflate utan ungdomane

Yrkeskontaktflate	V06:øy	V06:y	SUM
	UU	UU	UU
Innanfor kommunen (9)	48,1	51,9	100 (21)
Utanfor kommunen (6)	33,3	66,7	100 (17)
p. Alt i.s.			

Eit liknande mønster ser ein for diftongering. Dei vaksne som har yrkeskontakflate innanfor kommunen, har i begge kategoriane høgare innslag av diftongering. Resultata her er heller

ikkje signifikante og det må minnst om at dette er ein svært lågfrekvent variabel i totalmaterialet.

V07: Utvikling av norrøn é

Tabell 51: Utvikling av norrøn é – yrkeskontaktflate utan ungdomane

Yrkeskontaktflate	V07:ei	V07:e	V07:æ	Sum
	UU	UU	UU	
Innanfor kommunen (10)	43,3	56,7	0	100 (66)
Utanfor kommunen (15)	31,8	65,5	2,7	100 (121)
p. Alt is.				

Her ser ein at dei som har høgast innslag av diftong høyrer til innanfor kommunen, men igjen er det ingen signifikans.

V08: Utvikling av *d* i innlyd og utlyd

Tabell 52: *d* i innlyd og utlyd – yrkeskontaktflate utan ungdomar

Yrkeskontaktflate	V08:ð	V08:d	V08:0	SUM
	UU	UU	UU	UU
Innanfor kommunen (11)	0,1	35,2	64,7	100 (732)
Utanfor kommunen (16)	0	35,9	64,1	100 (1285)
p. Alt is.				

Det viser seg igjen at dette er den mest stabile variabelen i materialet. Det er nesten ikkje variasjon mellom dei to gruppene.

V09: Palatalisering av velarar

Tabell 53: Palatalisering av velarar – yrkeskontaktflate utan ungdomane

Yrkeskontaktflate	V09+	V09-	SUM
	UU	UU	
Innanfor kommunen (11)	57,8	42,2	100 (255)
Utanfor kommunen (16)	48,3	51,7	100 (393)
p. Alt is.			

Det er her ein liten variasjon på om lag ni prosent mellom dei to kategoriane, der dei med kontaktflate innanfor kommunen har meir palatalisering enn dei med kontaktflate utanfor.

V10: Utvikling av rt-samband

Tabell 54: Utvikling av rt-samband – yrkeskontaktflate utan ungdomane

Yrkeskontaktflate	V10:rt	V10:t	V10:t	Sum
	UU	UU	UU	UU
Innanfor kommunen (11)	90,1	9,9	0	100 (488)
Utanfor kommunen (16)	97,3	2,4	0,3	100 (793)
p. V10: rt ≠ postalv *				

Ein litt ”omvendt” variabel enn dei andre, der dei med kontaktflate utanfor kommunen har litt større innslag av den mest tradisjonelle varianten.

V11: Svarabhaktivokal i adjektiv

Tabell 55: Svarabhaktivokal i adjektiv – yrkeskontaktflate utan ungdomane

Yrkeskontaktflate	V11:e	V11:0	SUM
	UU	UU	UU
Innanfor kommunen (11)	61,3	38,7	100 (170)
Utanfor kommunen (16)	59,2	40,8	100 (332)
p. Alt is.			

Her er det minimal forskjell mellom dei to kategoriane, og denne minner om V08, der det heller ikkje var noko særleg variasjon.

5.4.1 Oppsummering – yrkeskontakflate utan ungdomane

Det er nesten ingen signifikans i denne sosiale variabelen. Det er difor vanskeleg å seie noko anna om dei enn at ein kan sjå på den prosentvise differansen mellom gruppene i tabellane, utan at ein kan snakke om stor variasjon. Likevel er hovudtendensen stadfesta i alle variablane utanom ein. Tala når ungdomsgruppa er med, viser eit anna mønster som ein kan sjå i vedlegg 4.

5.5 Sosial klasse

Når ein ser på resultatata for sosial klasse i materialet støyter ein på ulike problem.

Informantane fordeler seg svært skeivt i dei tre gruppene. Dei to informantane i sosial klasse 1 er menn fødde på attenhundretalet. Difor får konsekvent ein høge tal på tradisjonelle former hjå denne gruppa. Så dette kan like godt vere ein indikasjon på alder, heller enn at individ i sosialklasse 1 har høgare innslag av meir tradisjonelle former enn dei andre klassane, som ein markør for høgare status. I sosial klasse 2 hamnar det fire kvinner i ulike aldersgrupper, og dei resterande 30 informantane hamnar i sosial klasse 3. Ein kan likevel sjå at sosial klasse 2 har lågare innslag av dei tradisjonelle formene enn både sosial klasse 1 og 3. Tabellane for sosial klasse står som vedlegg 3.

6. Drøfting

I dette kapitlet vil eg drøfte dei resultata eg la fram i resultatkapitlet. Her vil eg forsøke å setje utviklingane i samband med teorien og sjå korleis resultata passar med hypotesane eg har lagt fram i teorikapitlet. Nokre av resultata i aldersklasse er illustrerte med spreingsdiagram, som viser korleis individa i materialet fordeler seg etter fødselsår.

6.1 Aldersklasse

Det er ingen tvil om at det på gruppenivå er stor endring i aldersklassar i dei aller fleste lingvistiske variablane i materialet mitt. Likevel var enkelte av variablane mindre frekvente, og det er difor vanskeleg å seie noko sikkert om endringane i dei.

6.1.1 V01-V04: Frå ”kortformer” til ”fullformer” i trykklett posisjon


Ein såg i resultatkapitlet at bruken av *i* i trykklett stilling var mykje meir utbreidd blant dei eldre informantane. Ein kan kanskje i første omgang tenke seg at denne utviklinga er ”motstraums”, sidan dei fleste yngre informantane vel fullformer av pronomenet i staden for den kortare forma *i*. Det må likevel vere snakk om ei *forenkling*, då ein går over til å berre få ei pronomenform i staden for to, og at den vert lik både i trykklett og trykk tung posisjon.

Det kan vere fleire grunnar til at ei slik endring skjer. Slik som det står tidlegare i oppgåva, er denne utviklinga noko som allereie har skjedd på nordre Sunnmøre, slik at dei har fått samanfall av pronomenformene. I Ålesund bymål har dei heller ikkje ei slik todeling. Kor langt sør for Ålesund ein skal reise før ein ser ei slik todeling, veit eg ikkje, men todelinga er der både hjå vaksne og enkelte ungdomar i Vanylven kommune også i 2012.

Nedanfor viser eit spreingsdiagram korleis denne utviklinga har føregått på individnivå. Ein kan her sjå at dei fleste ungdomane nesten ikkje brukar denne todelinga, men ho er likevel ikkje heilt vekke. Ein av ungdomane ligg nesten på 20 % bruk av den svake *i* forma. Ein kan òg sjå at ein av informantane fødd rundt 1970 har rundt 0 % av denne forma, sjølv om fleire i denne gruppa har ganske høgt innslag av akkurat denne varianten. Det er då ikkje slik at alle vaksne brukar den eine eller den andre forma, eller at alle ungdomane vel berre å bruke den trykklette forma *ei*. Heller ikkje i dei eldste generasjonane er det slik at alle informantane har 100 % treff på den eine eller den andre varianten. Variasjonen er altså gammal. Størst variasjon på individnivå ser ein hos informantane fødte mellom 1920 til 1980.

Det er ein informant som har fleire treff på den trykklette forma *e*. Kva som er grunnen til at akkurat denne informanten brukar denne forma, er usikkert, då informanten har budd på Åram omtrent heile livet. Informanten sjølv seier at vedkommande har lett for å leggje om når informanten er i kontakt med andre. Likevel er det ikkje nokon grunn til at akkomodasjon med meg, intervjuaren, skulle ha ”løyst” ut bruken av ei slik form. Kva som er grunnen til at denne eine informanten har denne forma er vanskeleg å sei. Denne ”ålesundsforma” ser ikkje ut til å ha spreidd seg til dei yngre generasjonane, så det verkar vere meir eller mindre unikt for denne eine informanten og viser ikkje noko mønster for endring i den eine eller andre retninga.

Figur 19: Spreiingsdiagram for V01:i-sv



Ei mogleg forklaring på ei slik endring for trykklette pronomen kan sjølvstøtt vere *påverknad* frå andre dialektar, men eg manglar ei oversikt over korleis desse pronomena har utvikla seg i dei bygdene som ligg rett i nærleiken. Sannsynet for at dei vaksne og ungdomane i Åram vel å endre pronomenformene sine *fordi* systemet er slik nord for Ålesund, er vel ganske lite, sjølv om det sjølvstøtt er mogleg. Ei anna mogleg, men òg noko kontroversiell og folkelingvistisk forklaring kan vere at naboopposisjonen mellom Sunnmøre og Romsdal gjer at sunnmøringane markerer seg sjølve ved å fjerne den romsdalske forma *i*. Dette er nok òg mindre sannsynleg.


Det er nok heller, som eg skreiv ovanfor, snakk om ei forenkling, der ein gjer pronomensystemet enklare ved å ha færre former å skilje mellom, og valet fell på den som har merka seg mest ut, den trykksterke forma. Av strukturelle grunnar får altså sørsunnmørsk same utvikling som nordsunnmørsk. Slik mine tal viser, er alle dei fire pronomena *eg*, *meg*,

deg og *seg* på veg i same retning sjølv om nokre av dei har få treff, og difor eit litt svakt grunnlag å basere det på. Ein kan merke seg at tempoet på denne endringa er systematisk, der avviklinga av todeling av pronomenerne har starta allereie med den eldste generasjonen. Ein kan likevel ikkje seie at samanfallet er fullstendig hjå alle språkbrukarane i samfunnet men utviklinga viser at retninga sannsynlegvis går mot samanfall.

6.1.2 V05-V06: Frå diftong til monoftong


Resultatkapittelet viste også at ein på Sunnmøre ser ei ”avdiftongering” i enkelte posisjonar som vanlegvis ikkje har diftongering i andre dialektar. Variabel **V05** hadde mange fleire treff enn **V06**, og viser difor eit klårare mønster. Mønsteret for varianten V05:ei, altså diftongering, kan ein sjå i spreingsdiagrammet under.

Figur 20: Spreingsdiagram for V05-ei



Spreingsdiagrammet viser at det er stor variasjon mellom individa på denne variabelen. Ein av informantane fødd rundt 1900 har ingen diftongering, medan dei andre eldre stort sett har høg bruk av dette. I perioden frå 1920 og framover mot 1960 er det stor variasjon. Hjå personar fødte etter 1960 er det heilt slutt på dette fenomenet. Det vil seie at diftongeringa av *i* gjekk ut av bruk i andre generasjon etter krigen.

Figur 21: Spreiingsdiagram for V06:øy



Det same mønsteret ser ein på **V06**, og her er det også stor variasjon mellom informantane,. Anten har ein diftong av *ø* framfor *ng* og *nk*, eller så har ein det ikkje. Slik som i **V05** er den stort sett vekke etter 1960. Dette er ein lågfrekvent variabel, men mønsteret ser ut til å stemme med **V05**.

Ei slik diftongering i ord som vanlegvis ikkje har diftong, kan nok lettare verte utsett for ei monoftongering i møte med andre dialektar som ikkje har fenomenet.

Liknande prosessar ser ein over heile Noreg der ein før har hatt diftong. Her kan det kanskje vere snakk om eit slags ”fleirtalsprinsipp”. Dei fleste dialektane i Noreg har ikkje denne diftongen, og eit slags ”press” frå fleirtalet kan kanskje ha gjort at diftongeringa er på veg ut. Difor kan det vere sannsynleg at denne endringa er ein del av ein *utjammingsprosess* eller *nivelleringsprosess*.

6.1.3 V07: Endring i norrøn é


I denne variabelen har eg, som eg tidlegare skreiv i variabellista, fokusert på utviklinga i berre nokre få ord, som hadde lang é i norrønt. Også i denne variabelen ser ein at diftongering er på veg ut, og vert erstatta med former med monoftong. I denne variabelen testa eg først mange ord, men etter ein del arbeid bestemte eg meg for å fjerne dei med kort vokal og berre fokusere på utviklinga av dei som no har lang vokal og variasjon. Etter utvalet sat eg igjen med desse orda: *tre*, *ser*, *vêr*, *meter*, *brev*, *fele*, noko som gjer at dette vart ein ganske liten variabel. Likevel viser denne eit liknande mønster som dei to andre diftongeringsvariablane, **V05** og **V06**. Den siste generasjonen har ikkje dette dialektdraget, utanom det eine treffet hjå ei av jentene, i ordet /vêi:r/ (*vêr*, subst.)

Endringa frå diftong til monoftong verkar vere nesten fullstendig gjennomført i generasjonane etter krigen i dei orda eg har testa for denne variabelen. Sannsynet for at denne type diftongering går ut av dialekta på Åram, er nok stor. Likevel, eit mogleg scenario er at dei som er unge eller mellomaldra no, tek til seg dette trekket igjen når dei vert eldre, sjølv om dette er svært lite sannsynleg. Diftongeringa i denne leksikalske variabelen finst også i så få ord at endringa sannsynlegvis er på veg ut.

6.1.4. V08: Endring i uttale av *d* i innlyd og utlyd

Det er ikkje mange dialektar som har behalde *d* i både innlyd og utlyd så lenge som dialekten på Sunnmøre. Dette gjeld framleis. Når dei fleste av variablane mine har hatt svært stor endring i alder, viser både resultatkapittelet og spreingsdiagrammet nedanfor at dette er ein variabel som held seg meir stabil, sjølv om det er variasjon på individnivå.

Figur 22: Spreingsdiagram for V08:d



Men kvifor har denne variabelen så lite endring, i motsetnad til fleire av dei andre? Sidan denne *d*-en er behalden i skriftspråket i mange ord, kan det ha vore med på påverke bruken av dette trekket. Der ein i begge dei to norske skriftspråka skriv *d* som i *glad*, *arbeid*, *bud*, har ein i Åram framleis denne uttalen av *d*-en. Stavemåten kan gjere uttalen av *d* mindre ”framand” både for språkbrukarane sjølve, og i møte med folk med dialektar som ikkje har dette språktrekket. Eit motargument for dette er at denne uttalen også har blitt behalden i ord som ikkje har denne uttalen, slik som i /*sei:d*/ for sei (substantiv).

Ein kan sjå at dei yngste grupperer seg saman i større grad enn dei andre gruppene, sett vekk ifrå ein informant med ein del høgare bruk av *d* enn dei andre ungdomane. Dette kan


vere eit resultat av ei større fokusering i ungdomsgruppa, som har lettare for å danne eit gruppespråk, medan dei vaksne har større individuell variasjon, alt etter kva yrkeskontaktflate dei har, kor lenge eller kor dei har budd vekke eller liknande. Det spesielle med denne variabelen er uansett at han er svært stabil på fødselsår i motsetnad til dei fleste andre. Nokre ord som merkar seg ut med at dei vanlegvis får bortfall av *d*, er *med* og *ned*. Kanskje kan dette ha noko med at dei stort sett alltid kjem i trykklett posisjon, og difor står *d* lageleg til for hogg. Det er likevel eitt treff på /me:d/ i materialet. Det verkar også som at *d* ofte vert brukt dersom det kjem ein vokal etterpå, sannsynlegvis for å unngå hiatus. Spesielt i ord som *arbeid*, *blad* og *tid* står d-en sterkt både hjå dei yngre og dei eldre generasjonane.

6.1.5 V09 Utvikling av palatalisering

Palatalisering er eit tradisjonelt trekk som er på tilbakegang fleire stader i Noreg. Blant anna kan ein sjå det i den tidlegare nemnte undersøkinga frå Bø i Telemark, henta frå *Talemål* (Sandøy 1996: 130). Det er heilt tydeleg at det etter 1950 har vore stor nedgang i denne variabelen. Ei slik palatalisering har lita funksjonell tyngd, og eg ser for meg at dette kan gjere at palatalisering fort kan bli "kutta" i møte med dialektar som ikkje brukar det. Tap av palatalisering fører til, som eg skreiv i variabellista, ei sterk *forenkling*. Slik vert bøyingsmønsteret av substantiv endra, slik at ein slepp konsonantskifte i formene utan palatalisering. Endringa i palataliseringa eg har undersøkt, er stor og det verkar som palataliseringa er på veg ut av dialekten i Åram.

6.1.6 V10 Utvikling av rt-samband

Figur 23: Spreiingsdiagram for V10:rt



I utviklinga av rt-sambandet, har ein hjå alle generasjonane eit visst innslag av postalveolar uttale av sambandet. Grunnen til dette kan vere at ei slik postalveolarisering ofte førekjem i trykklett posisjon. Det skulle gjerne ha vore skilt mellom trykk tung og trykklett i merkinga, men dette er ikkje gjort. Det meir spennande er at fleire av ungdomane har ganske høgt innslag av den postalveolare uttalen, og ved gjennomlytting har eg høyrte tilfelle av at dei også brukar den i trykk tung posisjon. I byrjinga trudde underteikna uttalen var ein retrofleks, men det er det altså ikkje. Det finst berre eit par treff på retroflektering i materialet, men desse verkar vere meir ”feilsnakk” enn at det kan snakkast om eit mønster. Men kva kan vere grunnen til at ungdomane har så høgt innslag av denne?


Eg trur det kan vere snakk om både påverknad og *prestisje*. Sjølv om det ikkje er retrofleksen frå Ålesund som har spreidd seg, må det kunne hevdast at postalveolaren er ein liknande lyd, og at dette mønsteret ser ut til å spreie seg frå Ålesund. No har ikkje eg mykje data på korleis dette har spreidd seg i bygdene mellom Åram og Ålesund, men spesielt informantar med høg kontakt på fritida nordover mot Ulsteinvik og Ålesund viser seg å ha høgare innslag av postalveolar enn dei andre.

Ein kan sjå for seg at denne assimilasjon av /rt/ > /t/ kan vere ei fonetisk forenkling då uttalen av sambandet går frå ha fleire ”slag” med tunga, til berre eitt, når ein brukar den postalveolare lyden. Slik sett kan ein altså snakke om ei forenkling. Retroflektinga i ålesundsmålet var tradisjonelt eit karakteristisk trekk for bymålet og kanskje kan ein kalle denne postalveolaren ei mellomform av desse to. Ei slik forenkling som ungdomane møter når dei treff andre språkbrukarar som har den same lyden kan vere grobotn for ei språkleg endring.

Påverknadskrafta kan også kome frå bygdene rundt, men som eg skreiv tidlegare veit eg ikkje kor høgt innslaget av retroflekttering og postalveolarisering er i naboområdet. Det er sjølvsagt mogleg at bruken hjå ungdomane er eit resultat av eit ungdomsspråksfenomen, som informantane sjølve går tilbake på når dei vert eldre. Ekstra spennande er denne utviklinga då Vanylven ligg midt i beltet mellom den spreidande skarre-ten frå sør og retroflektteringa frå nord.

6.1.7 V11 – Endring i svarabhaktivokal i adjektiv

Figur 24: Spreiingsdiagram for V11:e



Denne variabelen viser at ungdomane bruker fleire former av adjektiv som er utan svarabhaktivokal. Denne variabelen følger òg mønsteret for *nivellering*, og det dreier seg nok om ei *forenkling*. I åramdialekten har ein tradisjonelt to bøyingsmønster av adjektiv, [¹store – stort - ²store] og [¹ekkel – ¹ekkel - ²ekle]. Det kan sjå ut til at utviklinga no går til at dei fleste adjektiva får bøyingsmønsteret nummer to, nemleg /-0 – t – e/.

Også i denne variabelen ser ein variasjon på individnivå i dei ulike aldersklassane, og ungdomane peikar seg igjen ut som den mest samla gruppa.

Slik som i fleire av dei andre variablane ser ein at bruken av den tradisjonelle forma er mindre hjå ungdomane.

6.2 Kva kan endringane i aldersklasse fortelje?

Det er stor endring i dei aller fleste variablane etter aldersklasse, utanom *d* i innlyd og utlyd etter vokal. Det dreier seg stort sett om ”forenklingar”, slik at ein kan sjå at endringane i

dialekten i Åram følgjer generelle endringar i Noreg, der både palatalisering og diftongering er trekk som vert utjamna.

I dei fleste variablane mine er det variasjon på individnivå innanfor klassene, utanom i enkelte variablar hjå ungdomane. Dersom ein skal tenke seg at alle i språksamfunnet på eit eller anna tidspunkt hadde til dømes 100 % svarabhaktivokal i adjektiv, har endringa mot ei nullform starta allereie før dei eldste informantane mine var fødde.

I utvikling av rt-sambandet er det usikkert kor fort denne assimilasjonen vil spreie seg i språksamfunnet. Innovasjonsaugneblinken for denne variabelen er umogleg å seie noko om sidan alle informantgruppene mine har denne assimilasjonen i ei eller anna form. Fram til dei yngste generasjonane har denne assimilasjonen halde seg ganske stabil i botnen av s-kurva, men no kan ein kanskje sjå at bruken tek til å bevege seg oppover i s-kurva.

Når eg diskuterer materialet mitt, må eg ta med i betraktninga at i dei tre eldste generasjonane i materialet er alle informantane eldre personar. Dersom ein skal sjå på materialet frå eit aldersfaseperspektiv, kan ein då i teorien slå saman dei tre eldste generasjonane til ein aldersfase, og så sjå på dei midaldra og dei yngste. Dersom ein bruker denne inndelinga, ser ein at dei tre eldste aldersklassene er svært like i dei fleste variablane.

Dei tre aldersklassene med eldre grupperer seg saman rundt ein relativt lik resultatprosent, så er det eit hopp til dei midaldra, og der igjen eit hopp ned til dei yngste. Slik sett kan det kanskje vere hald i teoriane om at eldre brukar meir tradisjonelle former enn dei som framleis er i arbeidslivet. Likevel, ei slik gruppering av tre aldersklasser med liknande resultat kan kanskje forklarast med at språket var meir stabilt på den tida. Sjølv om dette er ein svært usikker påstand. Ungdomane er i dei fleste variablane ganske like i språkbruken, som ein ser på dei spreingsdiagramma eg har nytta. Ei slik ”samanklumping” stemmer med teoriane om at ungdomar har ein tendens til å danne eit gruppespråk med mindre variasjon enn hjå dei vaksne. Kor permanente desse endringane vert, kan ein ikkje seie noko om. Ein kan tenkje seg at ungdomane tek ulike språklege vegar i livet og eg har som eg skreiv ikkje hatt høve til studiar av endring i verkeleg tid.

Men korleis kan ein forsøke og forklare den ganske store variasjonen mellom aldersgruppene, spesielt III og IV? Det er tydeleg at etterkrigsgenerasjonen er startgenerasjonen for dei største språklege endringane i Åram. I denne perioden skjedde det store endringar i det norske samfunnet til dømes i økonomi, mobilitet, tilgang til ulike typar media, utdanningsnivå og yrkeskontaktflate. Det er naturleg å tenkje seg at slike samfunnsendringar påverkar språksituasjonen. I generasjon III ser ein at det er variasjon mellom informantane. Nokre brukar ”moderne” former, medan andre har dei tradisjonelle.

Ein annan faktor i utviklinga kan vere skulestruktur. Slik eg skreiv tidlegare, har dei hatt ulik skulestruktur i Åram. Ungdomane frå Åram har i periodar etter 1970 måtte gå på ungdomsskulen i Syvde, eit par mil unna heimstaden. Ei slik flytting av elevar kan ha innverknad på språket, men likevel trur eg ikkje dette kan vere avgjerande, då dialekten i Syvde verkar vere ganske lik den i Åram. Dei yngste informantane mine går no på skule ute av heimbygda og dette kan ha hatt noko å seie for den lingvistiske kontaktflata deira.

6.3 Alder og kjønn

Det var få av dei lingvistiske variablane i denne sosiale variabelen som hadde signifikans. Dessutan vert gruppene i denne variabelen svært små. Slik kan det vere at resultatata ikkje er representative for heile språksamfunnet, og at dersom informantutvalet hadde vore annleis, så kunne resultatata ha vorte heilt ulike. Eg kunne ha valt å dele inn heile materialet i berre kjønn, men eg tykkjer det er interessant å sjå endringa i kjønn i eit aldersperspektiv, då det er så stor spreining i fødselsåra til informantane mine at det ville vore merkeleg å slå saman språket til dei eldste og dei yngste kvinnene, eller dei eldste og yngste mennene.

Med unnatak av generasjon I, kan ein sjå at kvinnene i den første generasjonen har lågare bruksfrekvens av det tradisjonelle V01:*i-sv* enn mennene. Spesielt i generasjon III er denne variasjonen stor. Også hjå dei yngste informantane har jentene ein del lågare prosent enn gutane i denne variabelen. Som eg skreiv i teorikapittelet er det vanleg at kvinner vel seg former med høgare status. Kor bevisst ein er på val av slike pronomenformer i daglegtalet, er vanskeleg å seie, men kvinnene brukar fullformene i litt større grad enn mennene. Det er såpass låg variasjon i prosenten at det er vanskeleg å seie heilt sikkert. Det same gjeld for V02. I generasjon III har kvinnene 13,4 % innslag av fullforma *mei* der mennene berre har 3,2 %. Berre i den yngste generasjonen har kvinnene litt mindre innslag enn gutane. Ein ser også liknande mønster for dei to andre variablane om pronomen. Dei har såpass få belegg at det er vanskeleg å seie noko fast om dei, men det verkar som om dei følgjer same mønsteret. Kvinnene brukar litt fleire av dei mindre tradisjonelle formene, noko som samsvarar med teorien om at kvinner ofte er litt meir ”moderne” i dialektbruken.

I V05 og V06 har kvinnene ein høgare bruk av diftongering enn mennene, fram til rundt 1920, der dette snur. Kva som eigentleg skjer her, er vanskeleg å seie. Kanskje brukar mennene færre tradisjonelle former, fordi dei gjennom yrkesvalet sitt i større grad møtte folk med andre dialektar, enn kva kvinnene gjorde. Endringa til at kvinnene omtrent sluttar å bruke

denne diftongen, kan henge saman med at kvinnene fekk høgare utdanning, og ein fekk generelt sett betre tilgang til etermedia, som radio, i denne perioden. Då kan dette kanskje også henge saman med kvinnene sitt behov for å bruke mindre tradisjonelle former i meir moderne tid. Mennene derimot held på dei tradisjonelle formene lenger, fordi yrkesvegen framleis var den same. I V07 har mennene høgare treff på diftongering i starten, men kvinnene brukar det meir etterkvart, og dette skil seg frå dei to andre diftongeringsvariablane. Som eg skreiv tidlegare er det vanskeleg å seie noko konkret om desse resultatane, sidan gruppene vert så små, anna enn at diftongering er eit fenomen som vert mindre og mindre brukt hjå dei yngste informantane av begge kjønn.

I variabel V08 er det relativt liten variasjon mellom kjønna, sjølv om kvinnene i generasjon 0 har fire prosent høgare innslag av nullformer enn former med *d*. At det er hjå kvinnene i den eldste aldersklassen ein finn det eine treffet av den stemte frikativten, er mest sannsynleg tilfeldig. Det er i alle fall for lite til at ein kan seie noko om at kvinnene brukar meir tradisjonelle former i denne variabelen eller ikkje. I V09 har kvinnene eit høgare innslag av palatalisering enn mennene i generasjon 0, men så har mennene høgare innslag fram til generasjon IV der begge gruppene har 0 %. I V10 er det også minimal variasjon mellom kjønna, det verkar som om *rt*-sambandet utviklar seg likt mellom dei to. I V11 brukar kvinnene mindre svarabhaktivokal i generasjon I, men så jamnar det seg ut. Gutane brukar litt meir av svarabhaktivokalen i generasjon IV.

Resultata viser ikkje noko eintydig variasjon mellom kjønna i Åram. Slik eg har lagt det fram i teorikapittelet skal kvinnene i teorien velje dei mindre tradisjonelle formene framfor mennene og mennene skal vere meir tradisjonelle. Det varierer litt frå variabel til variabel i mitt materiale, utan at nokon av kjønna merkar seg veldig ut i nokon grad den eine eller den andre vegen. Det er ikkje veldig tydeleg kjønnsforskjell i dialekten i Åram.

6.4 Yrkeskontaktflate utan ungdomar

Mønsteret som viser seg i denne variabelen, yrkeskontaktflate utan ungdomar, er at det stort sett er slik at dei som har kontaktflate utanfor kommunen, brukar litt mindre tradisjonelle former enn dei som har yrkeskontaktflate innanfor kommunen. Ein kan kanskje sjå eksempel som tyder på at teoriane om at høg kontakt på individnivå kan føre til variasjon og eventuelt endring.

Utanfor kommunen er også eit svært vidt omgrep og kan vere vanskeleg å definere. Difor er det svært vanskeleg å seie noko om påverknadskjeldene i denne variasjonen. Ein kan til dømes ikkje seie at det berre er ålesundsdialekten, nabodialektane, eller austlandsdialekten som påverkar, fordi det er vanskeleg å lage ei full oversikt over kven dei treffer når dei jobbar utanfor kommunen. Slik sett hadde det vore ideelt med ei inndeling der informantane sjølve kunne ha fylt inn kvar dei hadde jobba og liknande.

Sjølv om det er noko variasjon i resultata, tykkjer eg at informantane mine held godt på si heimlege dialekt, sjølv om dei har hatt stor kontaktflate utover. Svært mange av informantane mine meiner sjølve at dei ikkje snakkar den ”rette” dialekten, fordi dei har reist mykje. Likevel viser det seg at det ikkje er så stor variasjon mellom dei to gruppene, spesielt i dei språklege variablane eg har valt ut.

6.5 Sosial klasse

Slik eg skreiv i resultatkapittelet var materialet mitt ikkje det beste å teste sosial klasse på. Det tilfeldige utvalet av informantar gjorde at dei informantane som havna i sosial klasse 1, var to eldre menn fødte på attenhundretalet. Dei fire i sosial klasse 2 er kvinner. Difor fekk eg eit mykje høgare innslag av tradisjonelle former i sosial klasse 1 enn i dei to andre. Slik meiner eg at desse resultata heller viser aldersforskjell enn klasseforskjell.

Det at så få personar hamnar i sosial klasse 1 og 2 kjem nok av strukturen i samfunnet på Åram. Der manglar i stor grad arbeidsplassar som, etter Gabrielsen (1984), gjer at folk fell i sosial klasse ein. Ei slik inndeling vil ein kanskje sjå klårare i til dømes eit industrisamfunn med funksjonærar og liknande. Dessutan er det nok fordelaktig å gjere eit meir ”kontrollert” tilfeldig utval til ei slik gransking, der ein til dømes trekkjer folk tilfeldig ut frå grupper som allereie er delt inn i ulike sosiale klassar. Dersom ein ser vekk frå aldersperspektivet i resultata, kan ein merke seg at sosial klasse to, for det meste har ein lågare bruk av dei tradisjonelle formene enn sosial klasse 3. Slik sett er det kanskje hald i teoriane om at sosial klasse 2 har lågare innslag av tradisjonelle former enn sosial klasse 3. Likevel meiner eg at funna ikkje gjev grunnlag for spesielle konklusjonar.

6.6 Svar på hypotesane

H1: Alder

Den yngre generasjonen vil ha færre tradisjonelle trekk, som til dømes todelinga av det trykklette pronomenet "ej/i", dei vil ha mindre palatalisering av velarar, og dei vil ha mindre diftongering.

Det er stor endring i aldersklassene i materialet mitt, og hypotesane mine om språkleg endring mellom aldersklassene stemmer. Dei yngste språkbrukarane har færre tradisjonelle trekk i alle variablane utanom V08 som er relativt stabil.

H2: Kjønn og alder

Kvinnene i dei eldste generasjonane vil ha fleire tradisjonelle trekk enn mennene, men at dette vil endre seg i takt med endringane i samfunnet, og at det i dei nyare generasjonane er omvendt: Kvinnene er innovatørane, medan mennene er dei tradisjonelle.

Både ja og nei. Det er her variasjon mellom variablane. I mange av variablane stemmer likevel dette mønsteret. Kvinnene er mest tradisjonelle i starten, men så snur det til at mennene brukar dei meir tradisjonelle formene, før det jamnar seg ut til slutt.

H3: Sosial klasse

Åram er ikkje eit utprega klassesamfunn og derfor kan ein vente seg at: Det er ikkje noko mønster som følgjer dei sosiale klassene.

Det stemmer at eg ikkje fann noko godt mønster som følgjer dei sosiale klassene, mest fordi materialet mitt ikkje passa så godt til ei slik undersøking.

H4: Yrkeskontaktflate

Dei som har vore mobile i arbeidssituasjonen har færre tradisjonelle trekk enn dei som har vore ikkjemobile.

Det stemmer i så måte at det er litt variasjon mellom dei som har yrkeskontaktflate innanfor kommunen og dei som har yrkeskontaktflate innanfor kommunen, men denne er ikkje stor.

6.7 Regionalisering?

Kan ein då seie at dialekten på Åram har vorte utsett for ei regionalisering? For å betre kunne svare på dette spørsmål tek eg inn igjen mi omskriving av sitatet til Gunnstein Akselberg om talemålsregionalisering frå kapittel 3: ”Akselberg meiner at eit regionaltalemål er eit talemål som karakteriserer ein talemålsregion, som skil seg frå dei dialektane som fanst i dette området før, og at dette regionaltalemålet har eit eller fleire trekk frå dei ulike dialektane i området. Han seier også at det er trekk frå det mest dominerande talemålet i området, til dømes eit økonomisk og administrativt, som har størst påverknad på talemålet i ein talemålsregion.”

Slik det ser ut no, verkar det som om fleire av variablane eg har undersøkt i undersøkinga er nivellerte former som kan kallast regionaliserte former. Det vil ikkje vere rett å seie at Ålesund er den einaste påverknadskrafta i denne regionaliseringa, sidan til dømes dei fire første variablane om pronomen endrar seg mot eit system som heller liknar på det som ligg rundt Ålesund i staden for Ålesund bymål. Vidare er ei slik endring frå diftong til monoftong, bortfall av palatalisering av velarar og endring i svarabhaktivokal i adjektiv forenklingar som sannsynlegvis fort skjer i møte med andre dialektar som manglar dei tradisjonelle trekka. Kanskje starta endringa i Ålesund før ho spreidde seg utover til resten av Sunnmøre. Den mest stabile variabelen i materialet, V08 d i innlyd og utlyd, kan ha halde seg så stabil fordi dialektane rundt også har behalde denne. No manglar eg empiri for å kome med denne påstanden, men dialektane nord for Ålesund og også Nordfjord har behalde denne uttalen spesielt saman med diftong slik som det står i kapittelet om dialekten på Sunnmøre. Eg trur at spreinga av postalveolar i rt-samband kan vere eit trekk som kan ha spreidd seg fordi den liknar på retrofleksen frå Ålesund, spesielt sidan dette er ei fonetisk forenkling. Det må

understrekast at dersom eg hadde valt andre lingvistiske variablar kunne eg ha fått andre resultat, som ikkje viste same tendensane.

6.8 Vidare arbeid

Eit slik materiale eg har samla inn, opnar for vidare arbeid på dialekten på Åram. Materialet for generasjon II er samla inn for å kunne vise endringar i ein aldersklasse i verkeleg tid. Dette materialet fekk eg ikkje analysert fordi eg hadde så stort materiale, mange informantar og mange variablar. Spesielt spennande tykkjer eg det er med utviklinga av *r* og *rt* på Sunnmøre og i Nordfjord, spesielt i dei yngre generasjonane. Eit anna forslag er å samle inn materiale frå øyane Sandsøy og Kvamsøy for å lage ei samanlikning av Åram versus desse to øyane, då informantane mine ofte nemner at dei snakkar mykje meir tradisjonelt på desse øyane enn dei gjer på fastlandet. I materialet kan ein til dømes også undersøke bruken av dativ eller gå grundigare inn i utviklinga av diftongar og utviklinga av vokalsystemet. Slik bøyingskjemaet mitt viser, kan ein også sjå ei endring i verbbøying, som også opnar for gransking. Ei grundigare undersøking av V08 – d i innlyd og utlyd over eit større geografisk område hadde også vore interessant.

6.9 Konklusjon og avslutning

Endringane i aldersklasse i dialekten på Åram har i mange av mine variablar vore store. Slik det ser ut no, verkar dialekten i Vanylven å nærme seg andre dialektar på Sunnmøre og ein kan kanskje snakke om ein regionaliseringstendens. Det unike i materialet mitt viser ei endring over så lang tid og dei mest dramatiske endringane skjer med etterkrigsgenerasjonen. Hjø ungdomane er fleire av dei mest tradisjonelle trekka omtrent vekke. Dersom eg hadde valt andre variablar kunne ein kanskje ha sett større stabilitet i dialekten. Slik som eg skreiv tidlegare i oppgåva, hadde eg forventa at dei yngste informantane hadde hatt ein dialekt som likna meir på Ålesund bymål. Slik var det altså ikkje. Variasjonen i kjønn kombinert med alder var heller ikkje like stor og systematisk som eg først hadde tenkt, det same gjeld endringa i yrkeskontaktflate. Sosial klasse vart litt ekstra spesielt, som eg har skrive fleire gongar. Ser ein vekk ifrå ”problema” med informantane, kunne ein sjå at dei i sosial klasse 2 hadde lågare innslag av tradisjonelle former enn i sosial klasse 3.

Korleis språket i Vanylven kjem til å utvikle seg etter denne undersøkinga kan ein sjølvstyk ikkje seie no. Det same kan seiast om samfunnsstrukturen og innbyggjarstatistikken. Per 2013 har det vorte vedteke at den mykje omtalte Stad Skipstunell skal byggast, og kanskje kan bygginga av denne føre til ei endring samfunnet. Om ei slik bygging kan føre til mykje tilflytting, kan diskuteras. Ein kan tenke seg at arbeidarane som kjem for å jobbe, sannsynlegvis ikkje buset seg i kommunen. Slik sett vil det verte spennande å sjå korleis utviklinga vert når nye granskingar vert gjort.

Litteraturliste

- Abrahamsen, Jardar Eggesbønes. 1995. *Utvalde palatal-tal : metodekritisk lys på avpalatalisering i yngre mål i Herøy på Sunnmøre*. Hovedoppgave i nordisk. Universitetet i Trondheim.
- Akselberg, Gunnstein. 2005. "Talemålsregionalisering – modellar og røynd". *Målbryting – skrifter frå prosjektet Talemålsendring i Noreg, nr. 7*: 109-130. Bergen: Nordisk institutt.
- Akselberg, Gunnstein. 2008. Talevariasjon, Register og Medvit. I *Språkmøte. Ei innføring i sociolingvistik*. red. Brit Mæhlum, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy. s.128-147. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Anderson, Ragnhild, red. 2009. Metodisk opplegg for feltarbeid på Vestlandet. *Drøftingsnotat for feltarbeid om dialektendringsprosessar på Vestlandet*. 12. Juni 2009. (Papirutgåve frå rettleiar.)
- Ash, Sharon. 2002. Social Class. I *The Handbook of Language Variation and Change*. Red, J.K Chambers, Peter Trudgill og Natalie Schilling Estes, 402-422. Blackwell.
- Auer, Peter, Frans Hinskens, Paul Kershwill. 2005. *Dialect Change Convergence and Divergence in European Languages*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Bjørlykke, Jakob, Olav Liset, Bjarne Rabben. 1935. *Soga um Sande og Rovde*, første utgåva. Rovde: Sunnmørspostens trykkeri.
- Chambers, JK. Peter Trudgill. 1998. *Dialectology*. Andre utgåva. Cambridge: Cambridge University Press.
- Fossheim, Marie. 2010. *Språket på Midøya. Ein sociolingvistisk oppfølgingsstudie av talemåla i Romsdalen*. Masteroppgåve i nordisk. Universitetet i Bergen.
- Gabrielsen, Finn. 1984. *Eg eller je?* Ei sociolingvistisk gransking av yngre mål i Stavanger. Oslo: Novus Forlag.
- Heggstad, Leiv. Finn Hødnebo og Erik Simensen. 2008. *Norrøn Ordbok*. Femte utgåva. Oslo: Samlaget.
- Hernes, Reidunn. 2006. *Talemål i endring? : ein longitudinell studie av talemålsutvikling og språkleg røyndomsoppfatning hjå ungdomar i Os*. Doktoravhandling i nordisk, Universitetet i Bergen. Elektronisk utgåve.
(<https://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/1927/Main%20Thesis.pdf?sequence=1>)
(Sist besøkt: 29.08.13)

- Hoff, Odd Nordmann. 1978. "Oversyn over Sunnmørsmålet". *På leit etter ord. Heidersskrift til Inger Frøyset frå medarbeidarar og studentar*. Red. Ingeborg Hoff. s.165-182. Oslo: Universitetsforlaget.
- Holmes, Janet. 2001. *An Introduction to Sociolinguistics*. Second Edition. Essex: Pearson Education Limited.
- Hudson, R.A 1996. *Sociolinguistics*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Labov, William. 1972. *Sociolinguistic Patterns*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press.
- Labov, William. 1994. *Principles of Linguistic Change, Volume 1, Internal Factors*. Oxford Uk & Cambridge, USA: Blackwell Publishers.
- Labov, William. 2001. *Principles of Linguistic Change, Volume II, Social factors*. Oxford & Cambridge, USA: Blackwell Publishers.
- Labov, William. 2006. *The social stratification of English in New York City*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Labov, William. 2010. *Principles of Linguistic Change, Volume 3, Cognitive and Cultural Factors*. Wiley Blackwell.
- Larsen, Pio, red. 1977. *Møre og Romsdal*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Lianes, Anna og Edit Bugge. 2012. "Halvemål". I *Fotefar*. Tidsskrift for Sogelaga i Vanylven s.59-61.
- Mæhlum, Brit. 2007. *Konfrontasjoner. Når Språk Møtes*. Oslo: Novus Forlag
- Mæhlum, Brit. Gunnstein Akselberg. 2008. Sosiolingvistisk metode. I *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*, red. Brit Mæhlum, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy. s.74-87. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Mæhlum, Brit. Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland, Helge Sandøy. 2008. *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistikk*. Fagernes: Cappelen Akademisk Forlag.
- Mæhlum, Brit. 2008. Normer. I *Språkmøte. Innføring i Sosiolingvistikk* red. Brit Mæhlum, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy. s.90-104. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Mæhlum, Brit. 2009. "Standardtalemål? Naturligvis! En argumentasjon for eksistensen av et norsk standardtalemål." *Norsk lingvistisk tidsskrift*, årgang 27, hefte 1: 27-48.
Elektronisk utgåve: http://web.novus.no/NLT/NLT_2009-1.pdf (Sist besøkt 29.08.13)
- Myklebust, Olav, red. 1996. *Sandesoga, band II*. Egsetvik trykk: Volda.
- Parr, Vidar. Per Eide. 2011. *Streif på Synste – Ei vandring i Vanylven*. Egsetvik trykk AS: Volda.

- Røyneland, Unn. 2005: *Dialektnivellering, ungdom og identitet. Ein komparativ studie av språkleg variasjon og endring i to tilgrensande dialektområde, Røros og Tynset*. Avhandling for graden dr.art. Acta humaniora ; nr 231 Det humanistiske fakultet, Universitetet i Oslo. Elektronisk utgåve. (<http://folk.uio.no/unnr/Avhandling.htm> Sist besøkt 28.98.13)
- Røyneland, Unn. 2008. Språk og dialekkontakt. I *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik*. s.48-72. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Sandøy, Helge. 1990. Vestlandet – der fjordane batt folket saman. I *Den Store Dialektboka*. s.63-85. Ernst Håkon Jahr, redaktør. Oslo: Novus Forlag.
- Sandøy, Helge. 1992. *Norsk Dialektkunnskap*. Andre utgåva. Oslo: Novus Forlag.
- Sandøy, Helge. 1995. Sociolinguistic Patterns in Bergen. Elektronisk utgåve: (<http://www.folk.uib.no/hnohs/Publikasjoner/Sandoy,%200335,%20Sociolinguistic%20patterns%20in%20Bergen,%201995.pdf>) (Besøkt 09.06.13)
- Sandøy, Helge. 1996. *Talemål*. Oslo: Novus Forlag.
- Sandøy, Helge, Gjert Kristoffersen, Gunnstein Akselberg. 2007. *Dialektendringsprosessar: Prosjektskisse*. Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium, HF Universitetet i Bergen. (Papirutgåve frå rettleiar.)
- Sandøy, Helge. 2009. ”Standardtalemål? Ja, men ...! Ein definisjon og ei drøfting av begrepet”. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, s.27-47. Oslo: Novus Forlag. Elektronisk utgåve: (http://web.novus.no/NLT/NLT_2009-1.pdf)(Sist besøkt 29.08.13)
- Skjekkeland, Martin. 2009. *Språk og samfunn i endring. Ein studie av tilhøvet mellom lokal identitet og talemålsutvikling*. Oslo: Novus Forlag.
- Skulerud, Olai. 1934. “Um tviljoding av vokalar i bygdemåli på Søre Sunnmøre”. *Studia Germanica tillågnade Ernst Albin Kock den 6 december 1934*. bis. 328-348. Lund: Carl Bloms Boktrykkeri.
- Sævik, Ragnhild. 2000. *Variasjon og endring i talemålet på søre Sunnmøre : ei sosiolingvistisk gransking av talemålet i Herøy, Ulstein, Hareid og Sande*. Hovedoppgave i nordisk språk og litteratur, Universitetet i Oslo
- Trugdgill, Peter. 2010. *Investigations in Sociohistorical Linguistics. Stories of Colonisation and Contact*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Ulvestad, Bjarne, Elling Ulvestad, Oddvar Nes. 2009. *Rette det som rangt er. Ei samling artiklar om målet på Søre Sunnmøre*. Bergen: Allkopi.
- Wardhaugh, Ronald. 2006. *An Introduction to Sociolinguistics*. Femte utgåva. Blackwell Publishing.

Øyehaug, Olbjørn. 1972. *Ein studie i delar av lydverket hos eldre og yngre i Ørsta: Litt om korleis og kvifor det har vorte brigda*. Hovudoppgåve i norsk. Universitetet i Bergen.

Kjelder henta frå internett

Hakallegarden: <http://www.hakalle.no/hakallegarden/10/80>

Fortidsminneforeningen: Skulehus i Åram.

http://www.fortidsminneforeningen.no/files/Skulehus_i_Aram.pdf (Sist besøkt 09.06.13)

Norgeskart: Kart over Søre Sunnmøre og Vanylven.

<http://www.norgeskart.no/adaptive2/default.aspx?gui=100002&lang=2> (Besøkt 26.08.13)

Norgeskart: Kart over Åram:

<http://www.norgeskart.no/adaptive2/default.aspx?gui=100002&lang=2> (Sist besøkt 25.08.1013)

Regjeringen.no: Pressemelding: Åram blir overført til Vanylven kommune, Møre og Romsdal fylke. [http://www.regjeringen.no/en/dokumentarkiv/Regjeringen-Stoltenberg-](http://www.regjeringen.no/en/dokumentarkiv/Regjeringen-Stoltenberg-I/krd/Nyheter-og-)

[I/krd/Nyheter-og-pressemeldinger/2001/aram_blr_overfort_til_vanylven.html?id=245229](http://www.regjeringen.no/en/dokumentarkiv/Regjeringen-Stoltenberg-I/krd/Nyheter-og-pressemeldinger/2001/aram_blr_overfort_til_vanylven.html?id=245229) (Besøkt 29.08.13)

Skattelister for Norge: <http://skattelister.no/skatt/sok/?q=Åram> (Besøkt mai 2012)

S-kurve. Figur.

<http://insights-foresight.blogspot.no/2009/01/presence-exploration-of-profound-change.html> (Sist besøkt 4.03.2013)

S-Kurve. Definisjon.

<http://www.businessdictionary.com/definition/S-curve.html> (Sist besøkt 04.03.2013)

Solsikka Barnehage si heimeside.

<http://www.solsikka.no/#cid=3> (Sist besøkt 26.02.2013)

Solsikkedagane si heimeside.

<http://www.solsikkedagane.no/#cid=2> (Sist besøkt 26.02.2013)

Solsikkedagane: Om Solsikkemillionen.

<http://www.solsikkedagane.no/?cid=5#cid=5> (Sist besøkt 28.08.2013)

Spilleglede: Møre og Romsdal. Alle medlemskorpene i Møre og Romsdal.

<http://www.spilleglede.no/M%C3%B8re+og+Romsdal.9UFRrYWi.ips> (Sist besøkt 09.06.13)

TAUS-prosjektet <http://www.tekstlab.uio.no/nota/taus/> (Sist besøkt 29.08.2013)

Universitetet i Oslo: UPUS- Utviklingstendensar i Urbane Språkmiljø.

<http://www.hf.uio.no/iln/forskning/prosjekter/upus/> (Besøkt 23.04.2013)

Universitetet i Bergen: Dialektendringsprosesar.

<http://www.folk.uib.no/hnohs/DEP/index.html> (Besøkt 09.06.13)

Vanylven Kommune: Om kommunen.

<http://www.vanylven.kommune.no/Modules/article.aspx?ObjectType=Article&Article.ID=699> (Sist besøkt 26.02.2013)

Vanylven Vidaregåande skule: Om skulen.

http://www.vanylven.heroy.vgs.no/vanylven_vgs/om_skulen (Sist besøkt 26.02.2013)

Munnlege kjelder

Oddrun Kobbevik Oldeide (Representant frå Sogelaget i Åram)

Ulike informantar.

Vedlegg

Vedlegg 1: Liste over informantar

Nummer i talebanken	Aldersklasse	Navn	Kjønn	Yrkeskontaktflate	Sosial klasse
1351	0	Nina	K	Innanfor kommunen	3
1354	0	Norunn	K	Innanfor kommunen	3
1350	0	Narve	M	Utanfor kommunen	1
1352	0	Nils	M	Utanfor kommunen	3
1355	1	Eirin	K	Innanfor kommunen	3
1356	1	Eivor	K	Innanfor kommunen	3
1353	1	Einar	M	Utanfor kommunen	1
1358	1	Elg	M		3
1359	2	Tora	K	Utanfor kommunen	3
1360	2	Torhild	K	Innanfor kommunen	3
1379	2	Torfrid	K	Innanfor kommunen	3
1380	2	Tonje	K	Innanfor kommunen	2
1383	2	Tove	K	Innanfor kommunen	3
1384	2	Tomine	K	Innanfor kommunen	3
1357	2	Tor	M	Utanfor kommunen	3
1361	2	Tord	M	Utanfor kommunen	3
1375	2	Torleif	M	Utanfor kommunen	3
1376	2	Torstein	M	Utanfor kommunen	3
1377	2	Torbjørn	M	Utanfor kommunen	3
1378	2	Torgeir	M	Utanfor kommunen	3
1371	3	Trine	K	Innanfor kommunen	3
1373	3	Trude	K	Utanfor kommunen	3
1374	3	Tricia	K	Utanfor kommunen	2
1385	3	Trille	K	Innanfor kommunen	2
1370	3	Trond	M	Utanfor kommunen	3
1372	3	Truls	M	Utanfor kommunen	3
1381	3	Trygve	M	Utanfor kommunen	3

1382	3	Trym	M	Utanfor kommunen	3
1362	4	Fiona	K	Innanfor kommunen	2
1363	4	Frøy	K	Innanfor kommunen	3
1366	4	Frid	K	Innanfor kommunen	3
1367	4	Fia	K	Innanfor kommunen	3
1364	4	Frank	M	Innanfor kommunen	3
1365	4	Freddy	M	Innanfor kommunen	3
1368	4	Franz	M	Innanfor kommunen	3
1369	4	Fredrik	M	Innanfor kommunen	3

Vedlegg 2: Treff på individnivå

Infor.nr	Namn					SUM
1351	Nina					
		V01	V01:i-sv	V01:e-sv	V01:ei-sv	
			95,2 (100)	0 (0)	4,8 (5)	100 (105)
		V02	V02:mi-sv	V02:mei.sv		
			100 (6)	0 (0)		100 (6)
		V03	V03:di-sv	V03:dei-sv		
			100 (1)	0 (0)		100 (1)
		V04	V04:si-sv	V04:sei-sv		
			100 (11)	0 (0)		100 (11)
		V05	V05:ei	V05:i		
			100 (1)	0 (0)		100 (1)
		V06	V06:øy	V06:y		
			83,3 (5)	16,7 (1)		100 (6)
		V07	V07:ei	V07:e	V07:æ	
			66,7 (4)	33,3 (2)	0 (0)	100 (6)
		V08	V08:d	V08:0	V08:ð	
			51,4 (36)	48,6 (34)	0 (0)	100 (70)
		V09	V09:+	V09:-		
			80 (20)	20 (5)		100 (25)

		V10	V10:rt	V10:t	V10:T⁴⁷	
			81,6 (31)	18,4 (7)	0 (0)	100 (38)
		V11	V11:e	V11:0		
			61,5 (8)	38,5 (5)		100 (13)

Infor.nr	Namn					SUM
1354	Norunn					
		V01	V01:i-sv	V01:e-sv	V01:ei-sv	
			87,8 (79)	0 (0)	12,2 (11)	100 (90)
		V02	V02:mi-sv	V02:mei.sv		
			100 (3)	0 (0)		100 (3)
		V03	V03:di-sv	V03:dei-sv		
			-	-		-
		V04	V04:si-sv	V04:sei-sv		
			100 (2)	0 (0)		100 (2)
		V05	V05:ei	V05:i		
			75 (3)	25 (1)		100 (4)
		V06	V06:øy	V06:y		
			100 (1)	0 (0)		100 (1)
		V07	V07:ei	V07:e	V07:æ	
			0 (0)	100 (1)	0 (0)	100 (1)
		V08	V08:d	V08:0	V08:ð	
			44,6 (29)	53,8 (35)	1,5 (1)	100 (65)
		V09	V09:+	V09:-		
			87,5 (21)	12,5 (3)		100 (24)
		V10	V10:rt	V10:t	V10:T	
			97,5 (39)	2,5 (1)	0 (0)	100 (40)
		V11	V11:e	V11:0		
			76,2 (16)	23,8 (5)		100 (21)

Infor.nr	Namn					SUM
1350	Narve					
		V01	V01:i-sv	V01:e-sv	V01:ei-sv	
			97,1 (34)	0 (0)	2,9 (1)	100 (35)
		V02	V02:mi-sv	V02:mei.sv		
			-	-		-
		V03	V03:di-sv	V03:dei-sv		
			-	-		-
		V04	V04:si-sv	V04:sei-sv		
			100 (18)	0 (0)		100 (18)

⁴⁷ Symbola i V10 skal lesast slik for heile vedlegget: V10:rt – Tradisjonelt rt-samband. V10:t Postalveolar. V10:T Retrofleks.

		V05	V05:ei	V05:i		
			0 (0)	100 (5)		100 (5)
		V06	V06:øy	V06:y		
			-	-		-
		V07	V07:ei	V07:e	V07:æ	
			25 (3)	75 (9)	0 (0)	100 (12)
		V08	V08:d	V08:0	V08:ð	
			51,9 (40)	48,1 (37)	0 (0)	100 (77)
		V09	V09:+	V09:-		
			33,3 (5)	66,7 (10)		100 (15)
		V10	V10:rt	V10:t	V10:T	
			89,2 (33)	10,8 (4)	0 (0)	100 (37)
		V11	V11:e	V11:0		
			80 (12)	20 (3)		100 (15)

Infor.nr	Namn					SUM
1352	Nils					
		V01	V01:i-sv	V01:e-sv	V01:ei-sv	
			93,5 (43)	0 (0)	8,5 (4)	100 (47)
		V02	V02:mi-sv	V02:mei-sv		
			100 (4)	0 (0)		100 (4)
		V03	V03:di-sv	V03:dei-sv		
			100 (1)	0 (0)		100 (1)
		V04	V04:si-sv	V04:sei-sv		
			100 (8)	0 (0)		100 (8)
		V05	V05:ei	V05:i		
			100 (4)	0 (0)		100 (4)
		V06	V06:øy	V06:y		
			-	-		-
		V07	V07:ei	V07:e	V07:æ	
			100 (2)	0 (0)	0 (0)	100 (2)
		V08	V08:d	V08:0	V08:ð	
			52,3 (56)	47,7 (51)	0 (0)	100 (107)
		V09	V09:+	V09:-		
			84,1 (37)	15,9 (7)		100 (44)
		V10	V10:rt	V10:t	V10:T	
			97,8 (45)	2,2 (1)	0 (0)	100 (46)
		V11	V11:e	V11:0		
			92,3 (12)	7,7 (1)		100 (13)

Infor.nr	Namn					SUM
1355	Eirin					
		V01	V01:i-sv	V01:e-sv	V01:ei-sv	
			98,6 (68)	0 (0)	1,4 (1)	100 (69)
		V02	V02:mi-sv	V02:mei.sv		
			100 (12)	0 (0)		100 (12)
		V03	V03:di-sv	V03:dei-sv		
			100 (1)	0 (0)		100 (1)
		V04	V04:si-sv	V04:sei-sv		
			100 (7)	0 (0)		100 (7)
		V05	V05:ei	V05:i		
			100 (3)	0 (0)		100 (3)
		V06	V06:øy	V06:y		
			100 (1)	0 (0)		100 (1)
		V07	V07:ei	V07:e	V07:æ	
			100 (1)	0 (0)	0 (0)	100 (1)
		V08	V08:d	V08:0	V08:ð	
			36,4 (20)	63,6 (35)	0 (0)	100 (55)
		V09	V09:+	V09:-		
			72,2 (13)	27,8 (5)		100 (18)
		V10	V10:rt	V10:t	V10:T	
			96,3 (26)	3,7 (1)	0 (0)	100 (27)
		V11	V11:e	V11:0		
			55,6 (10)	44,4 (8)		100 (18)

Infor.nr	Namn					SUM
1356	Eivor					
		V01	V01:i-sv	V01:e-sv	V01:ei-sv	
			98,6 (71)	0 (0)	1,4 (1)	100 (72)
		V02	V02:mi-sv	V02:mei.sv		
			100 (3)	0 (0)		100 (3)
		V03	V03:di-sv	V03:dei-sv		
			-	-		-
		V04	V04:si-sv	V04:sei-sv		
			100 (5)	0 (0)		100 (5)
		V05	V05:ei	V05:i		
			-	-		-
		V06	V06:øy	V06:y		
			100 (4)	0 (0)		100 (4)

		V07	V07:ei	V07:e	V07:æ	
			100 (10)	0 (0)	0 (0)	100 (10)
		V08	V08:d	V08:0	V08:ð	
			29,1 (30)	70,9 (73)	0 (0)	100 (103)
		V09	V09:+	V09:-		
			51,4 (18)	48,6 (17)		100 (35)
		V10	V10:rt	V10:t	V10:T	
			98,2 (56)	1,8 (1)	0 (0)	100 (57)
		V11	V11:e	V11:0		
			80 (20)	20 (5)		100 (25)

Infor.nr	Namn					SUM
1353	Einar					
		V01	V01:i-sv	V01:e-sv	V01:ei-sv	
			89,2 (58)	0 (0)	10,8 (7)	100 (65)
		V02	V02:mi-sv	V02:mei.sv		
			100 (2)	0 (0)		100 (2)
		V03	V03:di-sv	V03:dei-sv		
			-	-		-
		V04	V04:si-sv	V04:sei-sv		
			100 (20)	0 (0)		100 (20)
		V05	V05:ei	V05:i		
			100 (2)	0 (0)		100 (2)
		V06	V06:øy	V06y		
			-	-		-
		V07	V07:ei	V07:e	V07:æ	
			71,4 (5)	28,6(2)	0 (0)	100 (7)
		V08	V08:d	V08:0	V08:ð	
			40,4 (23)	59,6 (34)		100 (57)
		V09	V09:+	V09:-		
			70 (21)	30 (9)		100 (30)
		V10	V10:rt	V10:t	V10:T	
			98,1 (52)	1,9 (1)	0 (0)	100 (53)
		V11	V11:e	V11:0		
			71,9 (23)	28,1 (9)		100 (32)

Infor.nr	Namn					SUM
1358	Elg					
		V01	V01:i-sv	V01:e-sv	V01:ei-sv	
			95,3 (61)	0 (0)	4,7 (3)	100 (64)

		V02	V02:mi-sv	V02:mei.sv		
			100 (1)	0 (0)		100 (1)
		V03	V03:di-sv	V03:dei-sv		
			100 (1)	0 (0)		100 (1)
		V04	V04:si-sv	V04:sei-sv		
			85,7 (6)	14,3 (1)		100 (7)
		V05	V05:ei	V05:i		
			83,3 (5)	16,7 (1)		100 (6)
		V06	V06:øy	V06:y		
			100 (2)	0 (0)		100 (2)
		V07	V07:ei	V07:e	V07:æ	
			0 (0)	100 (3)	0 (0)	100 (3)
		V08	V08:d	V08:0	V08:ð	
			44,7 (42)	55,3 (52)	0 (0)	100 (94)
		V09	V09:+	V09:-		
			77,4 (24)	22,6 (7)		100 (31)
		V10	V10:rt	V10:t	V10:T	
			96,4 (53)	3,6 (2)	(0)	100 (55)
		V11	V11:e	V11:0		
			47,4 (9)	52,6 (10)		100 (19)

Infor.nr	Namn					SUM
1359	Tora					
		V01	V01:i-sv	V01:e-sv	V01:ei-sv	
			98,1 (51)	0 (0)	1,9 (1)	100 (52)
		V02	V02:mi-sv	V02:mei.sv		
			100 (8)	0 (0)		100 (8)
		V03	V03:di-sv	V03:dei-sv		
			100 (1)	0 (0)		100 (1)
		V04	V04:si-sv	V04:sei-sv		
			100 (10)	0 (0)		100 (10)
		V05	V05:ei	V05:i		
			25 (1)	75 (3)		100 (4)
		V06	V06:øy	V06:y		
			-	-		-
		V07	V07:ei	V07:e	V07:æ	
			0 (0)	100 (4)	0 (0)	100 (4)
		V08	V08:d	V08:0	V08:ð	
			38,8 (19)	61,2 (30)	0 (0)	100 (49)
		V09	V09:+	V09:-		
			85,7 (6)	14,3 (1)		100 (7)
		V10	V10:rt	V10:t	V10:T	
			97,1 (34)	2,9 (1)	0 (0)	100 (35)

		V11	V11:e	V11:0		
			52,9 (9)	47,1 (8)		100 (17)

Infor.nr	Namn					SUM
1360	Torhild					
		V01	V01:i-sv	V01:e-sv	V01:ei-sv	
			57,1 (4)	0 (0)	42,9 (3)	100 (7)
		V02	V02:mi-sv	V02:mei.sv		
			-	-		-
		V03	V03:di-sv	V03:dei-sv		
			-	-		-
		V04	V04:si-sv	V04:sei-sv		
			100 (1)	0 (0)		100 (1)
		V05	V05:ei	V05:i		
			-	-		-
		V06	V06:øy	V06y		
			-	-		-
		V07	V07:ei	V07:e	V07:æ	
			-	-	-	-
		V08	V08:d	V08:0	V08:ð	
			22,2 (6)	77,8 (21)	0 (0)	100 (27)
		V09	V09:+	V09:-		
			100 (4)	0 (0)		100 (4)
		V10	V10:rt	V10:t	V10:T	
			76,5 (13)	23,5 (4)	0 (0)	100 (17)
		V11	V11:e	V11:0		
			100 (3)	0 (0)		100 (3)

Infor.nr	Namn					SUM
1379	Torfrid					
		V01	V01:i-sv	V01:e-sv	V01:ei-sv	
			85,9 (73)	0 (0)	14,1 (12)	100 (85)
		V02	V02:mi-sv	V02:mei.sv		
			100 (8)	0 (0)		100 (8)
		V03	V03:di-sv	V03:dei-sv		
			100 (1)	0 (0)		100 (1)
		V04	V04:si-sv	V04:sei-sv		
			100 (16)	0 (0)		100 (16)
		V05	V05:ei	V05:i		
			100 (4)	0 (0)		100 (4)
		V06	V06:øy	V06:y		

			-	-		-
		V07	V07:ei	V07:e	V07:æ	
			66,7 (4)	33,3 (2)	0 (0)	100 (6)
		V08	V08:d	V08:0	V08:ð	
			38,2 (29)	61,8 (47)	0 (0)	100 (76)
		V09	V09:+	V09:-		
			65 (13)	35(7)		100 (20)
		V10	V10:rt	V10:t	V10:T	
			95,1 (39)	4,9 (2)	0 (0)	100 (41)
		V11	V11:e	V11:0		
			71,4 (10)	28,6 (4)		100 (14)

Infor.nr	Namn					SUM
1380	Tonje					
		V01	V01:i-sv	V01:e-sv	V01:ei-sv	
			74 (74)	1 (1)	25 (25)	100 (100)
		V02	V02:mi-sv	V02:mei-sv		
			33,3 (1)	66,7 (2)		100 (3)
		V03	V03:di-sv	V03:dei-sv		
			-	-		-
		V04	V04:si-sv	V04:sei-sv		
			64,7 (11)	35,3 (6)		100 (17)
		V05	V05:ei	V05:i		
			0 (0)	100 (6)		100 (6)
		V06	V06:øy	V06:y		
			0 (0)	100 (2)		100 (2)
		V07	V07:ei	V07:e	V07:æ	
			0 (0)	100 (7)	0 (0)	100 (7)
		V08	V08:d	V08:0	V08:ð	
			16,7 (7)	83,3 (35)	0 (0)	100 (42)
		V09	V09:+	V09:-		
			19,2 (5)	80,8 (21)		100 (26)
		V10	V10:rt	V10:t	V10:T	
			71,4 (40)	28,6 (16)	0 (0)	100 (56)
		V11	V11:e	V11:0		
			40 (2)	60 (3)		100 (5)

Infor.nr	Namn					SUM
1383	Tove					
		V01	V01:i-sv	V01:e-sv	V01:ei-sv	
			88,4 (114)	0 (0)	11,6 (15)	100 (129)

		V02	V02:mi-sv	V02:mej.sv		
			100 (8)	0 (0)		100(8)
		V03	V03:di-sv	V03:dej-sv		
			100 (5)	0 (0)		100 (5)
		V04	V04:si-sv	V04:sej-sv		
			100 (4)	0 (0)		100 (4)
		V05	V05:ei	V05:i		
			66,7 (2)	33,3 (1)		100 (3)
		V06	V06:øy	V06:y		
			50 (1)	50 (1)		100 (2)
		V07	V07:ei	V07:e	V07:æ	
			100 (9)	0 (0)	0 (0)	100 (9)
		V08	V08:d	V08:0	V08:ð	
			41 (32)	59 (46)	0 (0)	100 (78)
		V09	V09:+	V09:-		
			70,6 (24)	29,4 (10)		100 (34)
		V10	V10:rt	V10:t	V10:T	
			90,2 (55)	9,8 (6)	0 (0)	100 (61)
		V11	V11:e	V11:0		
			72 (18)	28 (7)		100 (25)

Infor.nr	Namn					SUM
1384	Tomine					
		V01	V01:i-sv	V01:e-sv	V01:ei-sv	
			71 (49)	0 (0)	29 (20)	100 (69)
		V02	V02:mi-sv	V02:mei.sv		
			100 (4)	0 (0)		100 (4)
		V03	V03:di-sv	V03:dei-sv		
			100 (1)	0 (0)		100 (1)
		V04	V04:si-sv	V04:sei-sv		
			100 (6)	0 (0)		100 (6)
		V05	V05:ei	V05:i		
			0 (0)	100 (6)		100 (6)
		V06	V06:øy	V06:y		
			0 (0)	100 (2)		100 (2)
		V07	V07:ei	V07:e	V07:æ	
			0 (0)	100 (3)	0 (0)	100 (3)
		V08	V08:d	V08:0	V08:ð	
			44,3 (27)	55,7 (34)	0 (0)	100 (61)
		V09	V09:+	V09:-		
			26,7 (4)	73,3 (11)		100 (15)
		V10	V10:rt	V10:t	V10:T	
			98,3 (58)	1,7 (1)	0 (0)	100 (59)
		V11	V11:e	V11:0		

			33,3 (6)	66,7 (12)		100 (18)
--	--	--	----------	-----------	--	----------

Infor.nr	Namn					SUM
1357	Tor					
		V01	V01:i-sv	V01:e-sv	V01:ei-sv	
			97,5 (123)	0 (0)	2,4 (3)	100 (126)
		V02	V02:mi-sv	V02:mei-sv		
			100 (12)	0 (0)		100 (12)
		V03	V03:di-sv	V03:dei-sv		
			100 (1)	0 (0)		100 (1)
		V04	V04:si-sv	V04:sei-sv		
			100 (9)	0 (0)		100 (9)
		V05	V05:ei	V05:i		
			-	-		-
		V06	V06:øy	V06y		
			-	-		-
		V07	V07:ei	V07:e	V07:æ	
